

Talentutviklingsprosjekt for ungdom i vidaregåande skulealder

# 20 år med Bygda dansar

Av Siri Mæland, Celina Gallo,  
Sigurd Johan Heide, Sjur Viken og Ranveig Aas



Norsk senter for  
folkemusikk og folkedans

Rapport

20 år med Bygda dansar (2001–2021) – Talentutviklingsprosjekt for ungdom i vidaregåande skulealder

Av Siri Mæland (del 1),

Siri Mæland og Sigurd Johan Heide (del 2),

Siri Mæland, Celina Gallo, Sjur Viken og Ranveig Aas (del 3).

Korrektur: Aud Søyland.

ISBN 978-82-91419-32-9

2021

### **Framsidedfoto**

Meistermøy, sluttframsyninga til pilotprosjektet Fjordapuls, 2004. Eli-Johanne (Meistermøy) og Åsmund (Guten) dansar Halling frå Dalsfjorden saman med dei andre dansarane og muskarane i prosjektet. Regi: Leif Stinnerbom. Kostymar: Inger Stinnerbom.

Foto: Arne Stubhaug.

### **Baksidedfoto**

Informasjonsplakat og faldar til pilotprosjektet Fjordapuls, 2001. Mari Andrea Ness og Atle Hoff dansar med spelmann og lokal prosjektleiar Arne Sølvberg. Design: Ellen Røed.

Foto: Reiakvam.

# INNHALD

## INNLEIING

Om Norsk senter for folkemusikk og folkedans	4
Om Bygda dansar	4

## DEL 1- BYGDA DANSAR, EIN DEL AV EIT STØRRE OPPLÆRINGSFELT (2001–2021) – KUNNSKAP OM OG I FOLKEDANS

1.1 Folkedans som immateriell kulturarv	8
1.2 Profesjonelle utøvarar og profesjonelle scener	9
1.3 Regionalt arbeid – Regionale kompetansesenter, heilårsarrangørar og andre aktørar	10
1.4 Talentutvikling i system (for aldersgruppa ungdom / vidaregåande skule)	11
1.5 Høgskule- og universitetsutdanningar	12
1.6 Folkedans i grunnskulen, DKS, kulturskulen, museum og arkiv	13
1.7 Arbeid i organisasjonane, frivilligheita og tradisjonsmiljøa for folkedans	15
1.8 Stipend- og støtteordningar for folkedans	22
1.9 Oppsummering av folkedansformidlinga og opplæringsfeltet i perioden 2001-2021	22

## DEL 2 – PEDAGOGISK OG DANSEFAGLEG ARBEID I BYGDA DANSAR

2.1 Danseopplæringa - Faggrunnlaget bak	26
2.2 Danseopplæringa - Talentutvikling	35
2.3 Scenisk arbeid på tradisjonsdansen sine premiss	41
2.4 Dansearbeidet – sluttord omkring BD sin fagpedagogikk	50

## DEL 3 – RESULTAT AV DELTAKARUNDERSØKING FRÅ BYGDA DANSAR

3.1 Deltakarane og hovudaktivitetane i Bygda dansar	54
3.2 BD sitt fotavtrykk i dagens folkedanspraksis	63
3.3 Eit utvida folkedans- og folkemusikkmiljø, eitt fylke om gongen. Innsikt i BD si (ny)rekruttering	84
3.4 Diskusjon og samandrag av deltakarundersøkinga	97

## REFLEKSJON FRÅ BYGDA DANSAR

101

## REFERANSAR

102

## VEDLEGG 1

Sjå eige dokument

## VEDLEGG 2

104

## VEDLEGG 3

106

## VEDLEGG 4

107

# INNLEIING

Denne rapporten er ein del av ei omfattande Bygda dansar-evaluering. Hovudevalueringa og oppdraget med å evaluera Bygda dansar er utført av Telemarksforskning. Me viser til rapporten deira: *Pardans og halling. Evaluering av Bygda dansar* (Hjemdal 2021).

Denne rapporten, 20 år med Bygda dansar, er utført av Norsk senter for folkemusikk, eigar av prosjektet. Parallelt med og i tillegg til Telemarksforskning si evaluering ønskte me å kasta lys over Bygda dansar ytterlegare med tre utdjupande delar:

- DEL 1 Bygda dansar, ein del av eit større opplæringsfelt (2001–2021) – kunnskap om og i folkedans
- DEL 2 Pedagogisk og dansefagleg arbeid i Bygda dansar
- DEL 3 Resultat av Bygda dansar – deltakarundersøking

## OM NORSK SENTER FOR FOLKEMUSIKK OG FOLKEDANS

Hovudmålet for Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff) er å fremja, verna og føra vidare norske folkemusikk- og folkedanstradisjonar som eit uttrykk for kulturell identitet og som berar av særeigne kvalitetar. Bygda dansar rapporterer på eitt av fire delmål, Kvalitet og breidde i folkemusikk og folkedans: Arbeida for auka kunnskap om og forståing for norsk folkemusikk og folkedans, for betra utøving og for auka deltaking og interesse. Dei andre delmåla er *Samordna innsats, Sakkunnskap i offentleg forvaltning, Vitskapleg arbeid*.

Sff har sidan 2010 vore akkreditert som ein ikkje-statleg organisasjon (NGO) for UNESCO sin 2003-konvensjon om vern av immateriell kulturarv.<sup>1</sup> Staten Noreg ratifiserte konvensjonen i 2007. Akkrediteringa medfører at Sff har forplikta seg til å vera bidragsytar og rådgjevar i implementeringa av konvensjonen i Noreg (lokalt, regionalt og nasjonalt) og internasjonalt for sitt domene, folkemusikken og folkedansen.

## OM BYGDA DANSAR

Bygda dansar (BD) er eit ambulerande nasjonalt talentutviklingsprosjekt i folkedans, hovudsakleg retta mot ungdom frå 15 til 19 år (Kulturdepartementet, 2013).<sup>2</sup> Målsetjinga for prosjektet er formidling og vidareføring av norsk folkedans, og dessutan nyskapande scenepresentasjonar. Prosjektet vert gjennomført fylkesvis. Kvart delprosjekt går over tre år. Sidan 2001 har BD hatt i underkant av 650 deltakarar innom prosjektet, fordelt på tolv fylke, og har gjort folkedans og folkemusikk synleg ved å dansa med over 17 500 elevar gjennom skoleturnear. Kvart prosjekt har innehalde skuleturné, ei rekkje lokale øvingar, om lag tre helgesamlingar i halvåret, ei midtframsyning og ei sluttframsyning.

Det var eit overordna mål å unngå sentralisering, å fordela ressursane og å konsentrera satsinga. Den lokale tradisjonsdansen skulle vera grunnlaget og kjernen for satsinga. Difor vart prosjektet eit ambulerande prosjekt som flytta seg frå fylke til fylke. Målet har vore at to til fem av talenta i kvart prosjekt skal gå vidare og etablera seg som yrkesutøvande dansarar og pedagogar for å formidla den lokale tradisjonsdansen vidare til nye målgrupper og generasjonar (Bakka 2008).

BD er utvikla og drive av Norsk senter for folkemusikk og folkedans (Sff). Dei frivillige organisasjonane FolkOrg – Organisasjon for folkemusikk- og folkedans og Noregs Ungdomslag (NU) har vore støttespelarar og samarbeidspartar på både nasjonalt, regionalt og lokalt plan. Det er lokalmiljøet som søker Sff om å få eit prosjekt lagt til sitt fylke. Prosjektet er eit samarbeid med lokalmiljøet og organisasjonane FolkOrg og NU, men Sff har det faglege, pedagogiske, kunstnariske og administrative ansvaret for prosjekta. Sff tilset prosjektmedarbeidarar, folkedansarar og folke- musikarar til kvart prosjekt som har ansvaret for det organisatoriske og folkedansformidlinga. Sff bidreg også med fast stab til dansefagleg ansvarleg og arkiv- og musikkfagleg støtte.

1 Sjå nettsida: [www.ich.unesco.org](http://www.ich.unesco.org)

2 Dans i hele landet – Status, utfordringer og strategier for videre utvikling av profesjonell dans i Norge. Sjå strategien på nettsida: [www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kunstavdelingen/rapporter\\_utredninger/strategi\\_dans-i-hele-landet-2013.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kunstavdelingen/rapporter_utredninger/strategi_dans-i-hele-landet-2013.pdf)

## Starten på prosjektet

Folkedansprofessor Egil Bakka, dåverande direktør ved Sff hadde ideen og gjennomslagskrafta på riksplan for å få til det som vart det nasjonale folkedansprosjektet Bygda dansar. Dette skriv folkemusikaren og folkedansaren Arne Sølvberg frå Nordfjord, som sjølv hadde ei sentral rolle oppstartsfasa i å samla og overbevisa kulturmyndigheiter- og aktørar, politikarar og folkedansrøsla i Sogn og Fjordane om pilotprosjektet Fjordapuls. Ideen og den skriftlege utforminga av det som vart Bygda dansar starta i 1998 (Sølvberg, 2014). Ein såg med uro på at rekrutteringa til folkedansen var fallande. I prosjektsøknaden vert det peika på at det er særleg urovekkjande at det kjem til så få unge dansarar på høgt nivå. Det vart hevda at det vart rekruttert for få av dei gode førebileta til formidling i framtida. Det var naudsynt å utvikla dansarar til eit godt teknisk og kunstnarisk nivå (Sff/Rff-sentret, 2000). Ein hadde studietilbod gjennom «folkedansstudiet» som Sff dreiv for Noregs teknisk-naturvitskaplege universitet (NTNU), men ein ønskte seg også eit utdanningsløp på vidaregåande-skule-nivå. Det var ikkje mogleg å fordjupa seg i folkedans på danselinjene i den vidaregåande skulen, og det fanst ingen talentprosjekt for folkedans i landet. BD skulle vera ein måte å bøta på dette.

BD vart først finansierte frå Kulturrådet, seinare overført til Kulturdepartementet, og ei lita delfinansiering frå fylkeskommunen var føresetnaden for oppstart. Dei første åra var tilskotet frå Kulturråd og departement øyremærkt. Frå 2008 gjekk tilskotet inn i det generelle driftstilskotet til Sff frå Kulturdepartementet.

Det vart søkt om midlar til Bygda dansar i 2001, og prosjektet vart finansierte med grunnlag i hovudmålsettinga: *Ei ambulerande scene for opplæring av profesjonelle tradisjonsdansarar og for nyskapande scenepresentasjon*. Prosjektet hadde i tillegg meir spesifikke og målbare mål for delprosjekta.<sup>3</sup> Målsettingane var eit kompromiss mellom tre vilkår:

- Å oppfylle Kulturrådet sin standard for profesjonalitet og kunstnarisk kvalitet<sup>4</sup>
- Vareta Sff sitt eige hovudmål, å fremma, verna og vidareføra folkedans og folkemusikk ved å formidla kjernen i den norske folkedansstradisjonen: samværsdans, bygdedans og lokalt tradisjonsmangfald med basis i tradisjonsarkivet til Sff
- Å vera akseptable for den frivillige folkedansrøsla: å rekruttera og styrka samværsdansen lokalt.

Desse vilkåra gjorde ikkje berre finansieringa mogleg, men kombinasjonen reflekterte vidareføring og formidling av folkedansen på ein ny måte, no som talentutvikling inkludert scenisk folkedans.

Finansieringa til prosjektet skulle dekkja tre hovudressursar:

1. lokale utøvarar og instruktørar av tradisjonsdans og tradisjonsmusikk.
2. eit dansefagleg høgt kvalifisert undervisningspersonale i dans og særleg tradisjonsdans.
3. ei gruppe fagfolk frå teater- og scenedansmiljø.

Dei to første hovudressursane skulle sikra at folkedansen i rekrutteringa og talentutviklinga vart knytt til folkedansen som samværsdans. Med grunnlag i samværsdansen ville ein utvikla dansarar på eit høgt teknisk og kunstnarisk nivå til bruk i sceniske presentasjonar på den lokale tradisjonsdansen sine premisser.

BD vart reaktualisert då Noreg i 2007 ratifiserte UNESCO sin 2003-konvensjon om vern av immateriell kulturarv. BD vart no eit døme på at staten Noreg støtta eit immaterielt kulturarvstiltak. I Kulturrådet sin rapport *Immateriell kulturarv i Norge. En utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven* vart BD trekt fram som eit nasjonalt eksempel på vern: «Bygda dansar har som formål å styrke og vidareføra folkedansen som sosial samværs- og samhandlingsform, og å vise hvordan dansen kan gis ny synlighet og aktualitet gjennom scenekunst og som profesjon» (Strøm, 2010: 22).<sup>5</sup> BD har delt sine strategiar og metodar på nettsida *Safeguarding practices* for å skapa synergjar i den nordiske og baltiske regionen.<sup>6</sup>


3 Sjå Bygda dansar sine delmål: <https://www.bygdadansar.no/mlsetjing>

4 Kulturpolitikken i 2001 var å stimulera profesjonell kulturaktivitet. Amatørkulturen var ikkje lenger prioritert som kulturpolitisk mål (Kvarv, 2014).

5 Sjå utgreiinga: <https://www.kulturradet.no/documents/10157/a12b2499-0e89-4548-96f5-a63bacf843eb>

6 Sjå nettsida: <https://safeguardingpractices.com/good-practice/bygda-dansar-safeguarding-traditional-dancing/>

## Oversikt over gjennomførte og pågående prosjekt i Bygda dansar 2001–2021:



# DEL 1 – BYGDA DANSAR, EIN DEL AV EIT STØRRE OPPLÆRINGSFELT (2001–2021) – KUNNSKAP OM OG I FOLKEDANS

Bygda dansar (BD) har alltid samverka med og vore ein del av folkedansmiljøet og folkedansopplæringa i Noreg. I denne delen av rapporten ønskjer me å gje ei skisse av korleis folkedansfeltet har sett ut i dei 20 åra BD har eksistert, frå 2001 til 2021, korleis den formelle, ikkje-formelle og uformelle læringa har gått føre seg: om opplæring lokalt, i frivillige organisasjonar, gjennom talentutvikling og utdanning.<sup>7</sup>

Rapporten *Dansearven. Utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet* (Bjerkem, 2013) har grundig greidd ut om statusen til folkedansformidlinga og folkedansinga i perioden 2001–2011.<sup>8</sup> Me lener oss på og viser til rapporten for denne tidsperioden. Rapporten du les no, tek derimot ikkje mål av seg til å behandla dette området like grundig for perioden 2011–2021.

Me treng heile feltet, frå breidde til topp. Me ønskjer å sjå korleis BD har plassert seg og samverka i dette feltet i fortid og notid. For BD er det viktig i den evalueringsprosessen me er i gang med, men me håpar at rapporten også kan vera nyttig for alle som er opptekne av folkedansopplæringa i Noreg.

I arbeidet med denne rapporten vart det klart at folkedansformidlinga er mangfaldig, med mange aktørar, noko me også fekk indikasjon på då det halvårlege møtet i folkedans i september 2020 ønskte å laga ei oversikt over folkedansaktiviteten i landet, i samband med førearbeid til innspel til statens strategi for folkemusikk og folkedans. Dette betyr at det er omfattande å både henta inn tilgjengeleg talmateriale, men også at talmateriale vantar og somme gonger er ei undersøking i seg sjølv.

Me har hatt god hjelp frå fleire aktørar, og ikkje minst tilsette i NU og FolkOrg sentralt.

Me har ikkje hatt moglegheit til å gjera all talinnhenting me ønskte oss, med dei ressursane me har hatt tilgjengeleg i dette arbeidet. Dette er likevel eit behov. Eit betre talgrunnlag og statistikk kan bli eit godt arbeidsverktøy når me skal arbeida vidare med å løfta folkedansen. Skal me få ei oversikt over folkedansaktiviteten og utviklinga i folkedansformidling og rekruttering, trengst det eit systematisk årleg arbeid frå ulike aktørar samla i ei felles statistisk oversikt. I tillegg veit me at folkedansaktivitet også skjer i uformelle samanhengar som ikkje alltid lar seg fanga statistisk. Sjølv om desse ikkje kan talfestast, bør ein prøva å fanga opp også slike aktivitetar og arenaer.

## Kva er forskjellig i 2001, 2011 og 2021?

I framstillinga nedanfor tek me utgangspunkt i åra 2001, 2011 og 2021. Me vil gje ei lita statusoppdatering av kva som har skjedd rundt desse åra, og dermed bidra til eit oversyn over dei viktigaste trendane i formidlinga og dansinga i perioden 2001–2021.

Me startar framstillinga med folkedans som immateriell kulturarv, der UNESCOs 2003-konvensjon om immateriell kulturarv er referanseramma. Folkedansen er samværsdans og tradisjonskultur, men i dagens tradisjonsforvaltning høyrer også profesjonalisering med. Me fortset difor framstillinga med eit kort innblikk i profesjonaliseringa av folkedansen som har gått føre seg frå 2001 til 2021. Me ser på BD og parallelle talentutviklingsprosjekt, det formelle utdanningssystemet, Den kulturelle skulesekken (DKS) og kulturskulen. Til sist og med meir detaljert merksemd ser me på folkedansformidlinga som er forvalta av dei frivillige organisasjonane i Noreg: NU og FolkOrg. I UNESCO sin 2003-konvensjon vert utøvarane framheva som forvaltarar av tradisjonen, og at det blir understreka at det er dei immaterielle kulturuttrykka som lokalsamfunn, grupper eller individ peikar på, som skal vernast.

7 Det er vanleg å skilja mellom ulike nivå av læring. Formell læring viser til utdanningsinstitusjonar som gjev formalkompetanse. Ikkje-formell utdanning viser til kurs og systematisk opplæring utan å gje formell kompetanse. Uformell læring viser til læring som går føre seg heime, blant venner, på dansegolvet eller i andre samanhengar.

8 Sjå utgreiinga: <https://static1.squarespace.com/static/5ab37701aa49a1d3646b7f02/t/5ad5a69b-562fa780703a2840/1523951267444/DansearvenWEB.pdf>

Tradisjonsberarane, danseutøvarane og tradisjons-samfunna for folkedansen er hovudsakleg organiserte som lekkar i organisasjonsbygginga i Noreg. NU og FolkOrg er dei to store paraply-organisasjonane for denne organiseringa. Det er i desse organisasjonane BD først og fremst har forankra samarbeidet både på nasjonalt og regionalt plan.

## 1.1 FOLKEDANS SOM IMMATERIELL KULTURARV

I 2001 var både staten Noreg som del av FN og dåverande direktør ved Sff, Egil Bakka, som del av den internasjonale NGO-en International Council for Traditional Music, informerte om og med i diskursen i UNESCO om vern<sup>9</sup> og anerkjenning av funksjonen og verdiane knytte til levande kulturelle uttrykk og praksisar.<sup>10</sup> UNESCO-systemet hadde jobba for dette i lang tid, og det var konkludert med at ein bindande internasjonal konvensjon trongst for å få til varig vern av immateriell kulturarv, kulturmangfaldet i verda.<sup>11</sup> I 2001 vart dei første kandidatura til meistersverka i *menneskeheita sin munnlege og immaterielle kulturarv* godkjende av UNESCO. Kwart medlemsland kunne føreslå eitt meistersverk kvart andre år. Sff jobba opp mot kulturmyndigheitene i Noreg om å føreslå bygdedansen i Noreg som meistersverk, ein dansetradisjon som framleis vart tradert frå éin generasjon til den neste. Sff argumenterte med kor viktig det var å gje denne tradisjonen merksemd, fordi traderinga av han lokalt i Noreg stod i fare.

UNESCOs konvensjon om vern av immateriell kulturarv hadde sett dagens lys i 2003 og var blitt ratifisert av staten Noreg i 2007 med bakgrunn i ein stortingsproposisjon (St.prp. nr. 73, 2005-2006).<sup>12</sup> UNESCO hadde avslutta godkjenninga av meistersverka i 2005, og desse vart innskrivne på den representative lista. UNESCO ønskte ein annan type vern. Listeføring til representativ liste og liste over sterkt trua kulturuttrykk var mekanismane i konvensjonen, og konvensjonen la også opp til eit

register over gode vernepraksisar. Staten Noreg uttrykte skepsis til listeføringa for Noregs del. Sff hadde i 2010 blitt akkreditert av UNESCO som NGO for konvensjonen. I utgreiinga om folkedansen på 2000-talet som Bjerkem (2013) førte i pennen, poengterte ein at folkedansen trong vern gjennom bruk, og at den immaterielle kunnskapen er forvalta av danseutøvarane, som hovudsakleg er organiserte NU og FolkOrg. Konvensjonen forpliktar også staten Noreg å fremma etablering av og styrka forskning, formell og ikkje-formell utdanning på og i immateriell kulturarv (artikkel 13 og 14). I rapporten til Bjerkem brukte ein konvensjonen instrumentelt for å prøva å auka løyvingane til seks tiltak som er naudsynte for å bevare folkedansen i Noreg: listeføring, støtte til lokale dansegrupper til djup læring, vidareutvikling av BD, opning av støtteordningar for folkedansen, utvikling av folkedans som kunstfelt og utvikling av dansehus.

I 2021 har det skjedd tre spennande og lovande ting som er baserte i konvensjonen, og som kan få langvarige verknader for miljøet, folkedansen inkludert, dersom dei vert følgt opp:

- Noreg har fått sitt første element skrive inn på UNESCOs representative liste over immateriell kulturarv: *Spel, dans, kveding og stevjing i Setesdal* vart innskrive i 2019. Setesdal spelemannslag stod i bresjen for innskrivinga, og i arbeidet etablerte dei eit breitt samarbeid og nettverk med mellom andre lokale utøvarar, museum, arkiv, skular og kommunar, der Sff gav råd i og følgde opp søknadsarbeidet og jobba tett opp mot Kulturrådet. Som konsekvens av innskrivinga har Agder fylkeskommune initiert eit 3-årig prosjekt med oppstart i januar 2021 som har fått namnet Setesdalsfolk (UNESCO Setesdal): «Hovedoppgava vil være å gjøre en målretta og systematisk innsats for å ta vare på og stimulere bruken av tradisjonell musikk, dans og kveding i Setesdal. Det er behov for et stort og mangfoldig arbeid i regionen, der kunnskap og bruk når breiere ut til flere. Arbeidet skjer i samarbeid med relevante aktører i og utenfor Setesdal, på tvers av miljøer og på flere plan.»<sup>13</sup>

9 Det engelske ordet er safeguarding. I dette omgrepet ligg det vern for å sikra livskraft, vern gjennom bruk, som også ligg i det norske omgrepet handlingsboren kunnskap.

10 Sjå nettsida: <https://ich.unesco.org/en/proclamation-of-masterpieces-00103>

11 Sjå nettsida: <https://ich.unesco.org/en/2000-onwards-00310>

12 Sjå proposisjonen: <https://unesco.no/wp-content/uploads/2012/12/UNESCOs-konvensjon-av-2003-om-vern-av-den-immaterielle-kulturarven.pdf>

13 Sjå nettsida: <https://agderfk.no/aktuelt/annbjorg-lien-blir-prosjektleder-for-unesco-setesdal.28677.aspx>



Arbeidet i Setesdal vil ikkje nødvendigvis berre få ringverknadar i Setesdal, men i heile folkemusikk- og folkedansmiljøet som ein pilot på korleis ratifiseringa av UNESCO-konvensjonen må få følgjer for vern av tradisjonane.

- Kulturmeldinga 2019, *Kulturens kraft. Kulturpolitikk for framtida*, vart vedteken i Stortinget etter innstillinga. Eitt av dei ti overordna måla for kulturpolitikken i 2021 er å ta vare på og formidle kulturarv, både immateriell og materiell kulturarv (Meld. St. 8., 2018–2019).<sup>14</sup> I 2021 ser me dette punktet att i stortingsmeldingar som enno ikkje er behandla i Stortinget og som omhandlar DKS, kulturskulen og musea. Me finn også vektlegginga av kulturarv att i dei nye læreplanane for skulen. Me vil gjere greie for desse meldingane og planane i framstillinga under.
- Miljøet ventar på ein strategi for folkemusikk og folkedans med utgangspunkt i miljøet sine egne høyringsinnspel og Kulturmeldinga 2019. Strategien vart initiert av Kulturdepartementet i 2020 for å sjå på problemstillingar, verkmiddel og tiltak: «Strategien vil tydeliggjøre statens ansvar og oppgaver på feltet, og skissere virkemidler som kan bidra til bedre måloppnåelse. Staten har et særskilt ansvar for å ivareta de tradisjonsbærende kulturuttrykkene, fordi dette er en del av vår felles kulturarv. Strategien vil ta utgangspunkt i den tradisjonelle folkemusikken og folkedansen, og samtidig berøre hvordan uttrykkene påvirkes av andre sjangre, tiden vi lever i og samfunnets demografiske utvikling.»<sup>15</sup>

Listeføringa og strategien peiker framover. La oss sjå kva som har skjedd på dei andre områda som Bjerkem (2013) omtaler.

## 1.2 PROFESJONELLE UTØVARAR OG PROFESJONELLE SCENER

I 2001 hadde Noreg ingen profesjonelle dansekompani, men nokre få utvikla sceniske framsyningar og / eller dansa i profesjonelle samanhengar. Martin Myhr vert trekt fram som ein pioner på dette feltet (Bjerkem, 2013). Det var også fleire danseinstruktørar som hadde inntekt av verksemda si. Sjølv om Noreg i 2001 ikkje hadde ei scene for profesjonell folkedansformidling, har framføringsspraksisen på kappleik også for dansen tradisjon tilbake til slutten av 1800-talet. I 2001 var kappdans i bygdedans på nasjonale og lokale kappleikar og framsyningskappleik for folkedanslag kor fleire folkedansformer var inkludert, vel etablert. Folkedanslag heldt folkedansframsyningar for publikum i inn- og utland. Dette var miljø og røynsler som profesjonaliseringa var bygd på; I 2001 var festivalar som Jørn Hilme-stemnet og Førdefestivalen i startgropa med den sceniske folkedanssatsinga si. Folkedansteatret med utgangspunkt i BUL i Oslo med Kjell og Sigurd Klausen var derimot etablert og fekk nasjonal merksemd med oppsettinga *Haugtussa*. Mykje av inspirasjonen fekk dei frå Leif Stinnerbom, instruktør og teatersjef på Västanå teater i Sverige (Bjerkem, 2013). Dei var ikkje dei einaste. Stinnerbom var heilt avgjerande og ein sentral inspirasjon for nyorienteringa av scenisk presentasjon som skjedde i Noreg i åra før og etter 2001. I 2005 fekk han då òg prisen for folkemusikk og folkedans (dåverande Rff-prisen) for ein tung og banebrytande innsats for norsk folkedans og folkemusikk i Noreg.<sup>16</sup>

I 2011 var Riksscenen godt etablert. Riksscenen – riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans – vart skipa som stifting 16. mars 2007. I 2011 fekk Riksscenen eit ekstra tilskot på statsbudsjettet på 0,4 mill. kroner som bidrag til arbeidet med formidling av tradisjonsbevarande og nyskapande folkedans, og i 2013 vart Riksscenen framheva i Kulturdepartementet sin strategi for vidare utvikling av profesjonell dans i Noreg:

14 Sjå Kulturmeldinga 2019: <https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nn-no/pdfs/stm201820190008000dddpdfs.pdf>

15 Sjå nettsida for strategien: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/strategi-for-folkemusikk-og-folkedans/id2705425/>

16 Sjå nettsida: <https://www.folkemusikkogfolkedans.no/rffprisen/2018/4/16/k6ck3et2k8djb2ktgu6wbjwmlcmdz#:~:text=R%C3%A5det%20for%20folkemusikk%20og%20folkedans,norsk%20folkemusikk%20og%2Feller%20folkedans.>

«Det er viktig å bygge vidare på Riksscenen rolle som møtested for ulike miljø på tvers av kulturuttrykk og generasjoner. Det er behov for å styrke arbeidet med formidling av tradisjonsbevarande og nyskapende folkedans ytterligere» (Kulturdepartementet, 2013).<sup>17</sup> Sidan 2014 har Riksscenen vore ein arena for scenisk kompetanseutvikling retta mot utøvarar i etableringsfasen gjennom samlingar dei kallar Folk Sessions. I 2015–2016 satsa dei særskilt på folkedansen.<sup>18</sup> Fleire folkemusikkfestivalar var både medskaparar av, og hadde årleg minst ei scenisk folkedansframsyning på programmet sitt.

I 2011 hadde FRIKAR dansekompani stifta av Hallgrim Hansegård halde på sidan 2006 med framsyningar som *Laus* og *Kruk*. Dei var blitt kjende i Noreg gjennom TV-programmet Norske talenter i 2008, der dei kom til finalen, og gjennom dataspelet Age of Conan. I 2009 deltok og turnerte dei i eitt år med dansekoreografi til songen som vann Eurovision Song Contest same året, Alexander Rybak sin song «Fairytale». På fem år hadde FRIKAR spelt i 29 land, nådd over 100 millionar på YouTube og sett publikumsrekord for dans hjå Riksteatret. Sigurd Johan Heide hadde i 2010 blitt Noregs første utdanna i koreograf med folkedansbakgrunn og stifta kompaniet sitt Kartellet i 2012. Silje Onstad Hålien vart første kvinnelege A-klassedansar i 2011, ho dansa i FRIKAR og var ein av medetablerarane av kompaniet Villniss i 2014. I 2011 var også prøveordninga med Noregs første bachelorgrad i utøvande folkedans godt i gang, eit samarbeid mellom Sff, Ole Bull Akademiet (OBA) og NTNU. I 2012 vart Mathilde Øverland, Torill Steinjord, Anna Gjendem og Inga Myhr uteksaminerte som Noregs første med bachelorgrad i utøvande folkedans (Mæland, 2014).

I 2021 er den sceniske folkedansen etablert på Riksscenen, på den nyetablerte landsdelsscena for dans på Ål, Sprang,<sup>19</sup> i Fjelltdansen – regionalt kompetansesenter for dans,<sup>20</sup> på folkemusikkfestivalane og på Folkelarm. Dei profesjonelle heiltids folkedansarane har kome over ti-talet, mange av dei er formelt utdanna. Mange profesjonelle framsyningar har blitt laga også utanfor dei tre sceniske folkedanskompania som har fått nasjonal merksemd: FRIKAR, Kartellet og Villniss.

Dei profesjonelle utøvarane driv dessutan opplæring og formidling til barn og unge gjennom DKS, kulturskule og liknande. Hildur dansekompani har etablert seg i skjeringfeltet mellom sceneproduksjonar og formidling.<sup>21</sup>

Spørsmålet er likevel om Bjerkem sine ord framleis gjeld for 2021 også for dei programmerande scenene: «Vi ser altså at det ofte er ei eller to danseframsyningar på festivalane, men trass i at det er mye dans på festivalane, har ingen av festivalane spesialisert seg i å produsere danseframsyningar i stor skala. Det er ei til to danseframsyningar og 20–60 musikkframsyningar kvart år» (Bjerkem, 2013: 34). Ane Roggen, kunstnarisk og dagleg leiar på Riksscenen, uttaler i ein artikkel om folkedansen i krise: «Danseprosjekt kan gjerne bre seg ut i tid som skapende prosesser, og bre seg ut økonomisk. Så det vil ikke bli det samme volumet. Det vil ikke bli kveld etter kveld med nye danseproduksjoner på Riksscenen. Da ville vi ikke hatt et program resten av året» (Klausen 2020: 36).

### 1.3 REGIONALT ARBEID – REGIONALE KOMPETANSESENTER, HEILÅRSARRANGØRAR OG ANDRE AKTØRAR

I 2011 skriv Bjerkem at det finst regionale senter for folkemusikk, men kva då med dansen? Han reknar opp seks aktørar (Bjerkem, 2013: 33).

I 2021 jobbar FolkOrg for at alle folkemusikkarangørar skal bli formelle medlemmar av organisasjonen. Dei ønskjer at denne organiseringa gradvis skal ta over for nettverket for folkemusikkarrangørar som dei etablerte i 2014. Det er registrert 42 folkemusikkarrangørar i nettverket, 18 av desse er festivalar, 23 av dei er heilårsarrangørar + 1 folkemusikksenter (heilårsarrangør). Det er ikkje gjort ei systematisk gransking av kor mange av desse som aktivt driv med folkedans.

17 Sjå utgreiinga: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/dans-i-hele-landet/id714435/>

18 Sjå nettsida: <https://www.riksscenen.no/folk-sessions.403539.no.html>

19 Sjå nettsida: <https://www.aal.kulturhus.no/sprang/>

20 Sjå nettsida: <http://www.frikar.com/no/regionalt-kompetansesenter/fjelltdansen/>

21 Dei to dansarane, Mathilde Øverland og Anna Gjendem i Hildur dansekompani er tidlegare deltakarar i Bygda dansar-prosjektet Snu nordvest (2004-2007) som vart uteksaminerte frå NTNU med ein bachelorgrad i utøvande tradisjonsdans i 2012.

FolkOrg har også arrangert Folkelarm sidan 2005. Hovudmålet med Folkelarm er å marknadsføra folkemusikkartistar, folkedansarar inkludert. Her kan artistar melda seg på med showcase i form av konsertar, framsyningar eller dansespel. Folkelarm arrangerer i tillegg dansefest på kvelden.<sup>22</sup>

I 2021 veit me at iallfall følgjande regionale kompetansesenter og heilårsarrangørar arbeider aktivt for folkedansen ut over det å vera arrangørar:

- Riksscenen – riksscene for nasjonal og internasjonal folkemusikk, joik og folkedans
- Folkemusikk Nord er eit kompetansesenter for folkemusikk og folkedans i Nord-Noreg. Dei har hatt mykje å seia for dansen i Troms: både DKS, turnear, prosjekt og støtte til Kartellet og fleire.
- Midtnorsk senter for folkemusikk og folkedans arbeider for å styrka og vidareutvikla miljøet og alle former for formidling av folkemusikken og folkedansen i Trøndelag.
- Hardingfela.no. Dansesatsinga til Hardingfela.no, Folkedans i Hordaland, har som mål å styrka vilkåra for tradisjonsdansen i Hordaland.
- Valdres Folkemusikkarrangement AS driv Strunkeveko, sommarkurs for ungdom og Jørn Hilme-stemnet, den eldste folkemusikkfestivalen i Noreg. Desse har vore pådrivarar for folkedansen på 2000-talet.
- Fjelltdansen, eit regionalt kompetansesenter for dans i Valdres og Hallingdal, drifta av FRIKAR i samarbeid med Teater Innlandet og Landsdelsscene for dans.
- Sprang, Landsdelsscene for dans i Ål, ei produksjons- og visningsscene der dei skal fremje dans generelt, og folkedans spesielt.

## 1.4 TALENTUTVIKLING I SYSTEM (FOR ALDERSGRUPPA UNGDOM / VIDEREGÅANDE SKULE)

I 2001 kunne ein ikkje fordjupa seg i folkedans på vidaregåande skule og folkehøgskule. Talentutvikling som vart gjennomført på fritida, vart difor løysinga: I 2001 starta det 3-årige ambulerande prosjektet BD opp med talentutvikling og arbeid mot scenisk presentasjon av folkedans retta mot elevar i den vidaregåande skulen.<sup>23</sup>

I 2011 hadde folkedansarane hatt sitt tilbod på Manger folkehøgskule sidan 2006, og dei kunne søkja om å vera ein del av talentsatsinga i det som seinare vart heitande FRIKAR-Akademiet. FRIKAR-Akademiet starta i 2008.<sup>24</sup> Men allereie i 2004 var eit anna talentprosjekt sett i gang i NU med eksterne prosjektmidlar, Sans for dans. Prosjektet vart gjennomført / hadde framsyningane sine i 2004, 2006, 2009, 2012 og 2014.<sup>25</sup> Om lag ti dansarar frå heile landet vart plukka ut for kvart prosjekt, ut frå dansekvalitet (Kløvstad, 2021). I åra mellom 2011 og 2021 vart folkedanslinja på Manger avslutta. Sans for dans hadde si siste prosjektfinsiering i 2014, men FRIKAR-Akademiet, som starta å undervise born og ungdom i 2008, held framleis på. Det var forsøk med Toppidrett FRIKAR på Valdres vidaregåande skule (2016–2019), og dei seinare åra har elevar ved landslinja på Vinstra vidaregåande kunna hatt folkedans som hovudinstrument. Me ser at fleire ungdommar som har ønskt fordjuping, har delteke på fleire av desse arenaene og har nytta seg av desse tilboda anten før, i løpet av eller etter prosjektperioden til BD. Hausten 2020 vart folkedans valfag gjeve på Harstad Folkehøgskole som eit samarbeid mellom BD, Troms Ungdomsfylking og Folkemusikk Nord.

22 Sjå nettsida: <https://www.folkelarm.no/>

23 Ungdomsringar med tre til fem samlingar i året vart av fleire fylkeslag i NU etablerte utover på 1990-talet fordi ein såg at det vart vanskelegare å rekruttere ungdommar til danseøvingane (Bjerkem, 2013: 20). Desse kan også sjåast på som ei satsing på dansefordjuping for ungdom. Dei vert omtala under hovudkapittelet: Arbeid i organisasjonane, frivilligheita og tradisjonsmiljøa for folkedans

24 Dei fyrste talenta var Ådne Kolbjørnshus, Anita Vika Langødegård, Bibbi Blomlie, Eirik Luksengard Fuglesteg, Margit Myhr og Vetle Springgard. Dei tre førstnemnde var rekrutterte til miljøet av og som del av Bygda dansar-prosjektet Lea de (2007–2010), og dei tre sistnemnde frå og som del av barne- og ungdomsmiljøet i Hugnad Ungdomslag med Martin Myhr og Gunnlaug Lien Myhr som instruktørar. Alle desse seks er i dag sentrale folkedansutøvarar.

25 Prosjektet i 2012 var del av eit nordisk sans for dans, medan prosjektet i 2014 produserte dansefilmar.

I 2021 har ingen elevar folkedans som fordjuping i den vidaregåande skulen, men Setesdal Folkehøgskule har oppretta linja *Folkemusikk* der folkedansen er inkludert, og håper på oppstart hausten 2021.

FRIKAR-Akademiet har midlar frå Talent Norge gjennom FRIKAR X til å fortsetja med talent-satsinga ut året 2023, og dei arrangerer kompetansehevande verkstader for profesjonelle og framtidige profesjonelle dansarar.<sup>26</sup> FRIKAR X har vore ei eiga eining innanfor FRIKAR sidan 2017 og var den første satsinga til Talent Norge i det frie dansefeltet. Talentutviklingsprogrammet skal vera ei allsidig førebuing av folkedansarar for eit yrkesliv, samstundes som bevegelseskunstnarar med bachelor frå andre sjantrar får opplæring i folkedans. Slik forsøker FRIKAR X å forsyna marknaden med profesjonelle folkedansarar frå ulike miljø. Talenta følger programmet i tre år.

I 2020 var det planlagt satsing på den sceniske folkedansen på Folkelarm, i samarbeid med og parallelt med Riksscenen si eiga satsing, men korona-pandemien har utsett satsinga for begge partar.

For Bygda dansar sin del var 2001 startskotet, og me starta med eitt 3-årig prosjekt om gongen for målgruppa 15 til 19 år. I 2011 hadde Bygda dansar parallelle prosjekt i tre fylke. Frå 2009 til og med 2014 vart det starta opp eitt nytt prosjekt kvart år. På grunn av manglande meirfinansiering vart prosjektet nedskalert til to parallelle fylke frå og med 2015. Det vart difor ikkje sett i gang eit nytt prosjekt i 2015.

I 2021 har BD gjennomført elleve 3-årige prosjekt i ulike delar av landet og står midt i gjennomføringa av det tolvte, Bygda dansar Hordaland. Finansiering er årsaka til redusert framdrift for prosjektet – frå 2008 har ikkje prosjektet fått tilført auka midlar frå Kulturdepartementet, og med auka lønnsvekst og profesjonalisering med både fast tilsette, regionale folkemusikk- og folkedansaktørar og teater- og scenefolk er turnear, øvingar og utviklinga av sjølv framsyninga/sceneoppsettinga blitt meir kostnadskrevjande.

## 1.5 HØGSKULE- OG UNIVERSITETS-UTDANNINGAR

I 2001 kunne ein ta «folkedansstudiet» som eit samlingsbasert studietilbod med tre 10-vekttalsemne som til saman utgjorde det som heitte mellomfag, frå 2003 bachelorgrad i dansevitenskap med fordjuping i folkedans. Studietilbodet, som byrja med 10-vekttalsemnet tradisjonskunnskap i 1989, vart drive av Sff gjennom NTNU. I 2001 kunne lærarar vidare læra seg folkedansmetodikk gjennom det nystarta vidareutdanningskurset innføring i norsk folkedans (10 vt/30 stp) ved NTNU VIDERE, også dette drive av Sff. Bakgrunnen for at NTNU kunne tilby dansestudia, var at universitetet hadde den einaste tilsette professoren i folkedans i landet, Egil Bakka, som også var direktør ved Sff, og som var hovudansvarleg for forskning, forskingsformidling og produserte læremiddel i samarbeid med tilsette ved Sff. Lærarstudentar, spesielt innanfor musikkutdanningar i Noreg, har frå 1977 hatt tilbod om ei veker innføring i folkemusikk og folkedans ved Ole Bull Akademiet på Voss (OBA).

I 2011 dreiv Sff folkedanstilbodet for NTNU, både bachelor i utøvande tradisjonsdans og bachelor i dansevitenskap med fordjuping i folkedans.<sup>27</sup> Ein kunne ta vidareutdanningskurs for lærarar i folkedans eller fordjupa seg i danseteknikk i emnet norsk folkeleg dans. I 2013 vart begge bachelorstudia lagde ned av universitetspolitiske grunnar. I 2016–2017 var det også slutt på alle vidareutdanningskurs i folkedans ved NTNU, med nye NOKUT-forskrifter og endringar i studiepoengfinansieringa. Samverknaden og synergieffektane mellom NTNU og Sff vart færre. Det hadde årsak både i at NTNU skulle straumlinjeformast, at Bakka gjekk av med pensjon ved Sff i 2013, og at ein dermed var utan førstekompetanse på folkedans i seks år.

I 2021 ser me at kompetanse og samarbeidsformer skiftar med skiftande medarbeidarar. I 2019 hadde Sff igjen fått førstekompetanse på folkedans då Siri Mæland tok doktorgrad i folkedans, den første i sitt slag i Noreg. I 2020 akkrediterte Universitetet i Sørøst-Noreg (USN) ei treårig bachelorutdanning i folkedans med Sff som samarbeidspart.

26 Sjå nettsida: <http://www.frikar.com/no/regionalt-kompetansesenter/fjellansen/>

27 I åra frå 2009-2012 var det ei prøveordning med bachelor i utøvande tradisjonsdans, eit samarbeid mellom Ole Bull-Akademiet, Sff og NTNU. Berre eitt kull fekk ta del i utdanninga.

Det er uvisst når oppstarten blir, sidan studiet manglar finansiering. I 2021 har det også synt seg mogleg for dansarar frå folkedansfeltet å studera på andre danseutdanningar, og det har dessutan blitt mogleg å fordjupa seg i folkedans som hovudinstrument ved Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk på Campus Rauland, USN. Ingen av desse utdanningane har likevel folkedansen som hovudaktiviteten på studiet.

På mastergradsnivå har choreomundus, ein internasjonal master i dansekunne, praksis og kulturarv, vore etablert sidan 2012 med NTNU som eitt av fire partneruniversitet, og Sff som assosiert partner.<sup>28</sup> Ein kan ta nordisk master i dans ved NTNU, som ein har kunna sidan 2004, eller ein kan ta master i tradisjonskunst ved USN. Det er derimot vanskeleg å rekruttera studentar frå folkedansfeltet til master når grunnutdanninga manglar. Kursa ved OBA, som ei stund var trua på grunn av nye reglar for sjølvfinansiering for studentar, fekk auka midlane sine, og vekeskursa held fram.

## 1.6 FOLKEDANS I GRUNNSKULEN, DKS, KULTURSKULEN, MUSEUM OG ARKIV

### Læreplanar

I 2001 var Reform 97 for barne- og ungdomsskulen gjennomført. I denne læreplanen var dansen generelt og folkedansen spesielt grundig løfta fram, særskilt i musikkfaget, men også i kroppøvfaget (Nordaker, 2009). Som ein konsekvens vart folkedans obligatorisk i skulen, og ein opplevde ein stor pågang frå lærarar til vekeskursa ved OBA og Sff/NTNU sine vidareutdanningskurs for lærarar. Reform-94 var gjeldande for den vidaregåande skulen. Og som tidlegare omtala kunne ein ikkje fordjupa seg i folkedans på danselinjene. Fordjupinga var berre for den sceniske kanonen: klassisk ballett, jazz, moderne og samtidsdans. Folkedansen var likevel inne som eit lite fagområde.

I 2011 var Kunnskapsløftet 2006 ein realitet. Her vart dansen igjen marginalisert (Nordaker, 2009), sjølv om dansen hadde ein solid posisjon i den formelle læreplanen i kroppøvfaget vart dansen nærast flytta ut av musikkfaget. Det som elles prega

Kunnskapsløftet, var vektlegginga av grunnleggjande ferdigheiter og kompetanse. Dei immaterielle, estetiske og handlingsborne kunnskapsområda var ikkje ein del av vektlegginga. Dermed opplevde me ein nedgang i interessa frå lærarane når det gjaldt fordjuping i folkedans.

I 2021 er Kunnskapsløftet 2020 med *Fagfornyelsen*, ei fullstendig revidering av læreplanane for barne- og ungdomsskulen og den vidaregåande skulen, i siste steg med implementering. I grunnskulen er dansen igjen mest knytt til musikkfaget, men berre folkemusikk som omgrep vert nemnt i planen. Ordet folkedans er ikkje nemnt med eitt ord. I generell del og på overordna nivå verdset og stadfestar ein likevel kulturarv, immaterielle og estetiske kunnskapsområde i større grad enn i førre plan. Det vert spennande å sjå om det fører folkedansen attende i skulen. Også læreplanane på danselinjene i den vidaregåande skulen er endra. For første gong er planane sjangerfrie.<sup>29</sup> Kan dette på sikt føra til at ein kan fordjupa seg i folkedans ved danselinjene i den vidaregåande skulen?

«For at folkemusikken og folkedansen skal kunne eksistere i framtida, er utdanning staten sitt sterkaste kort. (...) For å sikre rekruttering og kjennskap til tradisjonane, trengs det gode høve til å lære – i barnehage og kulturskole, men òg i grunnskole og vidaregåande og høgre opplæring – heilt opp til doktorgradar og postdoktorstillingar.» Dette skriv representantskapet hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans til Kulturdepartementet i ei felles uttale om statleg strategi for folkemusikk og folkedans 2020.<sup>30</sup>

### Frå Rikskonsertane til DKS og Kulturtanken

I 2001 sikra Rikskonsertane skulekonserttilbod med profesjonelle aktørar til alle skular i landet. Men i 2001 vart avtalane underskrivne til det som i 2004 vart etablering av Den kulturelle skulesekken (DKS) i alle kommunar. DKS skulle sikra likeverd mellom nasjonale aktørar på kulturfeltet inkludert Rikskonsertane, og fylka og kommunane.<sup>31</sup> Med DKS vart eit breiare tilbod enn skulekonsertar ein del av borna sitt kulturtilbod i skulen. Kulturtanken vart etablert i

28 Sjå nettsida: <https://www.ntnu.edu/studies/choreomundus>

29 Sjå læreplanverket: <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/lareplanverket/>

30 Sjå høyringsinnspelet s. 24: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/strategi-for-folkemusikk-og-folkedans/id2705425/>

31 Sjå nettsida: [https://issuu.com/kulturtanken/docs/for\\_barn\\_og\\_unge\\_issuu](https://issuu.com/kulturtanken/docs/for_barn_og_unge_issuu)

2016, med utvida mandat frå tidlegare Rikskonsertane, for å vareta det nasjonale ansvaret for DKS.<sup>32</sup> I 2021 står det på nettsidene deira: «Kulturtilbudet skal være av høy kvalitet, og vise hele bredden av de seks kulturuttrykkene: film, kulturarv, litteratur, musikk, scenekunst og visuell kunst.»<sup>33</sup> DKS har mogeleggjort folkedansformidling frå folkedansutøvarar i skulen. Utan at me kan talfesta påstandane frå sentrale aktørar, vert det sagt at det har vore ein auke i folkedansaktivitet i DKS dei seinare åra, og at folkedanstilbodet er eit svært populært gjentakande tilbod i enkelte fylke. Tal-materiale bør hentast inn.

I 2021 kom barne- og ungdomskulturmeldinga der det vert påpeika at DKS skal «vere eit samarbeid mellom kultursektoren og utdanningssektoren på alle nivå for å sikre god planlegging, forankring og tilrettelegging» (Meld. St. 18, 2020–2021: 151). Når også profesjonelle aktørar vert bytte ut med omgrepet «av høg kvalitet», og ein peikar på at DKS skal formidla eit kulturelt mangfald av tilbod og utøvarar, kan det lova godt for formidling av immateriell kulturarv og samarbeid med tradisjonsberarane og tradisjonsmiljøa lokalt.<sup>34</sup>

### **Kulturskulen**

Etter det me kjenner til, har det berre blitt gjort éi undersøking av kulturskuletilbodet i folkemusikk og folkedans (Aksdal, 2008). For folkedansen var undersøkinga nedslåande. Berre 4,4 % (12 skular) svarte at dei har eit fast eller prosjekt-/kursbasert undervisningstilbod i norsk folkedans i kulturskulen sin. Heile 95,6 % (259 skular) svarte at dei ikkje hadde eit slikt tilbod. Totalt hadde desse 12 kulturskulane 164 faste folkedanselevar med åtte fast tilsette. Dei resterande ti folkedanslærarane som var involverte, var prosjekttilknytte. Forklaringa på kvifor tilbodet var så lite, varierte mellom mangel på lærarar og mangel på interesse/etterspørsel (Aksdal, 2008). Korleis stoda er i kulturskulane i 2021, veit me ikkje. Tal bør hentast inn.

Barne- og ungdomskulturmeldinga av 2021 reflekterer over at kulturskulen ikkje nødvendigvis skal tilpassa seg etterspørselen: «Det er blant anna fleire kulturskolar som har ei rolle knytt til å føre vidare lokale kunst- og kulturtradisjonar, for eksempel innan folkemusikk. Dersom berre etterspørselen skal styre tilbodet, er det ein risiko for at slike viktige tilbod kan bli utkonkurrerte» (Meld. St. 18, 2020–2021: 74).

Meldinga slår også fast at realkompetanse kan vera likeverdig med formelle lærarkvalifikasjonar, sjølv om det sistnemnde er ønskeleg: «Dette kan for eksempel vere lokale tradisjonsberarar som bringar lokal kultur inn i kulturskolen, eller det kan vere snakk om kunst- og kulturuttrykk som ennå ikkje inngår i høgare utdanning. Regjeringa går derfor ikkje inn for å innføre kompetansekrav for kulturskolelærarar» (Meld. St. 18, 2020–2021: 75). Meldinga slår også fast at det bør bestemast lokalt om kulturskulen skal vera eit lokalt ressurscenter, men at regjeringa slår fast at kulturskular skal ha eit breiddetilbod, og at regjeringa forventar at kulturskulen ser på moglegheiter for å samarbeida lokalt: «jf. opplæringslova § 13-6, med så vel skole og SFO, som med kulturlivet i kommunen og frivillige organisasjonar» (Meld. St. 18, 2020–2021: 85).

### **Danseformidling på museum og i folkemusikkarkiva**

Norsk Folkemuseums dansegruppe på Bygdøy<sup>35</sup> og Romsdalsmuseets leikarring i Molde<sup>36</sup> har lange tradisjonar for å kombinera museumsformidling og barnelagsaktivitet. Også Valdres Folkemuseum har lange tradisjonar for folkedans- og folkemusikkformidling på museet.

Fleire av folkemusikkarkiva i Noreg, som i Rogaland, Møre og Romsdal, Oppland og Buskerud, driv også aktivt med formidling av folkedans til born og unge.<sup>37</sup>

32 Sjå nettsida: <https://www.kulturtanken.no/om-oss/>

33 Sjå nettsida: <https://www.kulturtanken.no/den-kulturelle-skolesekken/>

34 Sjå meldinga: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

35 Sjå nettsida: <https://norskfolkemuseum.no/norsk-folkemuseums-dansegruppe>

36 Sjå nettsida: <https://www.romsdalsmuseet.no/no/barn-og-skole/romsdalsmuseets-leikarring>

37 Sjå aktørane her: <http://www.folkemusikkarkivet.net/>

*Museene danser* ved Sff starta i 2014 med Tone Erlien som prosjektleder og initiativtaker.<sup>38</sup> Prosjektet hadde som føremål å fornya folkedansformidlinga i musea. *Museene danser* vart til i eit samarbeid mellom Sff og Museene i Sør-Trøndelag i Trondheim, med mål om å formidla dans som immateriell kulturarv ved hjelp av medverknad og deltaking frå publikum på museumsarenaen. Samarbeidet vart utløyst av støtte frå Kulturrådet, som igjen utløyste støtte frå kommunen og fylkeskommunen. Det har no blitt ein formidlingsmetode og eit rullerande prosjekt med nye norske samarbeidsmuseum som mottok vandrestillinga og konseptet *Dans med oss!*. Sparebankstiftelsen DNB har finansiert vandrestillinga ut 2022. Tolv norske museum har hittil mottoke utstillinga og jobba med interaktiv folkedansformidling i utstillinga, og tre museum skal motta ho neste året. Totalt har det blitt gjennomført fire DKS-produksjonar i samband med *Museene danser* på musea.<sup>39</sup>

Sjølv om dei frivillige organisasjonane vert nemnde i barne- og ungdomskulturmeldinga 2021 når det gjeld formidling av kulturarv (materiell og immateriell), er det musea, og til ein viss grad arkiva som vert framheva som samarbeidspart til skule og DKS (Meld. St. 18, 2020–2021: 126–129), sjølv om det i museumsmeldinga 2021 vert peika på at ein har for lite kunnskap om musea sitt arbeid med den immaterielle kulturarven. Kulturdepartementet ønskjer at det vert lagt til rette for auka kunnskapsvikling på området og å sjå det i samheng med musea sitt samarbeid med frivillige lag og organisasjonar på «kulturmiljøområdet» (Meld. St. 23 2020-2021: 48).<sup>40</sup>

I felles uttale frå representantskapet hos Norsk senter for folkemusikk og folkedans til Kulturdepartementet om statleg strategi for folkemusikk og folkedans 2020 er miljøet derimot samstemt: «Vi ønsker at eit breitt løft må starte med å styrke den levande kulturarven i lokalmiljøa med lokale lag og organisasjonar som sjølve grunnmuren – i heile landet – for å få fleire til å bli kjende med folkedansen og folkemusikken.»<sup>41</sup>

## 1.7 ARBEID I ORGANISASJONANE, FRIVILLIGHEITA OG TRADISJONS-MILJØA FOR FOLKEDANS

Gjennom dei siste 125 åra har arbeidet med folkemusikk og folkedans vore knytt til to frivillige organisasjonar: Noregs Ungdomslag (1896) og FolkOrg (tidlegare Landslaget for Spelemenn (1923), samanslått med Norsk Folkemusikk- og Danselag frå 2009). NU er ein kulturorganisasjon med ca. 14 000 medlemmer og 380 lag i heile Noreg, med norsk folkedans som eitt av satsingsfeltene: «Noregs Ungdomslag skal gjennom folkelege kulturaktivitetar skape engasjement og levande lokalmiljø.» FolkOrg arbeider for folkemusikken og folkedansen i Norge ved å styrke sjangeren si rolle og vilkår i samfunnet. Organisasjonen hadde 31.12.20 om lag 4300 medlemmer og 159 medlemslag over heile landet. Både FolkOrg og NU har eit nasjonalt overbyggjande styre og ein sentraladministrasjon. I 2021 har begge organisasjonane rådgjevarar med folkedans som arbeidsfelt i sentraladministrasjonen.

Likevel er det ikkje eit einsarta bilete av aktiviteten som skjer lokalt, sidan det finst gammaldansforeiningar og andre som er organiserte utan ein nasjonalt overbyggjande organisasjon.

### Organiserte øvingar og kurs lokalt

Folkedansopplæringa skjer for det meste lokalt. Her spelar lokallaga i FolkOrg og NU ei stor rolle både som opplæringsarena for dei som vert utøvarar, og ikkje minst for opplæring til samværsdans. Mange lokallag har jamlege øvingar, men mange arrangerer også kurs for dei som ønskjer å bruka dansen i sosiale samhengar. Dei fleste kursa og øvingane vert registrerte hos Musikkens studieforbund og Studieforbundet kultur og tradisjon som ikkje-formell opplæring som følgjer ein godkjend studieplan.

38 Tone Erlien var deltakar i Bygda dansar-prosjektet Snu nordvest (2004–2007). Hennar studier i dans frå NTNU omfattar bachelor i dansevitenskap med fordjuping i folkedans og choreomundus, ein internasjonal master i dansekunne, praksis og kulturarv der ho skreiv masteroppgåva: Erlien, Tone (2014) A dance museum – Museums and institutions in Europe promoting dance and intangible cultural heritage. Master thesis. Defended London, June 2014. Publication: NTNU Trykk Trondheim

39 Sjå nettsida: <https://museenedanser.wordpress.com/about/>

40 Meld. St. 23 (2020–2021) Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20202021/id2840027/>

41 Sjå høyringsinnspillet s. 23: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cabf807ac3884bc58f107129c23ef07d/norsk-senter-for-folkemusikk-og-folkedans.pdf>

I 2001 kom Arnestad-rapporten, som viste til at alle delar av miljøet har ei kriseforståing når det gjeld folkedansen. Eit av dei kritiske punkta er kor mange som blir introduserte for folkedans, og som held fram med øvingar over tid. Statistikken for NU i 2000 viser 9058 dansarar i 170 lag.<sup>42</sup>

I 2004 var det registrert 5 125 dansarar i 255 dansegrupper (uvisst kor mange lag) i NU. Dette er ein klar nedgang frå 1990-talet, skriv Bjerkem (2013).<sup>43</sup> Han skriv at i 2011 var tala i NU om lag som i 2004, det vil seia rundt 5000 dansarar i 255 dansegrupper. I FolkOrg var det i 2010 registrert 29 dansegrupper, og 669 som var på dansekurs. Dei meinte sjølv dette var underrapportering (Bjerkem 2013).

I 2019 (før-koronatid) fordeler tala frå Studieforbundet kultur og tradisjon (NU) og Musikkens studieforbund (FolkOrg) seg slik:

- Studieforbundet kultur og tradisjon rapporterer at 78 arrangørar/dansegrupper i NU har halde 249 folkedanskurs med til saman 3010 deltakarar. Tala frå kursdatabasen i Studieforbundet kultur og tradisjon har dei siste åra vore svært stabile, med ein ørliten vekst frå 2016. Sjølv om desse tala er ein klar nedgang sidan 2004 og 2011, ser det ut som at nedgangen har snudd.
- Musikkens studieforbund rapporterer at 12 lag/dansegrupper i FolkOrg har halde 28 kurs spesifikt med danseaktivitet.<sup>44</sup> Desse kursa har hatt mellom 5 og 23 deltakarar. Desse tala er også ein nedgang frå 2010. I tillegg vart det delt ut Frifondmidlar der lokallag i 2019 sende 4 søknadar om danseaktivitet, 7 om spel/song, 9 søknadar om både spel og dans, og i 2020 sende dei 4 søknadar om danseaktivitet, 4 om spel/song, 11 søknadar om både spel og dans. FolkOrg formidlar også at det er mange av lokallaga som har faste eller sporadiske danseøvingar for barn og/eller vaksne, men dei har inga oversikt eller statistikk over dette.

### **Barne- og ungdomsaktivitet regionalt og nasjonalt**

I 2001 la ikkje FolkOrg frå sentralt hald særleg vekt på rekruttering – dei har tradisjon for at lokalmiljøa forvaltar best tradisjonen åleine (Bjerkem, 2013). FolkOrg meiner framleis at lokalmiljøa er dei beste til å forvalta tradisjonen og driva rekruttering, men frå 2016 har dei fått til ei støtteordning frå Dextra Musica til rekrutteringsprosjekt for barn og unge. I åra 2016–2020 vart FolkOrg tildelt til saman 3,9 millionar.

I 2021, med tilskotsordninga frå Dextra Musica, har FolkOrg sentralt i langt større grad hatt moglegheit til å stø opp om arbeidet som er initiert frå lokalmiljøa. For 2020–2023 fekk FolkOrg innvilga heile 5,4 millionar for dei tre neste åra. I 2021 er rekrutteringsprosjekta no lokaliserte i alle 11 fylke. Det er til saman 20 ulike prosjekt. Alle prosjekt har dans som ein del av aktiviteten sin, sjølv om fleire i hovudsak driv med opplæring i spel og song. Åtte av prosjekta driv i hovudsak berre med dans. 18 av dei 20 prosjekta er retta mot gruppa 6–13 år, ca. 8 av desse er i tillegg retta mot ungdom 13–16/18 år. To prosjekt er berre retta mot gruppa 13–20 og 16–30.

FolkOrg har også ei rekrutteringsstønsordning der det årleg er delt ut pengar til særskilde rekrutteringstiltak og til FolkOrg sine lokallag i Noreg. Stønsordninga er på kr 100 000.

NU har hatt mykje meir tru på fagleg støtte frå sentralt hald, og reiseinstruktørordninga i NU var i sving til 2001, då den siste reiseinstruktøren, Gunnar Rødal, gjekk av med pensjon. Han hadde då jobba i 20 % stilling sidan 1988. NU fekk gjenoppretta gjesteinstruktørordninga for folkedans – eit tilbod til laga om dekking av gjesteinstruktør for stimulering og motivasjon. Sidan 2017 har 8 lag motteke støtte til barne- og ungdomsaktivitetar i folkedans.<sup>45</sup>

42 Sjå rapporten: <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-men-vi-skal-koma-i-hug-arnestad>

43 I 1991 hadde NU 25 000 dansarar fordelte på 300 grupper (Bjerkem, 2013).

44 I 2019 vart det bevilga kr 609 840 frå Musikkens Studieforbund til totalt 66 lokallag og 164 kurs i FolkOrg. (Dommarkurs og Folkelarm er også med på denne oversikta.) Av desse midlane var kr 73 369 (12 lag, 28 kurs) spesifikt til danseaktivitet.

45 Det er blitt budsjettert med 4 pr. år der om lag halvparten går til barne- og ungdomsaktivitet. Sjå nettsida om ordninga: <https://www.ungdomslag.no/kva-skjer/artikkel/gjesteinstruktur-for-2020-sok-1-november/>



NU har også satsa sterkt på utvikling av dansemetodikk. I 2007 gav dei ut læremiddelet *Danselyst*. Folkepedia, som starta i 2016, har blitt ein viktig inspirasjonskanal for born og unge. Folkepedia er eit prosjekt for og med born og unge frå heile landet der Noregs Ungdomslag lagar opplæringsfilmar innanfor folkedans og folkemusikk. I 2019 passerte Folkepedia nærare 100 ferdigproduserte filmar.<sup>46</sup>

### **Regionale og nasjonale barne- og ungdoms-kurs, -ringar og -stemne / sosiale treffpunkt**

Jan Kløvstad (2021) si sitt oppdrag med å skrive NU-historia har mogleggjort ei nøyaktig skildring av barne- og ungdomssatsinga til NU sentralt, og i nokon grad fylkeslaga. Framstillinga under vert difor skeiv med omsyn til kva satsingar som er gjort i regionane, i både NU- og FolkOrg-laga, og i samarbeidskonstellasjonane mellom dei og andre aktørar. Framstillinga nedanfor har dessverre ikkje kunna gjere greie for dei ulike rekrutteringsprosjekta i folkedans i dei ulike regionane som har fått tilskot frå 2016 i FolkOrg si støtteordning frå Dextra Musica (som omtala ovanfor).



*Frå helgesamling i Sjøk med Lea de, 2009. Jan Beitohaugen Granli spelar. Foto: Sff*

Ei større undersøking og statistisk framstilling kan i mykje større grad avdekka variabiliteten, tendensen og kva barne- og ungdomskurs som vert tilbydd over heile landet enn denne framstillinga har moglegheit til. Ein del utsegn og konklusjonar i dette delkapittelet må difor stå på forfattaren sitt eige inntrykk, og bør verifiserast i seinare utgreiingar.

### *Barne- og ungdomssatsing i NU*

På 1990-talet var det i NU ei oppblomstring i både fylkesungdomsringar og ungdomsringar knytte til dei største byane i Noreg. I dei fylka og byane som oppretta ungdomsringar vart desse særskilt viktige for folkedansopplæringa i ungdomskulla i tiåra før og etter 2000 (Bjerkem, 2013).<sup>47</sup> I 2001 starta NU opp med Noregs Ungdomsring-samlingar på sommaren. Ein ønskte å samla desse på tvers ei veke om sommaren. I 2004 vart nesten 90 folkedansungdommar samla på Klones i Vågå, og i 2009 var 37 deltakarar samla på folkedanskurset på Hamar i framkant av folkekulturfestivalen.<sup>48</sup> I 2010 vart namnet endra frå NUR (Noregs Ungdomsring) til Sommarleiren (Kløvstad, 2021).

I 2011 hadde det i lengre tid vore nedgang i medlemmane i dei regionale ungdomsringane, og dermed på dei nasjonale samlingane. NU hadde gått over til å arrangera Sommarleiren for å samla ungdommane på tvers av teater, dans og liknande.<sup>49</sup> I 2010 deltok 42 ungdommar på folkedanskurset. Nedgangen i deltakarar fortsette etter dette, med unnatak for Nordisk sommarleik i dans på det Nordiske stemnet Nordlek på Steinkjer, men styret i NU ønskte i 2015 å satsa vidare på den norske sommarleiren som det einaste sentrale arrangementet, med folkedans og teater som hovudsatsingar som før. I 2017 var sommarleiren ei stor og viktig satsing, med 16 deltakarar på folkedanskurs for vidarekomne, og 5 deltakarar i folkedans for nye (Kløvstad, 2021).<sup>50</sup>

46 Sjå nettsida: <http://www.folkepedia.no/>

47 Etter kvart som dei lokale leikarringane utover på 90-talet såg at det vart vanskelegare å rekruttere ungdommar til danseøvingane, begynte dei i fylkeslaga å samle ungdommar til ungdomsringar frå distriktet til felles øvingar i helgene. Det er som regel tre til fem samlingar i året (Bjerkem, 2013: 20).

48 37 på folkedanskurs, 9 på teaterkurs og 6 på spelkurs.

49 Dei samla seg på tvers av teater, spel og dans frå 2008. I 2010 vart namnet endra frå NUR (Noregs Ungdomsring) til Sommarleiren. Sjå nettsida: <https://www.sommarleiren.no/historia-til-sommarleiren>

50 Med 42 deltakarar totalt, og det var utfordrande å hanke inn nok påmeldingar.

I 2021, som i 2020, er sommarleiren avlyst på grunn av korona-pandemien, men i 2019 deltok berre 19 ungdommar på sommarleir med langkurs i dans.<sup>51</sup>

I tillegg til Sommarleiren har NU hatt tradisjon for å arrangera barnestemne, både fylkesvis og i nordisk perspektiv gjennom Nordlek-samarbeidet. I 2021 er det tre område att som arrangerer barnestemne i Noreg: NU-fylkeslaga i Nordland/Troms (arrangerer stemnet vekselvis annakvart år), NU-fylkeslaga i Vestland (Hordaland / Sogn og Fjordane) og NU-fylkeslaga i Møre og Romsdal. I 2019 vart det for fyrste gong skipa til eit stort stemne hovudsakleg for born, kalla *Småleik*, med 50 deltakarar på dans. Pilotprosjektet vart arrangert i Oslo. I etterkant har NU laga ei arrangørhandbok og oppmodar lag i andre delar av landet om å vera arrangør.<sup>52</sup> Det er først i post-koronapandemi-tid me kan sjå om dette vert eit arrangement som vil bli arrangert jamleg.

### *Barne- og ungdomssatsingar i regionane*

Strunkeveko marknadsfører seg i 2021 som Noregs største sommarkurs i folkemusikk- og dans for ungdom.<sup>53</sup> Parallelt med NU si satsing på ungdomsringssamlingar og barnestemne, har det frå 2001–2021 blitt tilbydd kortare og lengre kurs og samlingar i folkemusikk og folkedans for barn og ungdom i ulike regionar. Sjølv med ein nedgang i talet på dansarar som deltek på sentrale NU-arrangement kan det synast som om talet som deltek på sommarkursa på landsbasis har halde seg stabile i perioden 2001–2021, der Mokurset, Strunkeveko, Ungfolk i Telemark, Kalottspel i tillegg til Sommarleiren til NU er blant dei stabile aktørane.<sup>54</sup> Det er kome minst eit nytt tilskot – frå 2017 har det blitt arrangert sommarleir for barn og unge under festivalen Heme dine i Engerdal.<sup>55</sup> Danseaktiviteten på desse kursa har variert, men det kan synast som at dansetilbodet har auka. Fleire dansekurs vert tilbydde der det før berre var folkemusikkaktivitet. Ei større undersøking kan avdekka variabiliteten og tendensen.

Me har eit inntrykk av at når påmeldingane har minka til sommarkursa til NU, så har dei auka hos dei andre aktørane. Men inntrykket er også at påmeldinga i folkedans har variert. Mokurset har vore prega av dårleg påmelding til gjennomføring av heile kurset både til spelkurs og dansekurs den siste femårsperioden.

Det må også nemnast at det har blitt gjennomført regionale ungdomssamlingar på andre tider av året i perioden 2001–2021, for eksempel på Hilmarfestivalen og Midtvinterdansen.

Den helga som ser ut til å vera i størst medvind i 2021, er Storhelg i Hallingdal med dansefesten på Hugnadheim på Torpo i Hallingdal som kjerne, men i 2021 reklamert som folkemusikkfestival, kurs, fest og konsert. I 2018 var det 100 påmelde deltakarar på kursa, og dei kom frå ni ulike fylke. Storhelga er arrangert av Hallingdal Juniorspelemannslag med fleire samarbeidspartnarar og støttespelarar. Primus motor for helga er Martin Myhr.<sup>56</sup>

### **Faglege seminar om dans**

#### *Instruktørkurs, NU*

I 2001 hadde NU, som dei plar, instruktørkurs og fordjupingskurs i dans som vekeskurs på sommaren. Kursa for folkedansinstruktørutdanning og fordjupingskurs i dansetradisjonar har både lange tradisjonar i organisasjonen, og gjeve mange solid folkedanskunne (Bjerkem, 2013).

I 2011 var det slutt på instruktørvekeskursa om sommaren. Sidan 2006 var kursa helgebaserte der ein måtte gå to modular for å få fullført instruktørutdanninga. Helgekursmodellen vart justert fleire gonger dei komande åra. Ein ny justert modell med desentralisert instruktørutdanning kom i gang hausten 2015. Oppstartkurset hadde tema Danseleik for barneinstruktørar og vart gjennomført med 22 deltakarar frå heile landet. Barneinstruktørkurset var eit prioritert fagleg område innanfor kurspakka, som forgjengaren «Leik og læring».

51 Langkurs rørospols: 9 deltakarar. Langkurs swing: 10 deltakarar

52 Sjå nettsida: <https://www.ungdomslag.no/aktivitet/barn-og-ungdom/smaleik/>

53 Sjå nettsida: <https://www.hilme.no/strunkeveko.aspx>

54 Sjå Bjerkem, 2013 og nettsida til FolkOrg: <https://folkemusikk.custompublish.com/sommarkurs.137441.no.html>

55 Sjå nettsida: <http://hemedine.no/instruktorer2017/>

56 Sjå nettsida: <https://www.strhlg.no/>

Jan Kløvstad skriv at det er lenge sidan Noregs Ungdomslag har hatt eit instruktørkurs med så mange deltakarar (Kløvstad, 2021).<sup>57</sup> Det vart også gjennomført eit grunnleggande instruktørkurs i folkedans med 14 deltakarar i 2015. I 2016 vart det gjennomført barneinstruktørkurs med 11 deltakarar. I 2017 vart det derimot gjennomført 4 folkedansinstruktørkurs ulike stader i landet med 61 deltakarar (Kløvstad, 2021).

I 2019, siste året før koronapandemien, vart det gjennomført 4 folkedansinstruktørkurs ulike stader i landet med 43 deltakarar. I tillegg var heile 41 deltakar på eit fullteikna dobbelt-helgekurs med fordjuping i folkeleg pardans.

I 2020 fekk dei gjennomført to instruktørkurs av fire planlagde før pandemien med 22 x 2 deltakarar, totalt 44 personar. Dette var kurs i Oslo/Skjetten og Stavanger. NU sentralt har i sine mål å arrangera fire instruktørkurs i folkedans om året.<sup>58</sup> Talgrunnlaget seier at satsinga til sentralleddet om bruk av mange ressursar på instruktør opplæringa har snudd trenden med nedgang i deltakartala.

### **Storkurs i NU**

I 2001 arrangerte NU sentralt årleg fordjupingskurs for folkedansinstruktørar over ei helg. I 2001 kunne ein som folkedansar og folkedansinstruktør dra på fleire såkalla storkurs i året med relevante tema for folkedansinstruktørane. Det var vanleg at mange av fylkeslaga arrangerte storkurs for medlemmane sine, i tillegg til at NU sentralt laga til storkurs for heile landet (Bjerkem, 2013).

I 2021 er det berre eitt regionalt storkurs for vaksne att i NU. I region sør samarbeider Aust-Agder, Vest-Agder, Telemark og Rogaland. Dei rullerer kvart år kven som arrangerer storkurset.

I 2019 var det lenge sidan det vart halde nasjonale storkurs for etablerte folkedansinstruktørar. I koronapandemi-åra 2020 og 2021 vart derimot dei faglege danseseminara tekne opp att som webinar for å inspirera og stimulera dei etablerte folkedansinstruktørane: To webinar vart haldne i 2020, og til no i 2021, fem webinar, med totalt 257 deltakarar.

### **Tradisjonsseminar/Dommarkurs i FolkOrg**

I åra 2001–2011 arrangerte FolkOrg tre tradisjonsseminar (2006, 2007 og 2009) med målgruppa erfarne og nye dommarar, utøvarar, mediefolk, lagsfolk og studentar. På tradisjonsseminara fordjupar ein seg i den rike bygdedanstradisjonen i Noreg.

I 2021 stod dei med gjennomførte dommarseminar i dans i 2012, 2015, 2017, 2019. I perioden 2015–2019 har det delteke totalt 45 unike deltakarar på dommarseminara i dans. FolkOrg har i denne perioden medvite lært opp dommarar ikkje berre til fordjuping i tradisjonen, men dommaropplæringa fekk større merksemd med utgangspunkt i dommar-skjemaa og kriteria for dømning i tradisjonsdans. Minst eitt av kursa i perioden har også lagt vekt på gammaldans-/runddanstradisjonen.

### **Festivalar, kappleikar og stemne**

#### *Kappleik og landsfestival i FolkOrg*

FolkOrg arrangerer kvart år Landskappleiken. Dette er det største folkemusikk- og folkedansarrangementet i landet, der omkring 1500 stiller opp i konkurransane (både musikk og dans). På Landskappleiken blir det i tillegg til musikk konkurrert i bygdedans. Tevlingane er delte opp i ulike klassar etter alder og ferdigheit, og etter kva type instrument som speler musikken (vanleg fele eller hardingfele). I tillegg til at par konkurrerer med kvarandre (eller enkeltpersonar i lausdansen halling), blir det også konkurrert i lagdans. Tre dommarar dømmer kvar klasse. Det er stor prestisje i å vinna ein klasse på Landskappleiken, og det blir sett opp kongepokal i éin klasse kvart år (Bjerkem 2013).

Dansefestane, musikk- og dansesamværet på kveldstid vert av FolkOrg, men også av både deltakarar og tilreisande, prioriterte og oppskatta og omtalte i ulike medium. På kveldane er det fleire dansegolv og mykje variert dansemusikk og god dans, både bygdedans og runddans.

57 Det pleier å vera eit tak på om lag 20 stk. pr. kurs, noko det tydeleg var lenge sidan ein hadde nådd.

58 Sjå nettsida: <https://www.ungdomslag.no/aktivitet/opplaering-og-kurs/>

Bjerkem (2013: 22) skriv at talet på deltakarar som stiller opp på Landskappleiken, har vore relativt stabilt heile tiåret frå 2001–2011 med mellom 450 og 580 startnummer. Deltakarar på dansegolvet om kvelden har vore anslått til mellom 1300 og 1600. FolkOrg si årsmelding frå 2019, siste gjennomførte kappleik, viser 1596 deltakarar med 532 startnummer. Dette er ein gradvis auke frå 2010, som tydelegvis var botnpunktet, med 1200 deltakarar og 429 startnummer.<sup>59</sup>

FolkOrg arrangerer også Landsfestivalen i gammaldansmusikk. I åra mellom 2001 og 2011 «har deltakartalet vore mellom 800 og 500. Deltakartalet gjekk mye ned på dette arrangementet midt på 2000-talet. Dette har no snudd. (...). På kveldane er det store dansefestar på fleire golv, og her blir det stort sett dansa runddans, men med noko innslag av bygdedans av og til. Deltakarar på dansegolvet om kvelden har dei siste åra vore anslått til mellom 600 og 900» (Bjerkem 2013: 22). Første året med dansetevling og klasseinndeling var i 2011. Det vart arrangert kappdans (utan ordentleg dømning) også i 2008 og 2010. I 2019 var det 949 deltakarar med 172 startnummer totalt i spel- og danseklassane. Sjølv om tala varierer frå år til år, har deltakarar og startnummer lege så nokolunde stabilt sidan 2015. Dette er nesten ei dobling av deltakarar frå åra 2010–2014.<sup>60</sup>

I 2019 arrangerte 17 lokallag og områdelag i FolkOrg kappleikar regionalt og lokalt etter same lest som Landskappleiken og Landsfestivalen, med tevlingar på dagtid og dansefest på kvelden. Det kan sjå ut som at tala på desse kappleikane har halde seg temmeleg stabilt sidan 2001, jamfør Bjerkem 2013 og FolkOrg si årsmelding 2019.

Ein kan lesa i tidlegare årsmeldingar og langtidsplanar at ein har lagt vekt på deltaking for dei under 18 år, C-klassane. I perioden frå 2005 har ein i organisasjonen lagt ekstra vekt på sjokoladekappleiken for born under tevlingsalder (12 år).

Talmateriale bør systematiserast når det gjeld deltaking i folkedansklassane på kappleikane/ Landsfestivalen, og også deltaking i C-klassane. Finn ein same svakt oppovergåande tendens frå 2010 i desse klassane også?

### *Stemme og festivalar i NU*

I 2001 vart det siste NU-stemnet halde, masse-mønstringa for medlemmene i NU. I 2002 vart dette omskapt til Folkekulturfestivalen (2002–2009).

I 2011 hadde Folkekulturfestivalen skifta namn til Folkedansfestivalen (2010–2014). Bergen ungdomslag Ervingen var lokal tilskipar av den første Folkedansfestivalen i historia. Det blei berre fire festivalar, der festivalane i Bergen og Bodø var levedyktige med om lag 1500 selde billetter, medan dei to siste i Kongsberg og Ørsta hadde om lag 400 besøkande. Pausen i 2012 kom av at det var stort Nordisk folkedansstemne, Nordlek, i Steinkjer det året.

I 2021 står NU utan eit nasjonalt samlande stemne, festival eller storkurs for medlemsmassen sin. Det er blitt satsa på sommarleiren, og eit landsmøtevedtak i 2015 sa at ein gjerne ville forsøka å gjenreisa det gamle NU-stemnet.

### *Uformell læring, samværsdans på dansefestar*

I 2001 var det sjølv sagt at ein kunne dra på dansefest fleire gongar i halvåret i dei fleste ungdomslaga og folkedanslaga med folkedansaktivitet. Det vart også arrangert offentlege dansefestar med gammaldans fleire stader i landet, sjølv om desse festane var gått ut andre stader.

I 2011 var dansefestane i nedgang. I 2017 sette FolkOrg lys på stønadsordningane for konsertar som ikkje inkluderte festar med dans. Dei introduserte omgrepet dansekonsert for å setja søkelyset både på endring i stønadsordninga og for å få opp dansinga med fleire dansearrangement. I perioden 2017–2019 hadde FolkOrg som ei av tre målsettingar for folkedansen å samarbeida med laga om å få opp talet på dansefestar. I samband med målsettinga oppretta FolkOrg ei tilskotsordning for laga om tradisjonelle og kreative idear til god danseaktivitet som fremjar den sosiale dansen for 2019 og 2020.

59 Sjå årsmeldinga 2019: <https://folkorg.no/content/uploads/2021/05/A%CC%8Arsmelding-2019-signert.pdf>

60 Sjå årsmeldinga 2019: <https://folkorg.no/content/uploads/2021/05/A%CC%8Arsmelding-2019-signert.pdf>

I perioden 2001–2021 har samvær i folkedansen vore sentralt som sosialskapande aktivitet på folkemusikkfestivalar, kappleikar, stemne, kurs for born, ungdom og vaksne både lokalt, regionalt og nasjonalt. Dette gjeld både for arrangementa til FolkOrg og NU, og dei profesjonelle aktørane som Riksscenen. I Riksscenen si programmering, er dansefesten ein av tre funksjonar av folkedansen dei ønskjer å retta merksemd mot.<sup>61</sup>

I 2020 har eit samla representantskap for folkemusikk og folkedans uttalt i høyringsinnspellet til strategi for folkemusikk og folkedans: «Det trengst òg tilskot til dansefestar, ein arena som er særst viktig for sjangeren vår. Der blir folkedansen og folkemusikken formidla vidare frå ein generasjon til neste, på ein triveleg sosial møteplass både for utøvarar og deltakarar, og der får musikarane trening i å spele til dans.»<sup>62</sup>

### **Folkedansen – behov for samordning og framheva i langtidspanane både for NU og FolkOrg**

Til slutt i denne framstillinga kan ein nemna at begge organisasjonane har folkedansen som eitt av sine hovudarbeidsfelt i åra framover.

I årsmeldinga til NU for 2020 kan ein lesa: I 2020 har NU arbeidd med ein eigen strategi som skal leggja føringar for det folkedansfaglege arbeidet i tida framover. Det har vore opna opp for at lag og medlemmer kunne bidra med innspel og tankar til arbeidet og innhaldet i strategien, og NU har motteke fleire innspel. Strategien blir ferdigstilt og presentert for organisasjonen i 2021.<sup>63</sup>

I langtidspanen til FolkOrg for 2021–2023 står folkedansen som ei av fem særskilde satsingar. I langtidspanen står mange mål og satsingar som også inkluderer folkedansen, men i punktet om folkedansen vert tre punkt framheva:

- Samarbeida med laga om å styrka folkedansen og auka talet på dansearrangement.
- Stø opp om arbeidet i laga med å rekruttera og læra opp danseinstruktørar.
- Stø opp om realiseringa av bachelorstudiet i folkedans.<sup>64</sup>

Fram mot 2021 har det halvårlege møtet for folkedansen blitt framheva både av FolkOrg, NU og Sff som ein viktig møteplass med samordnande funksjon. Halvårsmøtet hadde sitt utgangspunkt i samordninga mot rapporten *Dansearven* (Bjerkem, 2013), men består no av eit nettverk av om lag 13 organisasjonar: «Det halvårlege samordningsmøtet for folkedansen er et uformelt forum som er åpent for alle som vil jobbe for – og samarbeide om – folkedansen. Folkedansmøtet tar for seg diskusjoner om felles utfordringer, utveksling av informasjon og erfaringer og gjør rede for ulike samarbeid i aktuelle saker.» Samordningsmøtet viste seg i 2020 å vera eit viktig forum for folkedansen då miljøet skulle samordna seg rundt arbeidet mot høyringsinnspel til statleg strategi for folkemusikk og folkedans.



*KulTur på Målselv, innslag på elva med Arktisk Takt, 2019.  
Foto: Sff*

61 Dei tre funksjonane dei vektlegg er dansescenen, dansedykk og dansefest. Sjå nettsida: <https://www.riksscenen.no/folkedansen.322121.no.html>

62 Sjå høyringsinnspellet s. 23: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cabf807ac3884bc58f107129c23ef07d/norsk-senter-for-folkemusikk-og-folkedans.pdf>

63 Sjå NU si årsmelding 2020: [https://www.ungdomslag.no/fileadmin/user\\_upload/AArsmelding\\_2020.pdf](https://www.ungdomslag.no/fileadmin/user_upload/AArsmelding_2020.pdf)

64 Sjå langtidspanen for FolkOrg her: [https://folkorg.no/content/uploads/2021/04/Langtidspan\\_for\\_FolkOrg\\_med\\_handlingsplan21\\_23.pdf](https://folkorg.no/content/uploads/2021/04/Langtidspan_for_FolkOrg_med_handlingsplan21_23.pdf)

## 1.8 STIPEND- OG STØTTE-ORDNINGAR FOR FOLKEDANS

Som nemnt har FolkOrg fått støtte frå Dextra Musica til utdeling av midlar, i tillegg til støtteordningane deira for medlemmer til sosial danseaktivitet og rekruttering på kr 100 000 kvar. NU har etablert gjesteinstruktørordning som medlemslaga kan søka på.

Gjennom Norsk senter for folkemusikk og folkedans si støtteordning deler senteret ut midlar for å stimulera til auka aktivitet i folkemusikk- og folkedansfeltet. Støtteordninga har to kategoriar: små og raske midlar (søknadsbeløp kr 1000–15 000) og prosjektmidlar (søknadsbeløp kr 15 000–50 000).<sup>65</sup> Støtteordninga vil særleg prioritera søknader retta mot barn og unge, tiltak retta mot distrikt, stilartar og danse-, musikk- og instrumenttradisjonar som står svakt, og tiltak som fører til ny kunnskap om feltet eller tradisjonen.

Feltet presiserer i eit felles høyringsinnspel: «Både lokale lag, arrangørar og profesjonelle etterspør tilskotsmiddel med kort sakhandsamingstid og lite byråkrati. Allereie eksisterande ordningar kan enkelt styrkast. Dette gjeld først og fremst Frifond, vaksenopplæringsmidlar, moms-kompensasjon, Kulturrådet sine ordningar og støtte frå Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Stipendordningane for profesjonelle utøvarar må styrkast, og folkemusikkfestivalar må opp på same nivå som andre festivalar.»<sup>66</sup>

## 1.9 OPPSUMMERING AV FOLKEDANSFORMIDLINGA OG OPPLÆRINGSFELTET I PERIODEN 2001-2021

Med del 1 av denne rapporten har me no gjeve eit oversyn over dei viktigaste endringane i formidlinga og dansinga i perioden 2001–2021. Rapporten indikerer at det har skjedd eit skifte i aktørar og større mangfald av aktørar gjennom desse 20 åra.

Rapporten viser at skal me få ei oversikt over folkedansaktiviteten i Noreg og utviklinga i folkedansformidling og rekruttering, trengst det eit systematisk arbeid frå ulike aktørar for å samla ei felles statistisk oversikt. I tillegg veit me at folkedansaktivitet også skjer i uformelle samanhengar som ikkje alltid lar seg fanga statistisk, som dansefestar. Sjølv om desse ikkje kan talfestast, bør ein også prøva å fanga opp slike aktivitetar og arenaer. Rapporten her gjev oss likevel nokre indikasjonar som me refererer nedanfor.

Først vil me referera til barne- og ungdomskulturmeldinga 2021 under punkt 7.1.6, der Kulturdepartementet vurderer det slik: «Vi treng å få vite meir om kven det er av barna og dei unge som deltek i organiserte kunst- og kulturaktivitetar, kva slags type aktivitetar dei deltek i og kva det frivillige betyr i oppveksten til barn og unge. Samanlikna med deltakinga til barn og unge i idretten finst det òg lite kunnskap om trivsel og motivasjon, kompetanse blant leiarar/instruktørar, talentutvikling og andre forhold som kan ha noko å seie for deltakinga til barn og unge i det frivillige kulturlivet.

Det er viktig å sikre eit godt kunnskapsgrunnlag om mangfald i kulturfeltet, inkludert samiske forhold. Her kan også det frivillige kulturlivet sjølv vere med på å gi meir kunnskap om medlemmene og aktivitetane i ulike typar organisasjonar» (Meld. St. 18, 2020–2021: 47).

65 Sjå retningslinjene for støtteordninga her: <https://www.folkemusikkogfolkedans.no/retningslinjer-1>

66 Sjå høyringsinnspelet s. 23: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cabf807ac3884bc58f107129c23ef07d/norsk-senter-for-folkemusikk-og-folkedans.pdf>

Framstillinga i del 1 er forsiktig optimistisk. 2021 synest å peika framover mot betre tider for folkedansinga i Noreg på mange arenaer. Me starta gjennomgangen med at listeføringa av danse- og musikktradisjonane i Setedal og Kulturdepartementet sitt ønskje om å laga strategi for feltet kan få langvarige verknader for miljøet, folkedansen inkludert.

Me viste at i fagfornyninga og Kunnskapsløftet 2020 for grunnskulen og den vidaregåande skulen har kulturarvfeltet fått fornya spelerom som også kan gje ringverknader. Barne- og ungdomskulturmeldinga 2021 gjev oss også forsiktig optimistiske når det gjeld DKS og kulturskulane sitt oppdrag på kulturarvfeltet og samarbeid med lokal- og tradisjonsmiljøa. Meldinga peikar også på dei frivillige organisasjonane som viktige bidragsytarar og som sikrarar av mangfald i kulturtilbodet. At USN har akkreditert ei utøvande bachelorutdanning i folkedans, sjølv om finansiering er ein føresetnad, fører oss eitt skritt nærare.

Det som derimot ikkje gjer oss optimistiske, er at rekrutteringa og kursverksemda i frivilligheita i folkedansen har variert, og viser ein nedgang sidan 2001, sjølv om det kan synast som at tala har stabilisert seg i NU og er på svak oppovergåande kurve. Nokre miljø i Noreg har vore stabile med barne- og ungdomsrekruttering over tid – men dette er unntaka meir enn regelen. Stabiliteten er avhengig av at sentrale nøkkelpersonar, formidlarar og/eller arrangørar har halde ut over tid. Rapporten til Bjerkem (2013) har ikkje ført til nemneverdig auka støtte til lokale dansegrupper til djup læring.

Nedgangen kjem difor fordi strukturane ikkje har vore stabile nok. NU og FolkOrg sine rekrutteringsprosjekt og satsingsprosjekt er finansierte med prosjektmidlar – som tek slutt. Bygda dansar er prosjektorganisert med 3-årig ambulering, og har ikkje fått støtte til vidareutvikling. Dette er pengar frå departementet, men potten har ikkje auka på 12 år. FRIKAR driv òg sine talentutviklingsprosjekt på prosjektmidlar.

Rapporten viser derimot at nedgangen har skjedd trass i, og ikkje på grunn av arbeidet og tilrettelegginga som sentralorganisasjonane har gjort i NU og FolkOrg. Me kan nemna NU si satsing på instruktør opplæring og FolkOrg si satsing på kappleikane som viktige overordna strukturar for folkedansformidling. Regionalt synes sommarkurs og helgesamlingar som samlar større del av ungdom på tvers av sine lokalmiljø viktige. Likevel er det, det lokale jamlege opplæringsarbeidet som dannar grunnmuren for det heile.

Tilboda innanfor høgare utdanning i folkemusikk og folkedans oppstod i same tidsperiode på 1980-talet. Folkemusikkstudia har, sjølv med varierende rekruttering, halde stand både på Musikkhøgskolen, USN Campus Rauland og OBA. «Folkedansstudia» vart derimot lagde ned rundt 2015 då emna vart kutta frå NTNU sin studieportefølje. I motsetnad til folkemusikken manglar folkedansen no formelle utdanningsmoglegheiter. Utøvarutdanning i folkemusikk og satsingar på tradisjonsmusikk har gjeve store ringverknader og gjort unge, velutdanna tradisjonsmusikarar til ein tydeleg ressurs i norsk kulturliv. Slik var det også for folkedansen, men me skulle gjerne sett at denne utviklinga vart vidareført. Forbetningspotensialet er openbert, og me får håpa me klarar å få på plass ei finansiering av ei bachelorutdanning hos USN ved Institutt for tradisjonskunst og folkemusikk på Campus Rauland.

Folkedansen har heller ikkje kome seg inn som fordjuping på danselinjene i den vidaregåande skulen, sjølv om læreplanane for første gong ikkje lenger er til hinder for dette.

Innanfor talentutvikling for ungdom er det eit gap i kunnskap mellom dei som kjem frå det frivillige folkedansfeltet og talentutvikling som Bygda dansar, og den kompetansen som vert kravd for å ta del i profesjonelle kompani. Profesjonelle dansekompani i feltet vårt slit med å få tak i profesjonelle dansarar til produksjonane sine.<sup>67</sup> Dei har rett og slett ikkje nok utdanna folk å ta av.



*Promobilete. Deltakarar i Lea de testar «tvillingkostymet» brukt i Lea de si sluttframsyning – Flate steinar er til å sitje på, 2010. Foto: Sff*

Trass i dette ser me at profesjonaliseringa av folkedansen har skote enorm fart dei siste 20 åra! Vektlegging på talentutvikling og fordjuping i folkedans frå fleire aktørar har gitt resultat. Talet på kompani, profesjonelle utøvarar og produserte danseframsyningar pr. år stig, Riksscenen har både blitt produserande og vore visningsarena, og stort sett «alle» folkemusikkfestivalane viser minst ein danseproduksjon i året, i tillegg til at fleire av dei også produserer.

Det er nytt at yrkesutøvarar i større grad tek over etablering av rekrutterings- og talentprosjekt på regionalt plan. Til dømes var lokal søkjar for BD i Troms Folkemusikk Nord, i Nord-Trøndelag Hilmarstiftinga, i Rogaland Folkemusikkarkivet i Rogaland og i Hordaland Hardingfela.no.

Barnelaget i Oslo, eit lokallag i Noregs Ungdomslag, omtaler organisasjonsmangfaldet som hemmande for dei frivillige som driv med rekruttering av barn og

unge. Dei meiner at folkemusikken og folkedansen må sjåast under eitt, og skriv: «Folkemusikk- og folkedansfeltet er et organisatorisk villnis, med ulike kryssende formål.» (Barnelaget i Oslo, 2020: 10).<sup>68</sup> Me har i denne framstillinga vist mangfaldet, og om det er eit villniss med kryssande føremål eller om mangfaldet styrker målet må undersøkast nærare. Ein kjem ikkje i mål om ikkje heilskapen i opplæringa og utdanninga er med frå botn til topp.

Kryssande føremål kan verka hemmande og lite raust i eit miljø som me i denne framstillinga viser har kjempa hardt for folkedansen. Utviklinga har ikkje gjeve oss eit fasitsvar for folkedansformidling i dei siste 20 åra. Det er framleis hol og manglar som gjev utfordringar i eit heilskapleg perspektiv. Bygda dansar er ei brikke i denne heilskapen som har vore med på å gje ungdom og ungdomstalenta eit godt møte med folkedansen, og gjeve dei ei spire til vidare utvikling og engasjement som deltakarundersøkinga i del 3 viser.

68 Sjå høyringsinnspellet: <https://www.regjeringen.no/contentassets/cabf807ac3884bc58f107129c23ef07d/barnelaget-i-oslo.pdf>



## DEL 2 – PEDAGOGISK OG DANSEFAGLEG ARBEID I BYGDA DANSAR

Det dansefaglege arbeidet og formidlinga i BD er kjenneteikna av at det tek utgangspunkt i basisfagdidaktisk tenking (Nielsen, 1994). Det vil seia at folkedans som vitskap, som forskingsfagfelt dannar utgangspunktet. Folkedans som vitskap og forskingsfagfelt byggjer på ei analytisk tilnærming til folkedansen som folkekultur, som immateriell kulturarv, som ei utøvande, skapande samværsform mellom dansarar og musikarar i norske bygde- og bymiljø i fortid og samtid.

I denne framstillinga av det dansefaglege arbeidet i BD vil me utdjupa kva me meiner med folkedans som vitskap, og kva didaktisk refleksjon og formidling denne grunnposisjonen og forankringa gjev danseopplæringa. Analyse, utøving av lokale danseformer, læring på gamlemåten, samvær, leik og utforskning, rytmisk samspel i musikk og dans, mangfald og personlege uttrykk med individet i sentrum er nøkkelfaktorar i denne tilnærminga og talentutviklinga i BD.

Kvart BD-prosjekt er unikt. Kvart prosjekt har med basis i prosjektmodellen og basisfagdidaktisk tenking utvikla sine dansestrategiske mål og sin tradisjonsdanseplan for prosjektperioden. Kvart BD-prosjekt har også systematisert dansematerialet i fylket. Denne framstillinga baserer seg på det felles grunnlaget som har vore med heilt frå starten av, men framstillinga vil likevel bera preg av forfattarane si reise i BD-systemet – og korleis forfattarane no ser på kjernen i det som i dag er BD.

Prosjektet byrja då den einaste folkedansprofessoren i landet, Egil Bakka, var direktør, prosjektansvarleg og dansefagleg ansvarleg ved Norsk senter for folkemusikk og folkedans. Då han pensjonerte seg, vart det viktig for etterkomarane å systematisera arbeidet i BD. Siri Mæland jobba frå 2001–2004 på pilotprosjektet Fjordapuls og var med Bakka i utviklinga av den dansefaglege metoden. Ho var i etterkant med i opplæringa i prosjektmetodikken og vidareutviklinga av han i mange av prosjektfylka, men var i ein åtteårsperiode frå 2009 til 2017 mykje fråverande frå prosjektet med andre arbeidsoppgåver og ein doktorgradspermisjon for å fordjupa seg i samværsdans og danseanalyse. Frå 2017 har Mæland, som no er dansefagleg ansvarleg etter doktorgradspermisjon, fortsett arbeidet frå kollegaene med å systematisera og skriftleggjera prosjektmetoden i «BD-boka».<sup>69</sup>

Denne framstillinga baserer seg på dette arbeidet, iblanda arbeidet til Sigurd Johan Heide. Heide tok over stafettspinnen frå Mæland i 2004–2011 og var fagleg prosjektleiar i Snu nordvest, Lea de og i starten på Trø te. Han avslutta arbeidsforholdet då han ønskte å fordjupa seg i kunstnarisk verksemd etter mastergraden i koreografi, men kom attende i BD-systemet då heimfylket hans Troms fekk BD-prosjektet i 2017. Både Heide og Mæland har dansetradisjonsfagleg fordjuping frå det tidlegare «folkedansstudiet», dansevitskap ved NTNU. Dei har djupdykka i tradisjonar over lang tid. Dette gjer at dei kjenner rammene for folkedansen – med tilhøyrande musikk, og såleis ønskjer å utnytta denne kunnskapen både pedagogisk og kunstnarisk.

69 Gro Marie Svidal kom inn som BD sin første prosjektkoordinator i 2012–2014. Ho gjorde ein stor jobb med å systematisera og koordinera prosjektmodellen og dansearbeidet, noko som var heilt naudsynt fordi det i denne perioden vart starta eitt prosjekt i året (2009–2014). Då ho starta som koordinator, hadde ho allereie vore prosjektleiar for Danseru i Buskerud sidan 2010. Ho såg behovet og var hjernen bak den digitale «BD-boka» for prosjekttilsette der dei kunne finna informasjon om alt frå arrangement av helgesamlingar til marknadsføring og dansemetodiske tips og triks. BD-boka består av tips og triks frå prosjekttilsette frå alle fylka.

## 2.1 DANSEOPPLÆRINGA - FAGGRUNNLAGET BAK

I dette delkapittelet vil me kort formidla den ideologiske bakgrunnen og definisjonen på folkedans som ligg bak prosjektet Bygda dansar, og som danna grunnlaget for folkedansformidlinga i prosjektet. Me vil også greia ut om dei fire prinsippa for folkedansformidlinga i BD: 1) Å dansa med – læring på gamlemåten, 2) Heia på personleg uttrykk, 3) Bruka lokale dansetradisjonar og 4) Bruka levande musikk. Eit viktig aspekt ved danseopplæringa i BD har også vore leik og samvær.

### ***Kva er folkedans?***

Det me i dag kallar norsk folkedans, er både danse-typar som i spesifikke historiske periodar har vore vanleg dans for folk flest i eit område, og dansetypar og dansemateriale som den norske folkedansrørsla brukar eller har brukt. Dansetypane som fell inn under norsk folkedans, er blitt systematiserte til å fella inn under seks hovudgrupper: bygdedans (springar, gangar, halling, rull og pols i alle sine lokale variantar), runddans (vals, polka, reinlendar og masurka i ulike former), turdans (rilar, kontradansar, pardansar o.a.), songdans (utvikla innanfor det organiserte folkedansarbeidet), songleik (både slike som vart brukte av bygdeungdom, og det som er att av leikar mellom born i dag) og 1900-talsdans (folkelege variantar av tango, foxtrot, swing/rock, shake etc).

Det har vore vanleg å skilja mellom kva funksjon dansane har hatt. På den eine sida har ein dans som framsyning og kappleik i folkedansrørsla, der undervisninga har vore systematisert opplæring. På den andre sida har ein dans som folk har lært gjennom herming og ved å dansa med i eit langt tidsspenn, der primærmålet har vore samvær med jamaldringar eller på tvers av generasjonar (Bakka 1978a). Mesteparten av dansefilmmaterialet i 8 mm- og 16 mm-samlinga til Norsk senter for folkemusikk og folkedans er av dansarar som har lært dansen gjennom herming og dansa med dei som kunne, dvs. folkeleg tradisjon. Dansane er filma/samla inn for å studera folkeleg tradisjon (Bakka, 1978a), dansar som Bakka tidleg oppdaga skilde seg ut frå dei same dansane når dei vart dansa i opplæringstradisjonen, i folkedansrørsla (Bakka, 1970). I rettleiingsboka *Danse, danse, lett skriv han:*

Eg er blitt meir og meir overtydd om at folkedansen har mist fleire av sine viktigaste kvalitetar ved overføring til opplæringstradisjon. Difor freistar eg å få med så mykje av desse kvalitetane som mogeleg i denne boka. Eg vonar at boka kan skapa ordskifte mellom folkedansarane og inspirera til vidare arbeid med å gi folkedansen attende så mykje av sitt tradisjonelle preg som mogleg (Bakka, 1970: 5–6).

Bakka dokumenterte desse skilnadane, heldt dansekurs, skreiv fleire opplæringsbøker og var primus motor bak opprettinga av folkedansstudia ved NTNU (1989) for å stimulera til å gjera skilnadane mindre, og for å få folk til å bli nysgjerrige på variasjonsrikdommen og danseteknikken hos dansarane som kom frå ein folkeleg tradisjonsbakgrunn der «vanleg dans for folk flest» betydde dansing ved sosialt samvær og usystematisk læring ved herming og ved å dansa og læra av mange. Dansen var for kroppsleg utfolding og glede. Dokumentasjonsfilmane til Bakka vart grunnlaget for danseformidlinga. BD vart utforma med mål om at denne formidlinga skulle førast tilbake til dei miljøa der dansematerialet i si tid vart filma, og at denne formidlinga skulle nå ungdomsgenerasjonen som ein håpa skulle forma den framtidige folkedanstradinga.

## Kva er folkedans i Bygda dansar-samanheng?

I prosjektsøknaden til Kulturrådet skriv Bakka:

Dei norske folkedanstradisjonane har levd som naturleg og sjølvsgd del av samværlivet i mange miljø, og det har alltid vore ei sterk prioritering av samværsfunksjonen til dansen. Mange dansar har [...] vore identitetsmarkørar for lokalmiljøa sine. (Sff/ Rff-sentret, 2000: 6).

Her refererer Bakka både til folkedanstradisjonen som vanleg dans for folk flest, men også til folke-dansrørsla sin bruk av folkedansen: «ei sterk prioritering av samværsfunksjonen til dansen», og dansen som «identitetsmarkørar for lokalmiljøa sine» gjennom kappleik og framsyning. Samtidig er dette siste også ei spegling av dei ideologiske samfunns- og forskingsstraumane som frå slutten av 1960-talet gjekk bort frå å sjå på folkedansen som nasjonal, og i staden begynte å sjå på lokale, geografiske stader der danseformene vart traderte og nytta.

I prosjektsøknaden knyter Bakka også folkedansen til folkekunsten, han går altså frå tanken om kulturelt samvær til kultur som kunst:

Folkedansen er som folkekunsten generelt på mange vis ein taus kunnskap. Han sit i kroppen til folk, som tame, som automatiserte rørslemønster og som noko opplevd og forstått, og let seg ikkje fullt ut verbaliserast, skrivast ned eller haldast fast. Han er ein straum av innleving, forståing og praktisk tame som berre flyt frå menneske til menneske, frå generasjon til generasjon gjennom tett og nær kontakt. (...) . Skal det vera ein levande kulturarv som kan inspirera må straumen av overlevering frå ein kunstnargenerasjon stadig flyta vidare til neste. (Sff/ Rff-sentret, 2000: 5)

Her knyter Bakka det immaterielle i europeisk kunsttradisjon med det immaterielle i folkedansformene i Noreg; dansen vert berre dans så lenge han vert tradert frå menneske til menneske. Det er på denne måten Bakka klarer å argumentera godt for BD si målsetting: å kombinera ei styrking av folkedansen som samværsdans, som regional og lokal immateriell kulturarv og som kunstuttrykk.

## Å dansa med - læring på gamlemåten

Å dansa med, læring på gamlemåten eller meisterlære har vore eit omgrep som har vore nytta (Bakka, 1978b), og som vart reaktualisert for danseopplæringa gjennom BD. Dette vart ikkje berre brukt som argumentasjon overfor kulturmyndigheitene, men vart eit viktig prinsipp for danseopplæringa i BD heilt frå starten av. Då prosjektet starta i 2001, hadde spesielt Sff og NU vore primus motorar for utvikling av folkedansmetodikk på folkedansen sine premisser. I prosjektet Norsk dans for 90-åra, der også FolkOrg var med, var det metodikken for bygdedansen som stod i fokus. Sjølvsgt vart desse formidlingsmetodane også nytta og vidareutvikla i prosjektet, men i BD såg ein likevel moglegheita til å relansera læring på gamlemåten gjennom samværsdans.



«Å dansa med» i Snu nordvest. Eivind og Ester dansar springar frå Søre Sunnmøre, 2006. Foto: Egil Bakka

*Kva ville me oppnå med læring på gamlemåten i prosjektet?*

Me ønskte i BD at ungdommane, iallfall i dei første åra, i stor grad skulle få opplæringa si frå intuitive kroppslege erfaringar, der automatisert kroppsleg rørslelære stod i fokus – ei opplæring liknande den ungdom fekk då dansen var allemannseige for folk flest, og der samspelet med musikken og meddansarane hadde størst merksemd. Ved å nytta metoden «dansa med» ville me formidla frå kropp til kropp sikker takt og rytme, balansering og samordning av steg og snuingar.

*Kva betydde å dansa med, læring på gamlemåten i prosjektet?*

For det første ville ein gjenskapa moglegheita for ungdommane til å læra frå mange (ikkje berre den eine instruktøren). Dette vart gjort ved å invitera inn danseførebilete, meddansarar og lokale instruktørar på helgesamlingar, å invitera BD til dansefestar i fylket, eller å invitera dansarar og danselag i fylket til samværsdans med ungdommane. Ein ønskte også i størst mogleg grad å involvera danseinstruktørar lokalt der ungdommane budde eller gjekk på skule.

For det andre, fleire danseførebilete gjorde det i større grad mogleg for ungdommane «å dansa med», å herma etter dei som kunne, i opplæringa. På helgesamlingar kunne dette skje som i pilotprosjektet Fjordapuls, at kvart danseførebilete og kvar instruktør fekk eit knippe ungdommar rundt seg som dei skulle dansa med etter tur. Dei fekk beskjed om å dansa dansen, og ungdommane fekk i oppgåve å herma. Litt verbal kommunikasjon skjedde nok, men mest frå kropp til kropp. Ungdommane kunne få fleire danseførebilete å dansa med under ei slik økt.

For det tredje, denne forma for opplæring gjorde at ein kunne nivåddifferensiera ved å dansa med som nybyrjaropplæring for nokre, medan dei meir avansert komne ungdommane fekk herma og kjenna på ulike motiv, dansemåtar og takt- og musikkkjensle. For det fjerde, dei lokale instruktørane fekk beskjed om å bruka dette som hovudmetoden, eller ein av hovudmetodane i prosjektet.

Prosjektet ønskte å formidla at instruktørane si dansekunne og tradisjonsformidling gjennom sjølve dansinga, gjennom kroppsleg overføring av sviikt og rytme var vel så verdifullt for prosjektet som instruktørferdigheitene deira.

BD-leiinga ved Sff hadde røynsler med at mange folkedansinstruktørar brukte rigide steg- og tursystem, ein måte å tradera på som ein ikkje såg spegla seg i måten desse dansa på, eller i den heilskaplege folkelege tradisjonen dei var representantar av. Med vektlegging av rigide steg- og tursystem vert læringa ofte prega av stor tankeverksemd, medan ein i BD ønskte at ungdommane, iallfall i dei første åra, i stor grad skulle få opplæringa si frå intuitive kroppslege erfaringar, der automatisert kroppsleg rørslelære stod i fokus – ei opplæring liknande den ungdom fekk då dansen var allemannseige for folk flest, og der samspelet med musikken og meddansarane hadde størst merksemd.<sup>70</sup>

I pilotprosjektet Fjordapuls var tankegodset med læring på gamlemåten formidla til dei lokale dansarane og danseinstruktørane gjennom skrivet «Smått er godt» (sjå vedlegg 3). Her vert avgjerda om å bruka metoden på lokale øvingar grunn-gjeven ut ifrå tanken om at ein må tenkja nytt omkring folkedansopplæringa når færre ønskjer å læra. I skrivet vert individet sett i sentrum for metoden og opplæringa. Det vart konkludert med at i undervisningssituasjonar med få deltakarar kan ein utnytta (mi utheving) at ungdommen kjenner seg sett og omfatta med interesse, og at dette kan vera like spennande som å vera ein del av ei større ungdomslæringsgruppe, om enn på ein annan måte. Dette tankegodset vart også formidla til ungdommane: På helgesamlingane kunne det sosiale gruppesamværet dyrkast i større grad, medan dei lokale øvingane la grunnlaget for læring frå lokale danseinstruktørar. I skrivet «Smått er godt» vert også eit individuelt læringsopplegg grunn-gjeve ut frå at ein då har sjansen til å utvikla og oppmuntra det individuelle særpreget.

70 Ei nærare grunn-gjeving og diskusjon omkring ulike opplæringsmetodar og kva tidlege opplæringsmetodar i folkedansrørsla har hatt å seia for folkedansstraderinga, skriftleggjorde Bakka for første gong i innleiinga til rettleingsboka *Danse, danse lett utpå foten* (Bakka, 1970).

### Heia på personleg uttrykk

I tradisjonelt miljø kan sume detaljar i dansen utførast på fleire måtar. Ofte er det faste reglar berre der det trengst for at dansarane skal kunna fylgjast åt, og den einskilde dansaren har stor fridom. (...). (...) fridom og individualitet er ei typisk og svært verdifull side ved folkedansen (Bakka, 1970: 8).

Med dette tankegodset om fridom og individualitet i bakhand vart det difor ønskeleg heilt frå pilotprosjektet starta i 2001, å utvikla ungdommane til personleg stil, til å dansa variert – og at dei som ungdommar kan ha ein stor variasjonsbank å velja frå – både dagens tradisjonsberarar og tidlegare dansestilar og variasjonar frå dansearkivet.

Bak dette tankegodset ligg dermed eit trykk på folkedans som danseformer, teknikk og (personleg) stil. Ved Sff har innfallsvinkelen til folkedansformene og formidlinga av desse vore analyse, analyse av dansar festa på film. Analysen har lege til grunn for å forstå grammatikken i dansen. For Sff og

BD har det å tenkja dansekonsept framfor dansar og danseframføringar vore heilt sentrale innfallsvinklar til arbeidet med dansen. Bakka har vore premissleverandør for denne tenkinga. Han definerer dansekonsept som «[...] summen av motorisk dugleik, kunnskapar og førestillingar som set ein dansar i stand til å utføra ein bestemt dans i samsvar med normene i tradisjonen» (Urup, Sjøberg, Bakka, & Christensen, 1988: 243). Ferdigheitene og kunnskapen ein har om dansekonseptet, er skjulte, men dei er nødvendige for og integrerte i danseframføringane. Dansekonseptet gjer dansaren i stand til å kjenna igjen og relatera seg til kvar enkelt realisering/dansing av danseforma (Bakka & Karoblis, 2010: 173). I formidlinga og undervisninga får dette utslag i at danselærarane i BD tenkjer ut frå ei heilskapleg forståing av dansen. Gjennom analyse av danseformene kan danselærarane oppdaga og forstå grammatikken, dansekonseptet i danseformene dei ønskjer å formidla. I dei danseformene der variasjon er ein del av grammatikken, analyserer dei for å sjå kva som er bein-grinda, det som ligg fast, kor variasjonen og individualiteten kjem inn og mønsteret for variasjon og individualitet.



*Xenia, Even, Ola og Åshild, ungdommar frå Rogalender presenterte seg sjølv med rørslesignatur i sluttframsyninga Sviver i det, 2019. Foto: Gunn Elton*

I BD har me framheva ein metodikk der ungdommane allereie frå nybyrjarstadiet får oppleva dansen som noko dei er med og utformar sjølve. Dei vert introduserte for variasjonsmoglegheiter frå byrjinga av. Metodikken gjev eit mønster for struktur, og eit mønster for variasjon. Ungdommane lærer tidleg å variera, det vil seia å ta val, og dei får sjansen tidleg til å utforma sin dans etter sitt humør, innfall og med den kroppen dei har. I BD ventar ein ikkje med dette til ungdommane kan dansen, men variasjonen er ein del av opplæringa frå byrjinga av. I ein leikande metodikk og ei leikande, skapande tilnærming til dansen får dei utforska ulike danseuttrykk. Me kjem attende til leiken i eit delkapittel nedafor.

Bak ei slik metodisk tilnærming ligg ein klar tanke, retning og ein klar struktur. Det er ikkje slik at ungdommane «fritt» kan finna på ting. Metodikken er å systematisk introdusera ungdommane steg for steg for ei kroppsleggjing av dansekonseptet folkedans, og for dansekonsepta til dei danseformene dei lærer i prosjektet. I nybyrjaropplæringa er grepet å læra dei variasjon og å ta val. Dette blir gjort på ulike måtar, som å gje dei to alternative tak eller motiv som dei vekslar mellom, eller to forskjellige stegkombinasjonar, eller å variera fritt enkle motiv- eller stegkombinasjonar, eller få ungdommane til å leggja inn eigne «moves» på spesifikke stader i dansen. Eit «move» kan vera alt frå ein personleg signatur med ein fotgest eller handgest, til å leggja inn triks frå eige rørslerpertoar i hallingen (slå hjul, hoppa høgt etc.). I byrjinga grip ungdommane ofte fatt i rørslemønster dei kjenner frå før av, og sjølv om desse ikkje ser «folkedansaktige ut», vert det akseptert. Målet i byrjinga er å læra seg å tora variera og improvisera i det heilt enkle.

Etter kvart som ungdommane vert tryggare i dansen, introduserer danselærarane gradvis ungdommane for steg, motiv og stiluttrykk frå dansetradisjonen og utøvarane i fortid (på film) og notid. Målet er at ungdommane skal få bli introduserte for mangfaldet av variasjonsuttrykk i dei danseformene som prosjektet legg vekt på. Ideen er at dei frå dette store mangfaldet, dette rike dansekonseptet, etter kvart vel ut og skaper sitt danseuttrykk, sin dans.

Det er i talentutviklingsfasen, spesielt siste året, det vert vektlagt å gje ungdommane reiskapane til å kunna kombinera og utforska i større grad dei kunnskapane dei har fått og får frå dei ulike lærarane i prosjektet. Ungdommane vert rettleia mot å skapa sin eigen dansestil og danseuttrykk.



*Ungdommar i Lea de øver og tester grensene for samdans på helgesamling på Vinstra, 2007. Foto: Sff*


### Lokale dansetradisjonar

Som skrive ovanfor var det viktig for Sff å gje kunnskap frå dansearkivet attende til lokalmiljøet gjennom BD. Folkedans i BD er både lokalt forankra tradisjonar, og det er revitalisering av tradisjonar som få har kunnskap om lenger (kan dansa) i lokalmiljøa.

Av dei seks hovudgruppene ein kan dela folkedansen inn i, er det bygdedansen og runddansen som har fått størst vekt i BD. Det er desse danseformene det finst mest av i dansearkivet, og det er desse danseformene som har vore høgfrekvente, har blitt dansa mest på fest av folk flest. Det er også i desse danseformene variasjonsmangfaldet er størst både i den spesifikke dansetradisjonen og mellom tradisjonsområda.

For BD har det vore spennande å forsterka og inspirera arbeidet med springarar og polsar som allereie er i god bruk, og å revitalisera dansetradisjonar som ikkje vert dansa lenger. I runddansarbeidet har det vore spennande å få runddansvariantar sterkare i bruk att. Mange stader har runddansopplæringa vore prega av standardformer, medan ein hos den eldre generasjonen kan finna fleire spennande variantar og variasjonar. Å knyta denne eldre generasjonen med god dansekunne med lærarar og ungdom gjev ofte ei heilt spesiell forståing og kontakt med tradisjonen.

Variasjonsmangfaldet i fylka har variert frå Troms, som har hatt eit lite tradisjonsmangfald i levande minne og i dansearkivet, og til fylke der BD har måtta gjera eit nennsamt utval av materiale. I nokre fylke var det ei, toppen to bygdedansformer som var kjende. Her lærte alle ungdommane i fylket desse danseformene. I andre fylke som Sogn og Fjordane og Oppland var det eit så stort variasjonsmangfald av ulike springarar eller polsar at prosjektet måtte velja kva danseformer dei ville satsa på. I nokre fylke var runddansformene rike og varierte, i andre meir standardiserte. Også turdansformer, songleikformer og 1900-talsdansar har blitt inkluderte i repertoaret det vart undervist i, og også desse har danna dansegrunnlaget for BD sine kunstnarlike framsyningar, i nokre fylke i stor grad, i andre fylke i mindre grad. Me kan til dømes nemna at for Trø te i Nord-Trøndelag fekk turdansane frå Namdalen ekstra stor merksemd, fordi desse er unike ved å ha blitt traderte mest opp til vår tid. Mange av turdansane frå Akershus er



Denne illustrasjonen skildrar to måtar å forhalda seg til tradisjon og primærkjelder på. Danseformidlaren til venstre er oppteken av å formidla den rette tradisjonen. Resultatet i ei slik tradisjonsforståing er som oftast einsretting kor kjeldene til og med kan vera truande. Danseformidlaren til høgre formidlar også si tradisjonsforståing, men viser vidare til primærkjelder og andre tradisjonsutøvarar. Resultatet i ei slik tradisjonsforståing er som oftast mangfald og variasjon, og ei oppmuntring til å skapa si eiga personlege danseform basert på mange kjelder (Bakka, Okstad og Flem, 1993).

velkjende i folkedansrørsla og måtte med, men her måtte det i stand eit større revitaliseringsarbeid med springdansen for å få med bygdedanstradisjonen i fylket.

Mangfald er for BD eit fyndord. BD si vektlegging av lokale tradisjonar har ikkje berre samanheng med ideen om dansen som lokal, og at dansane har ulike dialektar. Det har også samanheng med at vi ønskjer å byggja opp eit tradisjonsmangfald og kroppsleg mangfald. BD ønskjer å tilføra dette mangfaldet teknikkar, idear og ideal frå tradisjonsdansen slik han har blitt utført utanfor folkedansrørsla som særeigne kvalitetar og teknikkar. Filmmaterialet i dansearkivet hos Sff er ei skattekasse i mangfald. Ei utfordring her er at kvar enkelt region eller fylke kan ha sitt eige estetiske ideal når det gjeld dansane. Ulike stiltrekk, men også ulike delar av dansen blir vektlagde i ulike distrikt og tradisjonar. Dette har variert sterkt ifrå ulike prosjekt, og det har vore Sff sitt mål å kunna både læra opp ungdommane til konvensjonane og normene i deira distrikt, og å få dei til å dansa dansane med ulike uttrykk. Til dømes kan ein polsdans frå Stangnes på Senja, som blir sett på som litt vill, rå og kraftfull, kunna dansast vart, roleg og med mjukheit, og ein rull frå Voss må også kunna dansast med stor fart, stor kraft og utagerande rørsle.

### Levande musikk

Folkedansen i Noreg er ein rytmisk forflyttings(par)-dans, danseformer som hovudsakleg vert utøvde i samspel med rytmisk slåttespel/folkemusikk. Den norske folkemusikken og folkedansen er eit

sams kunstuttrykk, ei dans-musikk-form der desse utøvande uttrykka i klingande lyd og kroppsleg utøving er tett knytte saman i rytmisk utøving og i namnebruk. Ordet rytme viser både til lyd og rørsle, til repeterte mønster. Det er desse repeterte rytmiske mønster som skil namnebruken på dei ulike dansane og slåttane. Namnebruken for dansen og slåttene er sams. Ein vals kan både referera til dansen og til musikken, likeins ein springar, ein halling eller ein reinlendar etc. Folkemusikken og folkedansen møtest i rytme, i rytmisk samforståing. Å styrka den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen som han alltid har høyrte saman med, har difor vore eitt av dei åtte delmåla for dei enkelte BD-prosjekta. Den rytmiske samforståinga er ikkje universal eller norsk, men ei samforståing utvikla i miljøet der danse- og musikkformene vert utøvde. Den rytmiske samforståinga er lokalt forankra og kan vera ulik mellom tradisjonsområde, eller variera i tradisjonsområda, eller vera heilt individuell.

Det har vore eit mål i BD å vidareføra lokalt forankra folkedans som ein rytmisk samspelende faktor med lokalt forankra folkemusikk og som eit møte mellom levande, tilstadeverande menneske og deira tradisjons- og kunstuttrykk. Det har vore eit mål å oppretthalda det rytmiske møtet mellom musikken og dansen som augeblikkskunst, eit møte og ei kunstform som oppstår mellom utøvarane. Det ligg ei mogelegheit til å improvisera i det detaljerte, både for musikarar og dansarar. Å ta bort ein av faktorane, anten ved å ta bort musikaren og ta i bruk innspelt lyd, eller å ta bort dansarane endrar tradisjonsuttrykket.



Til venstre: *Lek Østa!* er på dansefest i Alvdal under helgesamling, 2012. Foto: Sff. Til høgre: BD har hatt tett samspel mellom dans og musikk også under framsyningane sine. Her er deltakar og spelkvinne Ingrid Stuhaug tett på Linda og Bjørnar i Fjordapuls si sluttframsyning *Meistermøy*, 2004. Foto: Sff



I BD ønskjer me å vidareføra den lyttande dansaren og musikaren, det vil seia at ein i danseundervisninga ikkje legg vekt på teljing, men gjennom aktiv lytting finn puls, frasar, motiv, vek og andre samanhengar som mikrorytmikk. Dette har BD også vidareført som eit av prinsippa sine i mange av dei ulike framsyningane. Svært få koreografiar er laga med teljing, men anten med musikalske markørar og musikalsk samspel som er kjent for dansarane frå samværsformene av dansane eller i rom for augeblikkskunst der samspelet fritt får utfalda seg.

BD har ønskt å stimulera til at fleire spelmenn ønskjer å fordjupa seg i dansespelet, særdraget med eit rytmisk samspel med dansarane. Det har også vore eit medvite val å gje danseoppdrag til musikarane og oppmuntra dei til slåttespel i samsvar med dansetradisjonen. Ein ønskte å framheva og dyrka det særmerkte i den lokale tradisjonen gjennom både dansen og spelet.

Det har vore viktig for BD å bruka ressursar på levande spelemenn på skuleturnear, på helgesamlingar, lokale øvingar og på midt- og sluttframsyninga. Det har vore eit medvite val både at ungdommane skulle få oppleva det unike med spel-dans-tradisjonen som er tradert gjennom generasjonar, å få samspela og samverka med musikarar. Det er ei heilt spesiell røynsle å erfarar dei utøvande uttrykka i spelet og dansen som samutøving. Kvalitetar i dansen får gjenhøyr i musikken og omvendt. Dette samspelet og denne samutøvinga ønskte BD å tradera vidare.



*Tiljetakt i rytmisk samdriv i hallingen under sluttframsyninga Mørkt her endå er i dalen, 2016.*

## Leik og samvær

Også i bruken av leik som metode dannar basisfaget, vitkapsfaget folkedans grunnlaget for tenkemåten, her i godt samspel med idégrunnlaget og menneskesynet om det musiske og skapande mennesket (Bjørkvoll, 1989).

Leik dreier seg i sterk grad om relasjonar, om samvær, å uttrykka og utfordra seg sjølv innanfor klare sosiale rammer. Å seia at kunst eller folkedans handlar om relasjonar, er på ein måte det same som at leik handlar om relasjonar. Ein har eit bestemt mønster eller regelverk, slik som til dømes ein vals, som ein så kan leika saman. Ein finn mange slike eksempel på rammer for relasjon som skaper leik, samvær og kunst.

Allereie på skuleturneane har elevane møtt folke-dans-tradisjonane frå sine fylke som samværsformer. Me har vore opptekne av å nytta oss av metodar for rask meistring av nokre få utvalde danseformer. Me har laga rammer for at ungdommane raskt skal meistra å dansa saman. Metoden er basert på å gje dei nokre konkrete faste strukturar for motiv, med rask progresjon i steginnlæringa med utgangspunkt i rørsler dei allereie kjenner: gåing, springing og hinking. Når denne strukturen er oppnådd, gjev me dei konkrete element som dei kan leika seg med, variera og improvisera alt etter danse-type og tradisjonsområde. Med ei slik tilnærming har me ønskt å visa ungdommane at folkedans er samvær, samvær om å skapa eit fellesskap i danserytmar til musikk. Vi ønskjer å visa at folkedansen er fast og strukturert, men samtidig skapt i nået og open for at kvar enkelt kan leika seg i og med strukturen og gjera si tolking og sin versjon. Leik dreier seg nemleg ikkje berre om relasjonar, men også om eiga kroppsleg utfolding og utforskning.

I daglegtalen kan ein seia om gode dansarar at dei leikar seg med musikken, at dei leikar seg med kraft og balanse, at dei leikar seg med elementa, at dei leikar seg med strukturen osv. Det er denne leiken til dei gode dansarane me har ønskt å gjenskapa saman med ungdommane og i talentutviklinga. Det lettaste har då vore å gripa fatt i leik med enkle stegmønster, eller leik med enkle strukturar. Me startar difor ofte med danseformer som har ein slik leik innebygd.

Solodansen halling er ei ynda danseform for å læra ungdommane om leik, variasjon og improvisasjon. I og med at det i hallingen ligg så mange motiv og



*Leik og samvære i Lek Østa!, 2012 og Egdedans, 2013. Foto: Agnar Olsen*

turar som i seg sjølv har vorte brukte som leik og småkonkurransar, er det mest berre fantasien som set grenser for leiken. I hallingen er det også enkelt å kunna tilpassa dansen til den enkelte sin fysikk, behov og ønske for kroppsleg utfolding.

Men i folkedanstradisjonen ligg ofte leiken og samværet liksom mykje i dei små strukturane som i dei store. Ungdommane treng difor å læra å leika seg med strukturar som kontrastar, med dynamikk, å leika seg med kraft, små og store rørsler, brå, mjuke, hakkete osv. sviktkurver, framdrift, skritt lengde, rotasjon, balanse osv. Denne leiken handlar om forholdet til musikken, men også å læra seg korleis ein kan uttrykka musikken med kroppen. Leiken

handlar om å utvikla sin eigen dansikalitet. Med dansikalitet meiner me evna til å skapa danseuttrykk gjennom variert og dynamisk bruk av rørsler, til å utvisa god dømmekraft i utnytting av kraft, tyngde og balanse i tid og rom i samhandlinga med meddansaren sine rørsler og medmusikaren si utøving av slåtten. Utgangspunktet er heile tida danserørslene, dei vertikale, sviktande danserørslene, og korleis desse vert tolka i kvar enkelt dansetype i kvar enkel dansetradisjon (Mæland, 2014). I neste kapittel, under overskrifta utvikling av dansemetodikk, vil me utdjupa korleis ein kan leika med og utvikla ein dansemetodikk for leik og utforsking av dansikalske element.

## 2.2 DANSEOPPLÆRINGA - TALENTUTVIKLING

BD har heile tida jobba systematisk med talentutviklinga. Frå første stund frå første prosjekt, og frå starten av alle prosjekt har BD hatt målet om talentutvikling i pannebrasken, sjølv midt oppi rekrutteringsturnear og nybyrjaropplæring. Det var tidleg klart at me måtte ta metodiske grep for å gje ungdommane appetitt for rørsle – me måtte læra ungdommane å bli nysgjerrige og ha lyst til å trenar og øva sjølve.

Kjernen i danseopplæringa har vore:

- intuitiv rørsle- og musikkforståing (svikt, takt og rytme) i nybyrjaropplæringa
- å øva inn kva rammer og strukturar som er kjernen for kvar enkelt dans/danseform, og konteksten rundt denne
- å øva inn grunnleggjande rytmikk, tak og formasjonar
- å øva inn rammer og strukturar for eventuell variasjon og improvisasjon knytt til rytmikk, tak, motiv og formasjonar
- å øva mot ein avslappa, avspent kropp: å vera rytmisk i heile kroppen for å kunna dansa saman med musikken
- å øva på dansikalitet: ulike typar kraft og dynamikk i same rørsle, og i med- eller motfase mot musikken
- å øva på balanse og ubalanse i eigen kropp, og i samdans med partnar
- å øva på å ta sjansar, gjera feil, retta opp att og tora å ta tak i danserørsle sine
- å øva på å lytta – til eigen partnar, til musikken, til rommet
- å øva på å ta eigne rørslemessige val, tora å uttrykka seg sjølv kroppsleg, samtidig tora å tilpassa seg dansesituasjonen og lytta seg inn til dei andre aktørane.

Kvart prosjekt har starta med eit lite kjerne-repertoar, med dansar som utfyller kvarande, t.d. å øva hoppsteg i reinlender og halling, eller å øva inn fleire danseformer med same rytme. Det har vore viktig å læra ungdommane å dansa, ikkje berre dansar.

Me har bygd stein på stein med gradvis utvida repertoar, og gradvis å gje ungdommane eit større repertoar innanfor kvar enkelt danseform. Dette gjaldt spesielt for bygdedansformene som ofte er rike og varierte, men også for enkelte runddansformer. Me ønskte å undervisa for mangfald, at ungdommane skulle spegla variasjonsrikdommen i danseformene, men også at ungdommane kunne talentutviklast gjennom å få eit stort, breitt dansekonsept, få innblikk heilt til ytterpunkt av det som tradisjonsmiljøet kjenner igjen som danseforma.

Som skrive ovanfor har det å dansa med dei som kan, vore ein viktig grunnstein i danseopplæringa, men også å heia på personleg uttrykk. Sjølv om BD driv og har drive mykje med plenumsundervising, eignar dette seg best til å få inn strukturar og peika på danseteknikk. I BD har ein jobba mykje med enkeltindivida, med deira styrkar, og analysert korleis me kan hjelpa dei til vidare framgang – kva som er deira «hinder» for framgang. I tillegg til å fremme intuitiv læring ved «å danse med», har ein laga seg undervisningsstrukturar der ein går rundt og rettleiar kvart individ / kvart par, eller der ein av instruktørane driv plenumsundervising og dei andre instruktørane gjev ein-til-ein-instruksjon med ein og ein ungdom/dansepar i eit parallelt rom, eller der dansepara og spelmennene dansar og speler for kvarandre der dei får tilbakemelding frå meddansarar og førebilete, eller der ein og ein dansar eit moment/steg på tvers av golvet med klare arbeidsoppgåver og tilbakemeldingar, eller bruk av speglar og video for sjølvrettlegg.

### **Frå danseanalyse til danseundervising**

I samsvar med grunnposisjonen til BD, der basisfaget folkedans ligg til grunn for dansearbeidet, har det vore ein premiss at alle dei tilsette fagkonsulentane som har verka som danselærarar i BD, har jobba fagleg med analyse, utvikling av pedagogiske opplegg, praktisering og sjølvutvikling i dansen. Desse tre faktorane har gått hand i hand. Det har vore venta at fagkonsulentane sjølve har vore eller blitt svært gode på å dansa dansane det vert undervist i i prosjektet, og ikkje minst at dei har kunna undervisa i dansane slik at ungdommane vert talentutvikla mot eit høgt nivå.

BD følgjer modellen som vart publisert i 1993: «Pedagogisk arbeid ved Rff-sentret» (Bakka, Flem, Okstad, 1993). Fagpedagogane analyserer dansefilm og intervju frå tidlegare feltarbeid –



*Egdedans har fagdag og diskuterer tradisjonsdansen og tradisjonsmusikken saman med dansarar og spelmenn frå Vest-Agder, Vigeland 2013.*

materiale som er arkiverte ved Sff (tidlegare Rff-senteret) – og gjer eventuelt egne feltarbeid. Analysen legg til grunn alle framføringane me har tilgjengeleg av danseforma. Først ser me gjennom og transkriberer/skriv ned med enkel notasjon kvar enkelt danseframføring. Deretter samanliknar me transkripsjonane grundig for å finna ut kva som går att i alle, og kva som varierer. Heile tida testar me ut transkripsjonar og analysar gjennom eiga kroppslegging av dansematerialet. Til grunn for dette lagar me ei nedteikning av dansekonseptet (sjå definisjon ovanfor) som ligg til grunn for danseundervisninga. Dette dansekonseptet vert til dels skriftleggjort, men viktigast er det å få kroppsleggjort alle mogleghetene, all valfridomen, reglane for improvisasjon for deretter å undervisa desse til ungdommane slik at dei kan gjera sine val. Dei fast tilsette pedagogane formidlar dansekonseptet gjennom si undervisning, men også ved å gje ungdommane sjansen til å møte primærkjeldene frå tradisjonen – både ved å be ungdommane by dei opp på dansefestar, invitera desse med i undervisninga for å dansa med ungdommane, og ved å formidla arkivklipp til dei mest interesserte ungdommane.

Målet er å formidla rammene og variasjonsbreidda til ungdommane og gje dei moglegheit til å gå tilbake til kjeldematerialet og tolka det ut frå si samtid. Håpet er at tradisjonen dermed ikkje vert stivna i fastlåste tankemønster frå tidlegare generasjonar, men opnar opp for folkedans som samtidsdans – gjev meining til danseutøvinga i si samtid.

Eit slikt arbeid som er skissert ovanfor, er krevjande. Difor har det vore behov for BD å møtast til felles fagdagar for å utveksla røynsler med kollegaer frå andre prosjekt, og med fagpersonalet ved Sff, og ikkje minst ha fagdagar og seminar om danse-tradisjonane saman med tradisjonsbærarane i fylket, anten dei er folkedansinstruktørar, spelmenn, dansarar eller lokale fagpersonar.

Det er ein slik måte å forhalda seg til tradisjonen på som også ligg bak det sceniske arbeidet i BD. Dette arbeidet vil me skildra i neste delkapittel. Men før det vil me i dei følgjande underkapitla skildra ulike døme på det dansefaglege samarbeidet som ligg «bak» undervisninga som ungdommane møter.

### **Dansestrategiske mål**

Eit prosjekt som jobbar i 3-årsbolkar, har moglegheit til kontinuitet og fornying av tankar og idear for kvar prosjektstart. Systematisk dansefagleg arbeid frå Akersarv vart vidareformidla til Mæland då ho kom attende frå permisjon. Dette, og Mælands røynsle frå utvikling og gjennomføring av pilotstudiet i utøvande tradisjonsdans ved NTNU frå 2009–2012 (Mæland, 2014), danna grunnlaget for dagens arbeid med og mot dansestrategiske mål (sjå vedlegg 4). Kwart prosjekt jobbar med å finna sine dansefaglege mål for prosjektet og ungdommane – overordna mål og konkrete delmål. Desse målsettingane heng saman med det overordna rammeverket for dei tre åra: Første året er dette rekruttering og etablering av prosjektet. Andre året er undervisning av tradisjonsmateriale og midtframsyning. Tredje året dreier mykje av arbeidet seg mot sluttframsyninga. Fagkonsulentane set seg også ulike dansefaglege mål for dei ulike åra, eit overordna mål for kvart år, og deretter nedfelt i delmåla sosiale ferdigheiter og ensemble-tenking, koordinasjon og teknikk, dansikalske mål og det sceniske og kunstnariske som skissert i tabell 2.1. Nokre av desse aspekta er det allereie gjort greie for ovanfor, men delmåla vil også bli nemnde i framstillinga nedanfor.

Kwart prosjekt diskuterer desse punkta også med utgangspunkt i Skisse til, tankar og røynsler om metodisk danserarbeid i BD (sjå tabell 2.2).

TABELL 2.1: Dansefaglege mål for ungdommane frå nybyrjar til midtframsyninga, til sluttframsyninga

Mål o.a.:	1. året	2. året	3. året
Sosialt/ensemble:			
Koordinasjon/teknikk:			
Dansikalske mål:			
Sceniske/ kunstnarisk:			
(BD Akershus dansefaglege mål for ungdommane: 1. året: Å finna fram til dansen. Vera i rommet 2. året: Soloar i dans. 3. året: Å vera eit ensemble).			

Tabell 2.1 viser utdrag frå rammeverket med å definera dansefaglege mål i kvart enkelt prosjektfylke (sjå vedlegg 4). Målstyringa vert brukt som ein reiskap for å gjera dei overordna måla konkrete, handterbare og realistiske med klåre milepålar. Dei prosjekttilsette må tenka måla i ramma at dei skal vera handterbare og akseptable i ein individretta metodikk med ei mangfaldig gruppe ungdommar når det gjeld nivå og personlegdomar.

I dette rammeverket gjer fagpersonalet strategiske val av danse- og musikkrepertoar på rekrutteringsturné, helgesamlingar, midt- og sluttframsyningar. Dei må også ta stilling til kva repertoar som trengst eller som det er ønskeleg å utforska nærare, og også kva repertoar ein ønskjer dei lokale instruktørane skal ta hovudansvaret for. Andre strategiske val gjeld progresjon i dansearbeidet, kva dansekvalitetar ein ønskjer å framheva, pedagogiske og metodiske val. Dette vert deretter sett i samanheng med dei menneskelege ressursane som prosjektet treng for å nå måla. Ein ser på kva ressursar som allereie ligg føre hos fagpersonalet i BD og Sff, og på kva ressursar ein ønskjer å hyra inn i prosjektet. Involvering av lokale dansarar og musikarar ligg som ein premiss. Det er også ein premiss at ein skal nytta seg av eksternt personale til produksjonane (sjå vedlegg 4).

### **Utvikling av dansemetodikk – svikt, fråskuv og dynamikk for utvikling av koordinasjon, teknikk og dansikalitet**

Som skrive ovanfor har BD hatt ei leikande samværsform-tilnærming til lokale danseformer der me tidleg har introdusert ungdommane for å gjera rørsleval ut frå ideen om dansekonsept. Samtidig som me har hatt dette grunnsynet, har me jobba med utvikling av metodikk teknikk for dei ulike dansetypane. Nedanfor vil me gje to døme på metodisk utviklingsarbeid i BD. I begge døma kan ein finna att ideen om å øva inn folkelege svikt-teknikk som grunnlagstrening. Difor startar me først med metodikk for svikt.

Neste side: Tabell 2.2 viser tankane og røynslene som Siri Mæland sat igjen med etter pilotprosjektet Fjordapuls i 2004. Mange av tankane er inspirasjon frå Egil Bakka gjennom opplæring og eit tett samarbeid. Tankane vart formulerte i samband med oppstarten av Snu nordvest hausten 2004. Tankane har blitt vidareført til dei andre BD-prosjekta gjennom «BD-boka», og har vist seg å tena som inspirasjon, til vidareføring og til fornying.

TABELL 2.2: Skisse til, tankar og røysler om metodisk dansearbeid i BD

	<b>Danserørslar:</b>	<b>Struktur:</b>	<b>Kva tek vi vekk / lar stå:</b>	<b>Gruppenivå</b>	<b>Individbasis</b>
<b>Nybyrjar-nivå</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Store, gode rørsler.</li> <li>• Mykje utslag.</li> <li>• Jobba med hopping, springing, gåing.</li> <li>• Avslappa kropp (gjev ofte middels/lågt tyngdepunkt og «dansande» overkropp).</li> <li>• Snuteknikk og tak/balanse.</li> <li>• Musikk/dans: Rytme og takt. Betoning og melodi.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje kortformer.</li> <li>• Gje struktur med variasjons-moglegheiter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Slengande føter og armar kan gje personleg danses-til – estetikk bør ikkje vektleggjast.</li> <li>• Nokre ser naturleg «folkelege» ut.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Innøving av enkeltdansar, få strukturar.</li> <li>• OBS! Variasjon i metode!</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Dansa med!</li> <li>• Læring på «gamlemåten».</li> <li>• Ev. hjelpa med adekvat danses-til for dei som strever. – Gå på svikt og rytme, ikkje på stil!</li> </ul>
<b>Mellom-nivå</b>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Detaljar i dan- seteknikken.</li> <li>• Jobba masse rytme og teknikk – energi.</li> <li>• Pardans: Festa snuteknikk og tak/balanse – og utfordra.</li> <li>• Samspel musikk/ dans.</li> <li>• «Digga musik-ken»: Rytme(r) og takt(er). Jobba med dansikalske element.</li> <li>• Jobba med kon- trastar.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Kunna struk- turane i dansen, og manipulera/ variera dei etter gjevne rammer.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Forsiktig rettlei- ing på armar og føter.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Gje/jobba med teknikkar i ple- num, MEN heile tida personleg tilbakemelding.</li> <li>• Samarbeid- slæring</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Personleg tilbakemelding på svikt, teknikk. Individbasert.</li> </ul>
<b>Overnivå/ Toppnivå</b> (for dei fleste siste halve året)	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Estetikken vek- tlagd.</li> <li>• Jobbing med overkropp, føter og armar, men in- dividuell danses-til.</li> <li>• Først her ev. ta ned svikt.</li> <li>• Samspel musikk/ dans:</li> <li>• Musikalitet og dansikalitet.</li> <li>• Musisera saman, dynamikk, varia- sjon i utslag</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Variera struktur i form og trinn/ steg, improvisera innanfor ram- mene, og utfordra rammene. Finna si personlege danseform.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Jobbing med føter og armar, men individuell danses-til.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Samarbe- ids-læring. Ansvar for eiga læring.</li> </ul>	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Berre jobbing på individbasis</li> </ul>

## Svikt

Sett under eitt og generalisert har tradisjonsdansen i hovudsak nokre generelle trekk når det gjeld dansestil og teknikk: ein avslappa, avspent kropp som utnyttar tyngdekrafta som kraft til ein sviktande og rytmisk dans. Sviktande vertikale bølgerørsler i heile kroppen er typiske for kroppsleggjing av rytme i folkedansen, og også mekanikken til kroppen for å bevega seg framover i ståande posisjon. Bakka har formulert nokre av trekka ved dei sviktande, vertikale bølgerørslene som påstandar om folkeleg danseteknikk og metodiske øvingar i ulik bruk av tyngdekrafta, til «løft» og «fall» i ei førelesingsrekke han har kalla for Grunnlagstrening på «folkedansstudiet» ved NTNU, og i lærebok i dans for den vidaregåande skulen, der han skildrar ideal, normer og rørslekvalitet i folkedansen (Bakka, 1997). I idealet og normene tek han utgangspunkt i rørsler ungdommane allereie kan, frå gåing og springing. Han tek utgangspunkt i allereie kjende rørsler, og skriv korleis ein kan øva på å dansa gåande og springande med folkeleg teknikk. Tanken om grunnlagstrening i folkedansen har inspirert fagpersonalet i BD opp gjennom tidene til å eksperimentera og utvikla metodiske opplegg for å jobba med den sviktande og rytmiske dansen.

Eit viktig diskusjonsaspekt her, som me har hatt med oss frå arbeidet med Bakka, er det teknisk universelle og teknisk spesifikke. Han understreka stadig når me jobba saman, at kvart tradisjonsmiljø har sin måte å utføra dansane på. Det finst ingen universell norsk folkedansteknikk. Det finst ingen idealfolkedanskropp. Bakka verka redd for at me i den yngre generasjonen skulle byta ut ei form for uniformering (stivna, fastlåste danseformer) med ei anna form for uniformering (stivna, fastlåste reglar for teknikk). Dette står, slik me ser det, ikkje i motsetnad til det at han også seier at svikten er grunnleggande for den norske tradisjonsdansen (Bakka, 1970). Slik me tolkar han, er svikten motoren, men dei ulike detaljerte utføringane av svikten, ulike former av løft og fall utførte med ein spesifikk kroppsmekanikk gjev rom for og skaper ulike utføringsmåtar i form av kraft, tyngde og balanse til ulike og spesifikke danserytmar i ulike tradisjonsmiljø.

På nybyrjarnivået og mellomnivået er difor jobbing med kraft, tyngde og balanse også viktige moment. Det er viktig når det gjeld å utvikla sjølve den sviktande, rytmiske grunnteknikken, men også i rundsnoteknikken og for å skapa dansekunst. Me vil utdjupa dette med to metodiske eksempel nedanfor.

### Fråskuv og runddansteknikk

I ulike prosjekt har det blitt nytta ulike måtar for å læra inn rundsnoteknikk. Ulike fagpersonar har sine måtar for dette. I tillegg har det også blitt vidareutvikla og eksperimentert med teknikk-metodikk. Til dømes i Rogalender eksperimenterte dei tilsette i BD: Torill Steinjord og Elisabeth Ellingsen saman med fagansvarleg Siri Mæland med fråskuv i runddansteknikken. Utgangspunktet for arbeidet var å diskutera korleis ein kunne få ungdommane frå Rogalender over frå nybyrjarstadiet til mellomnivået, til å bli heilt ok dansarar. For oss var fråskuv eit omgrep som me kunne knyta til svikt, og me jobba og eksperimenterte med korleis ein ved hjelp av svikten kan skapa kraft frå golvet, ved å skyva frå og skapa rotasjon. Dette omgrepet, som me hadde fanga opp av ein dansepedagog i Rom for dans, vart utgangspunktet for eit analytisk, eksperimentierende, metodisk arbeid der me testa ut ulike former for kraft og retningar i fråskuven som grunnlaget for å danna rotasjon i ulike snuingar. Slik gjekk arbeidet føre seg:

1. På ein fagdag tok me utgangspunkt i ein dokumentasjonsfilm der fagpersonalet i Rogalender filma «sluttresultatet» av arbeidet på 2. og 3. helgesamling i Rogalender. Her dansa ungdommane springar og ulike typar runddansar. Målet var å diskutera det vidare dansepedagogiske arbeidet med utgangspunkt i dansekunna til ungdommane.

2. Me såg at ungdommane allereie hadde opparbeidd seg adekvat god taktforståing for ulike rytmar, men at det største hinderet til mange av dei for å kunna koma seg vidare i danseutviklinga var å få til ein god rundsnu i runddansane. Snuteknikk og steglengde kom i vegen for og vart til hinder for rytmen. Me såg at dette handla om balanse mellom partnarane, men også ei manglande kroppsleg forståing for snuing, retning og kraft.

3. Inspirert av omgrepet fråskuv og med ein idé at dette kunne vidareutviklast som eit metodisk moment i folkedansopplæringa, brukte me ein time på å testa ut ulike former for å skyve opp, fram, rundt, til sida, og med ulike former for kraft, tid og lengde. Me kopla fråskuv til kunnskapen vår om svikt og grunnlagstrening. Ein fråskuv der me skyv opp ifrå golvet og løftar oss opp som ein sats, kan både vera ei førebuing til ein rotasjon og eit rytmisk rørsleaspekt.

4. På fagdagen jobba me med fråskuv i eintaktssnu med parisar som døme, og i totaktssnu med polkamasurka som døme. I polkamasurkaen vart fråskuv også nytta i tottrinnsteget sidelengs.

5. Deretter var det på tide å setta ideane våre ut i praksis. På den neste helgesamlinga med ungdommane hadde me førebudd oss saman og var budde på kollegarettleing. Fagkonsulentane testa ut ulike metodiske idear for snuteknikk i hamborgar og parisar med utgangspunkt i fråskuv og rytmisk svikt.

6. Det faglege arbeidet med fråskuv førte til eit større medvit både hos deltakarane og fagpersonalet mot kva teknikk som må jobbast med for å bli dyktige i å dansa rundt på ulike rytmar i runddansen. Nybyrjarstadiet hos ungdommane i Rogalender var eit tilbakelagt stadium, og talentutviklinga skaut fart med dette arbeidet.

#### *Dansikalitet - variasjon og detaljrikdom i ei lita danseform*

Polsdansen frå Senja gav det faglege personalet på Sff og i Arktisk takt ei utfordring. Dansen var enkel i struktur, dvs. ein gjekk fram parvis, så rundt i bygdedanssnu på sida. Av og til kunne jenta svinga under armen ein gong etter rundsnu. Steget var forholdsvis enkelt: eit tottrinnsteg med tyngda på venstre fot stort sett heile tida. Dette var ramma for dansen. Spørsmålet vart då korleis ein kunne få det til å bli gøy å dansa ein så enkel bygdedans?

For det første måtte me vri hovuda våre med tanke på kva ein bygdedans er. Me samanlikna automatisk dansen med «springar frå Valdres» eller ein «pols frå Røros». Desse dansane har ei større ramme, med fleire typar vendingar og rundsnuar. Om me samanlikna polsdansen frå Senja med desse, så vart han liten og spinkel. Men om me samanlikna polsdansen frå Senja med ein setesdalsgangar eller ein vals, så opplevde me at dansen var rik. Derfor døypte me

ganske tidleg senjapolsen til «Nord-Noregs setesdalsgangar». Dette var ei god hjelp i å kunna sjå korleis me kunne utnytta rammene, og kvar me kunne finna virtuositeten i dansen. Dette var mellom anna: mikrovariasjon i tak og steg, kroppshaldning, tempo, kraft og retning i rommet. Dermed gjekk dei faglege tilsette i prosjektet, Dina Bruun, Sigurd Johan Heide og Torill Steinjord, saman med dei faglege tilsette på Sff, inn for å finna ei pedagogisk og metodisk tilnærming.

#### 1. Utvikling av variasjon i steg:

Stega kunne varierast med lengd, breidd mellom fotblad, kraft og tempo. Me lét ungdommane dansa på rekkje, og la vekt på eit enkelt element i starten, til dømes lengd på steg (kort eller langt). Deretter kunne me kombinera to av dei ulike elementa, til dømes lange steg og stor kraft.

#### 2. Utvikling av variasjon i kroppshaldning og kroppsuttrykk:

Me jobba med kroppen bøygd framover, bøygd litt bakover, heilt rett eller krokete i kne, anklar og hofter. Her brukte me dei same metodane som i stegbruken, at me kunne kombinera fleire element, til dømes kroppen bøygd framover og liten fart. Ulik bruk av kraft (stor eller lita kraft), tempo (eksplosivt eller varig) var òg element som vart nytta for å skapa dynamikk.

Under dette brukte me òg «fleksible» og «målfretta» rørsler for å laga ulike uttrykk (sjå strategi for retningar i rommet).

#### 3. Utvikling av strategi for retningar i rommet:

Her brukte me element frå Rudolf Labans «Effort», dvs. ei fleksibel retning eller direkte. Desse to ulike teknikkane gjev eit veldig ulikt uttrykk. Når ein dansar «fleksibelt» i rommet, må ein som dansar gje seg litt hen til kva for retning kroppen går i.

Denne verktøykista av metodiske og pedagogiske grep gjorde at me hadde ein dans i prosjektet som me brukte til å «læra å dansa». Ramma og strukturen var såpass grei i polsdansen frå Senja at ungdommane etter kvart fekk automatisert ulike variasjonsmoglegheiter og kunne bruka desse også i andre dansar.



I tillegg kunne me òg gå sterkare inn i musikken på denne dansen, dvs. lytta og diskutere melodilinjer og frasar i ein polsdans, og så velja om ein ville laga ein kontrast til dette eller dansa med musikken. Til dømes kunne ein slått vera ganske frampå og ha godt driv, og då hadde ein eit val som dansar om ein ville bruka lange steg eller korte steg, stor kraft eller lita kraft, vera fleksibel i rommet eller dansa målretta og direkte.

Sjølv om dette arbeidet òg handla om koordinasjon og teknikk, viser det først og fremst ei dansikalsk tilnærming til dansen slik det er definert ovanfor i kapittelet om leik og samvær. Arbeidet vart ein metode for å jobba med sjølve dansinga, det å dansa, det å uttrykka seg dansikalsk.

## 2.3 SCENISK ARBEID PÅ TRADISJONSDANSEN SINE PREMISS

Frå tradisjonsfilmane i arkiva ser me at dansarane i dei ulike tradisjonsmiljøa dansar med sine kvardagskroppar og har ulike evner til å skapa god dans. Nokon vert også rekna som stordansarar. Stordansaren ser ikkje nødvendigvis «fin» ut på scena i tradisjonell kunstestetisk forstand. Stordansaren skaper sin eigen virtuositet, estetikk, dansikalitet og sitt eige dansekonsept gjennom eit intenst nærvær i dansen og musikken, improvisert fram gjennom stadige repetisjonar av dei same danseformene på samværsdansegolvet, eller, som for dansetalenta i BD, gjennom stadige hermingar, analysar og repetisjonar av dei same danseformene saman med lærarar og folkedansarar og tradisjonsdansarar på film og i folkedansmiljøet.



Frå *Meistermøy*, sluttframsyninga til *Fjordapuls* i 2004. Regi: Leif Stinnerbom, kostymar: Inger Stinnebom. Foto: Arne Stubhaug

Det er på basis av samværsdansen, funksjonen, teknikken og konteksten rundt at BD har ønskt å vera med på å føra folkedansen inn i samtida også i nye rom, scenerommet og dansekunsten.

Då BD fekk midlar i 2001, var det for å vera nytenkande omkring profesjonalisering av folkedansen og vera nyskapande i sine scenepresentasjonar (Sølvberg, 2014). BD vart framstilt som eit ambulerande nasjonalt ensemble for tradisjonsdans med mål om å utvikla nye idear og teknikkar for presentasjon av folkedans (Sff/ Rff-sentret, 2000).

Midtframsyninga har frå prosjektstart hatt som hovudmål å motivera ungdommane til god kvalitet i dansinga. Tradisjonsdansen «slik han er» vert presentert i ei kunstnarisk eller tematisk ramme. I sluttframsyninga har derimot kunstkriteria gått hand i hand med tradisjonsdanskriteria. Målet med sluttframsyninga er og har vore nyskapande dansekunst på tradisjonsdansen sine premisser. Sluttframsyningane skal vera meir gjennomarbeidde med høgt profilerte koreografar/regissørar på topp nordisk nivå og med meir allmenn dansekunstappell.

Å laga framsyning i BD er difor også kulturpolitikk. Sluttframsyninga er eit kunstprodukt, men dette kunstproduktet har klare rammer. Det skal vera ein lekk i hovudmålsettinga til BD: å kombinera ei styrking av folkedansen som samværsdans, som regional og lokal immateriell kulturarv og som kunstuttrykk. Dette er rammene for sceneproduksjonen når framsyninga er produsert av Sff og BD. Kva premisser er det tradisjonsdansen gjev for scenisk arbeid? Korleis har me nytta mangfaldet som me finn i den levande dansetradisjonen og arkivet, på ein kunstnarisk måte?

Samværsdanseformene i fylket er utgangspunktet. Dette har ført til følgjande rammer:

1. Den norske folkedansen som samværsdans er som oftast rytmisk og repeterande. Han er bygd på etablerte mønster i samspel med slåtten. I BD er dette viktige punkt, punkt me ikkje firer på, fordi me meiner at desse tre elementa er kjerneelementa i tradisjonen. Dermed vert spørsmålet: Korleis kan kvar enkelt produksjon utnytta dette kunstnarisk?
2. Framsyninga skal spegla kjernerepertoaret i fylket, men ikkje nødvendigvis som fullverdige danseformer. I BD har det vore vanleg å jobba med dette punktet, å henta koreografiske element i danse-

formene og å leika seg med småmotiv. Dette kjenneteikna spesielt dei første prosjekta i BD. Framsyningane vert til med kjerne-element i botn:

- Rytmisk forflytting med tilhøyrande musikk – tradisjonsrytmane i fylket
- Avslappa, ledige, individuelle kroppar med kroppsetetikken som ligg i tradisjonsmaterialet i fylket
- Variasjon og improvisasjon

3. Samværsdansen i seg sjølv har vore ein kunstnarisk inspirasjon. Fleire av dei seinare produksjonane i BD har gripe fatt i dette elementet med folkedansen på fleire måtar. Ein av måtane har vore å involvera publikum i produksjonen som medskapande.

I tillegg har mange av produksjonane til BD brukt særmerkte element i fylket som utgangspunkt. Mange har teke utgangspunkt i andre kunstnariske produkt (som eventyr, dikt, bilete og rapp), topografien i eit fylke, skriftlege kjelder, arkivmateriale og liknande.

Med framsyningane til BD vert tradisjonen sine premisser sette i høgsetet. Har dette skjedd på kostnad av det kunstnariske, eller har det vore ei moglegheit til å utforska korleis ein kan skapa god kunst i slike rammer? Me i BD har meint at dette har vore ei moglegheit til utforsking. I BD skulle moglegheitene og grensene for folkedans på scena utnyttast. Utforskinga har vore stor i alle prosjekt og produksjonar, anten innanfor rammer som BD har sett sitt kjennemerke på, som folkedansrevy og folkedans-teater, eller innanfor rammene av heilt andre scenerom enn ei etablert scene, eller ved medskapning av deltakarane, eller bruk av element frå andre sjangrar, for eksempel ballett, samtidsmusikk eller kostyme. Ein premiss for denne utforskinga har også vore det kunstnariske teamet, som i eit minimum har bestått av koreograf/regissør, tradisjonsdans-ansvarlege frå BD (dei tilsette fagkonsulentane/dansepedagogane) og musikalsk ansvarleg.

Dansematerialet i kvart fylke har gjeve moglegheiter, men også avgrensingar. I nokre av fylka har ein for eksempel ikkje hatt tradisjon for halling, og i andre fylke har ein mest hatt for mykje materiale å ta av. Utvalet av dans og musikk blir nok farga av kvar for ei retning framsyninga skal gå i:

– Er denne dansen meningsfull å sjå på, eller er det berre meningsfullt å danse?

– Har vi danseformer som kan danna kontrastar til kvarandre? Eller er det for mange pardansar som liknar kvarandre i stil/uttrykk og struktur, og kva gjer vi i så fall med det?

– Passar denne dansen til involvering?

### **2001–2004: Fjordapuls – BDs sceniske arbeid tek til**

Då utforskinga av scenisk folkedansarbeid i pilot-prosjektet skulle ta til, skreiv Egil Bakka eit notat som han kalla «Danseressursar i Sogn og Fjordane». Han skriv at han ønskjer at flest moglege element frå det tradisjonelle dansematerialet i fylket blir tekne i bruk i den framsyninga som skal utviklast:

Det er eit poeng for arbeidet i Fjordapuls at flest mulige element frå det tradisjonelle dansematerialet i fylket blir tatt i bruk i den framsyninga som skal utviklast.

Bruk av element gir ein viktig motivasjon for læring av elementa og for å arbeida med dei slik at utføringa blir best mogleg. Dessutan er det eit viktig poeng for prosjektet å visa fram formrikdomen på ein god måte. Det kan gi modellar for og idear til bruk av slikt formmateriale.

Fylket har eit svært rikt og variert formmateriale. Det finst jamvel ein del danseformer som berre ligg i arkivet og ikkje er brukt. Eg prøver her å lista opp ein del moment etter minnet. Utfordringa vil vera å finna arbeidsformer som gjer at vi kan halda heile formmaterialet tilgjengeleg for bruk under oppbygginga av framsyninga. (Bakka, 2003 upubl).

Då midtframsyninga i Fjordapuls skulle utviklast, innkalla Egil Bakka til «skrivemøte». Med oss i prosjektleiinga, Egil Bakka, Arne Sølvberg, Siri Mæland og Erling Flem, hadde me invitert Sigurd og Kjell Klausen, som hadde bakgrunn i folkedans-teater-oppsettingar.<sup>71</sup> Egil Bakka var drivkrafta i møtet og utfordra oss på kva som ikkje hadde blitt gjort tidlegare. Me kom fram til at ein folkedansrevy

hadde verda enno ikkje sett, og skreiv skissa til framsyninga «Sogn og Fjordane i tre steg». Revyen som lokalt forankra stod sterkt i stil med lokalt forankra dansetradisjonar. I programfaldaren skreiv me:

Denne revyen er ein serie kvardagsbilete frå Sogn og Fjordane utan noka gjennomgåande handling. Vi har vilja prøva oss på å fortelja enkle små, og vonleg litt morosame episodar gjennom enkle danserørsler utan å bruka tekst, eller mimikk. Vi har brukt element frå folkedanstradisjonen i Sogn og Fjordane og folkemusikken som høyrer til. Vi brukar ikkje heile dansar, vi har berre plukka element på fritt grunnlag og leika med dei for å byggja episodane. Revyen er ein leik omkring talet tre. Det er tre regionar i fylket, og vi har leika vidare ut frå det.

Ved dans skildrar ungdommane både fogderia sine ulike springarrytmar, tre ulike jentetypar, fotballgalne gutar, reise med hest og vogn, ferjetur og busstur på svingete vegar med sauer og turistar i vegbana.

Revyen vart sett opp og øvd inn med rørsler, musikk og kostymering på berre fire dagar, etter undervisning i underkant av eitt år. Mange av ungdommane hadde dansa mykje frå før av, men mange var heilt ferske. Dei ulike jentetypane vart portretterte med masurkarytme, wienerkryss og springar for tre frå Brekke i Sogn, dei fotballgalne gutane dansa halling og trekrossedans frå Brekke i Sogn, ferjeturen var i reinlendarrytme, medan bussturen vart i valserytme, og firkantdansens frå Hyen i Nordfjord vart opna opp mot publikum og vart ei ypparleg scene for ungdomsfesten sine mange fasettar og utveljingar av både venner og romansar.

Skrivemøteforma, og måten å forma midtframsyninga på, har vorte eit eksempel til etterfølging for dei fleste av prosjekta i etterkant. Det er berre Fjordapuls og Snu Nordvest som har hatt folkedansrevy, men målet med midtframsyninga har vore fast i alle prosjekta. Skrivemøta har vore intensjonen, men har i dei seinare åra også utvikla seg til utforsking og gradvis utvikling på fagdaganane.

71 Folkedansteatret med utgangspunkt i BUL i Oslo med Kjell og Sigurd Klausen var godt etablert på denne tida og fekk nasjonal merksemd med oppsettinga «Haugtussa». Mykje av inspirasjonen fekk dei frå Leif Stinnerbom, instruktør og teatersjef på Västanå teater i Sverige (Bjerkem, 2013).

Til sluttframsyninga i pilotprosjektet Fjordapulsk ønskte me oss eit høgt anerkjent namn innanfor scenekunstheltet. Egil Bakka tykte arbeidet til regissøren, spelmannen og dansaren Leif Stinnerbom ved Västanå teater passa med ideologien til BD. I eitt og eit halvt år, over om lag seks helgesamlingar, fekk ungdommane i Fjordapulsk oppleva å jobba med forteljarteater i Stinnerbom si ånd. Eventyret Guten og risen frå Sogn og Fjordane vart omarbeidd tekstleg gjennom desse helgene, og endå fleire danseformer og danserytmar frå Sogn og Fjordane vart utnytta i denne sluttframsyninga. På programfaldaren skreiv me:

### Meistermøy

Trettiseks spreke, dansande, spelande og syngjande ungdomar – mest alle i alderen 15–19 år – fortel eit fargerikt og dramatisk eventyr om ei sterk jente og guten ho vinn seg, om trolldom og kjærleik. Eventyrteksten er skriven ned på bokmål av Ivar Berge frå Fortun i Luster på Sogndal folkehøgskule i 1880 og omforma til nynorsk og prenta i Norsk Eventyrbibliotek band 11, Oslo 1980. Det du får sjå, er teater der element frå lokal

folkedans – fletta i hop med musikk, song og tale – ber fram hand linga. Strukturar er forenkla og stiliserte, men det er vanlege individuelle kroppar vi vil visa på scena i folkelege teknikkar og mønster.

Leif og Inger Stinnerbom frå Västanå teater tek seg av det kunstnariske på teatersida. Leif set opp stykket, og Inger har laga kostyma. Dei er kjende i heile Norden for sin djupt originale bruk av folkeleg dans og musikk i gjenforteljing av kjende verk. Dei har sett opp m.a. Selma Lagerlöf, August Strindberg, Henrik Ibsen og William Shakespeare, og arbeider både heime og ute på andre teater.

Leif Stinnerbom hadde regien, men prosjektleiinga var sterkt delaktig i koreografien også denne gongen. Prosjektleiinga i samarbeid med Klausen valde ut danse- og musikkmateriale og stod for innstuderinga av det. Dei gav element inn til all dansinga i framsyninga. Denne samarbeidsforma mellom prosjektleiinga og den som vert hyra inn som kunstnarisk ansvarleg, har vore premissen bak framsyningane: Prosjektleiinga skal i samarbeid med fagseksjonen ved Sff gje danse- og musikkmateriale inn til den profesjonelle koreografen/regissøren som skal jobba med produksjonen.



*Leif Stinnerbom sine idear har prega ikkje berre dei fyrste, men mange av framsyningane i BD. I Danseru'var mange dyktige dansarar som også var instrumentalistar og songarar. Difor høvde det bra å invitera Stinnerbom med på å setja opp Hulda Garborg sitt syngespel Liti Kjersti under 150-årsmarkeringa til Garborg i 2012, no i folkemusikalsk drakt. Dette var også eit godt høve til gjenbruk av Inger Stinnerbom sine flotte kostymar laga til Meistermøy. Foto: Christoffer Søreide.*

## 2007–2010: Lea de – endring i det sceniske arbeidet i BD

Samtidig som Lea de (2007–2010) var inne i det andre året (2008), kom prosjektmedarbeidar Sigurd Johan Heide inn på ein master i koreografi ved Kunsthøgskolen i Oslo. Dermed vart det frå Sff si side lagt til rette for at Heide både kunne ta master, men også jobba i prosjektet, både pedagogisk, men også kunstnarisk. Dette resulterte i at Sigurd både fekk ansvar for midtframsyninga «Tverrsnitt» i 2009 og sluttframsyninga «Flate steinar er til å sitja på» i 2010. Sigurd hadde allereie teke fleire dansefag ved Rff og jobba i Møre og Romsdal i BD i 2004–2007.

Eit av måla til BD var å utforska ulike sceniske tilnærmingar for folkedansen, og i «Tverrsnitt» ville Sigurd og hans team bruka ungdommane sine egne rørsleerfaringar i tillegg til folkedansen frå Oppland. Fleire av ungdommane i prosjektet dreiv på med samtidsdans, akrobatikk eller andre moderne danseformer, og element frå dette vart brukte som ein kontrast og eit tillegg til folkedansen. Nokre gonga smelta dei saman, og nokre gonger vart dei sette opp mot kvarandre samtidig.

«Tverrsnitt» var også ei framsyning utan ei lineær historie eller ein klar raud tråd, anna enn ungdommane sine relasjonar i dansen. Ein kan seia at dei ulike var forskjellige tablå som bevegde seg, utan konkret handling eller tydelige gestar som indikerte handling.

I sum kan ein seia at «Tverrsnitt» likna på ei moderne danseframsyning, dvs. av mal etter samtidsdansen, men der både folkemusikken og folkedansen vart nytta som det berande elementet i framsyninga. I 2009 starta arbeidet med Lea de si sluttframsyning «Flate steinar er til å sitja på». Ein gjorde eit val på at eksamensframsyninga til Sigurd skulle samanfattast med sluttframsyninga til Lea de, med alle dei fordelane og ulempene det medførte. «Flate steinar er til å sitja på» var basert på Tarjei Vesaas sin roman «Fuglane». Ensemblet på Dansens Hus, der eksamensframsyninga vart vist, bestod av seks dansarar frå Lea de, eit ensemble av musikarar frå prosjektet og tre profesjonelle dansarar: Ingeleiv Berstad (folkedans/samtidsdans), Magne Kleiveland (folkedans) og Mathias Rønningen (ballett/samtidsdans). Framsyninga var utan ord, men fortalde historia til «Mattis» og «Hege» gjennom dans.



Frå Flate steinar er til å sitja på, sluttframsyninga til Lea de, 2010 med Sigurd Johan Heide som koreograf. Foto: Marie Berger.

Dansespråket var ei blanding der Magne og ensemblet brukte folkedans, Ingeleiv brukte folkedans og samtidsdans og Mathias brukte ballett/samtidsdans. Magne og Ingeleiv var kopla saman i store delar av framsyninga, og då Ingeleiv vart fri, dansa ho stort sett i duett med Mathias.

«Flate steinar er til å sitja på» gjorde tre grep som vart sentrale for resultatet:

Ein laga ei opphøgd scene med ein platting som ein kunne dansa ned og opp på.

Ein brukte eit klangverk laga på «grønt stille» som kontrast til den rytmiske folkemusikken.

Ein kopla to av dei profesjonelle dansarane saman i éi drakt.

Desse tre sterke føringane gav stramme rammer for korleis ein brukte tradisjonsmaterialet, både på musikk og dans, og kunsten vart å få springar, reinlender, takt og rytme til å passa inn i dette. I tillegg vart fleire av dansane, for eksempel springar, dansa på plassen og med utvalde motiv til kvart enkelt par.

I både «Tverrsnitt» og «Flate steinar» gjekk ein bort frå teaterspråket, både som formspråk og bruk av tale.

### **2014–2017: Akersarv – Koreografrolla vert sett på prøve**

I BD-boka ligg skrivet «Notat om prosess: sluttframsyninga Bygda Dansar Akerhus» underskrive av Mathilde, januar 2017. Her skriv ho at framsyningsarbeidet til Akersarv har vore ein pågåande prosess sidan oppstart. Øyvind og Mathilde såg ulike framsyningar og diskuterte mykje hausten 2014, og utveksla dessutan erfaringar om framsyningsarbeid. Resultatet av dette var ei semje om å:

1. Sette dansematerialet og musikken i sentrum – stole på at materialet i seg selv har verdi som dansekunst og la utøverne være dansere, ikke blande inn teater, replikker eller narrativ dramaturgi.

2. Tørre å stå i det eksperimentelle og utforskende med en dyp rot i tradisjonen. At disse faktorene ikke nødvendigvis trenger å stå imot hverandre, men kan ha en positiv vekselvirkning. Eksempel: en rytme/et steg kan oppleves sterkere om den

kommer etter et [ikke-rytmisk parti].

3. Tørre å dyrke en estetikk som ikke primært bygger på «show», men kanskje kan trekke fram andre kvaliteter i materialet, som det sårbare og nære/poetiske. (Øverland, 2017).

Mathilde skriv at parallelt med tradisjonsmaterialet har dei sidan første samling i januar 2015 vore opptekne av å trenar gruppa i rombruk og spontanitet/improvisasjon og kollektiv lytting som flokk – gjerne utan musikk. Vidare har òg merksemda på den levande musikken vore ein viktig faktor, noko som er eit godt arbeidd fokus i BD generelt. Andre medvit me har trenar opp i nokon grad: blikk, å få med heile kroppen, god ståposisjon.

Grunnrepertoaret til Akersarv var ulike lokale reinlendarvariantar, tango, springdans og halling. I tillegg vart det dansa charleston, chess, seksmannsril, firetur, åttetur og vals. Det er eit breitt materiale som rommar fleire teknikkar, tidslag og ulik rombruk (Øverland, 2017).

Ideen for midtframsyninga «Mitt distrikt» i Akersarv, BD i Akershus (2016) var identitet, stoltheita av individuell identitet (solo dans) og distriktsidentitet (gruppedans). Målet med å dansa mykje åleine var å oppmuntra til og verdsetja individuelle dansestilar. Samtidsdanskoreografen Marie Bergeby Handeland vart engasjert til å koreografera midtframsyninga med ei klar målsetjing: korleis verdiane til samværsdansen kan behaldast utan å bygga på show-aspektet eller ei historieforteljing. Ho utfordra utøvarane til å våga å gjera det enkelt, å våga å gje visse element tid og lengd. Ho utfordra ungdommane til ein felles konsentrasjon og felles seriositet i dansearbeidet. Handeland jobba i tett samarbeid med dansetradisjonsfaget og det kunstnariske laga frå prosjektleiinga, Mathilde Øverland, Trine Merete Sjølyst og Øyvind Sandum. Sandum var òg muskar saman med rapparen Per Olav Hoff Mydske. Samværsdansen frå Akershus distrikt og den folkelege, men urbane og ungdommelege rappen smelta saman til eit særeige tradisjonsuttrykk der det vart framført på Krokstad Samfunnshus. For første gong vart ei BD-framsyning dansa på eit golv som var berekna på samværsdans.



*Øvst tester ungdom-  
mane i Akersarv ut  
ulike koreografiske  
element til sluttfram-  
syninga under helges-  
amling på Sørmarka.  
Foto: Sff.*

*Nedst er frå sluttfram-  
syninga Konglomerat  
i Bærum kulturhus.  
Foto: Thor Hauknes*

I Akersarv vart koreografrolla sett på prøve, også i sluttframsyninga. Øverland skriv at ein tydeleg tendens gjennom 2000-talet og no er at ein har stilt spørsmål ved koreografrolla og i større grad arbeid i ein meir flytande struktur, der dansarane i større grad er kreative og skapande i leing av koreografen:

Danserne presenteres for eksempel som skapende utøvere, og koreografjobben kan for eksempel bestå i å presentere metoder som danserne skaper materialet i. Med andre ord er det en viktig ferdighet som dansekunstner i 2017 å kunne delta i den skapende prosessen/være bevisst valgene som taes, og derfor har vi tatt det med som et av kompetansemålene for danserne. Dette er særlig mulig med danserne vi har i Akersarv da de vurderes dem til å ha et gjennomsnittlig godt nivå som folkedansere, med høy bevissthet og refleksjon rundt egen dans. De utfordres til å utvide dette, og gjennom dialog og arbeid med å se hverandre gir vi dem etter hvert også et bredere ordforråd om dans. (Øverland, 2017).

Akersarv inngjekk ein avtale med Rom for dans fordi dei var interesserte i deira arbeid med å inkludera barn og unge i det skapande, og dessutan erfaringa av rettleiingsarbeidet i Skulen for samtidsdans. Dei vart hyra inn som kunstnariske rettleiarar for fagpersonalet og ungdommane. Målet var at dei kunstnariske vala for sluttframsyninga skulle bli tekne av fagpersonalet i samarbeid med ungdommane. I avtalen med Rom for dans vart dette formulert slik:

Ungdommene skal få en realistisk erfaring med å jobbe som scenekunstnere. Forestillingen skal vise lokalt dansematerialet som er fritt omarbeidet i nye koreografier. Bygda dansar har som mål å være med i utviklingen av et nytt scenespråk med utgangspunkt i tradisjonsdansene sitt stilideal og teknikker.

Rom for Dans skal ha en koreografisk og kunstnerisk veilederrolle i arbeidet. Med dette menes å ta del i det kunstneriske utviklingsarbeidet, og tilføre Bygda dansar ny kompetanse og metodikk for det koreografiske- og sceniske arbeidet. Kontinuerlig dialog om arbeidsmetoder og ansvar står nærmere beskrevet i referat fra møter. Rom for dans vil arbeide tett i team med prosjektledelsen i Bygda dansar- Akershus helt fram til sluttframsyninga.

Faglige- og kunstneriske ansvarlige er prosjektledelsen i Bygda dansar Akershus ved Mathilde Øverland, Trine Sjølyst og Stian Roland. (Øverland, 2017).

### **2017–2020: Arktisk takt – Konsolidering og nyskaping**

I Arktisk takt vart Torill Steinjord og Sigurd Johan Heide tilsette som fagkonsulentar i prosjektet. Med desse to fekk BD attende to fagpedagogar som ikkje berre hadde jobba med BD tidlegare, men som også har eit djupt og inngåande fagleg perspektiv frå danse-arbeidet ved Sff og folkedansstudia. Etter at Heide slutta som prosjektmedarbeidar i BD i 2011 for å satsa på koreografrolla, fortsette han samarbeidet med Sff. Første gongen han testa ut ei framsyning basert på å løysa opp skiljet mellom sal og scene, med inspirasjon i samværsdansen var i samarbeid med dansevitenskap ved NTNU, Sff og studentane på utøvarstudiet i tradisjonsdans i 2011. Torill Steinjord var ein av studentane. Dette samarbeidet vart vidareført med prosjektet «Performer Audience Interaction» med midlar frå den kunstnariske utforskingsspotten (Karoblis, Bakka, Heide, Stranden, Mæland, 2015). Dette skjedde parallelt med arbeidet hans i dansekompaniet Kartellet.

I 2019 koreograferte Torill Steinjord Arktisk takt si midtframsyning «Æ e på vei» der dansarnane og musikanane dansa midt mellom publikum, med Sigurd Johan Heide som medkoreograf og dansepedagog. Ho hadde allerie vore med å lagt grunnen for eit slikt arbeid i Rogalender til midtforestillinga der. I midtframsyninga til Rogalender «Dansehuset» der Elisabeth Ellingsen var koreografisk ansvarleg, beveigde publikum seg gjennom huset, blant, rundt, ovafor, nedafor og ved sida av danserne. Nokre stader i ganger og trapper vart element frå dansar nytta i ein slags danserebus, i andre rom vart fullverdige danseformer nytta. I «Æ e på vei» var det dansarane som kom til publikum, og inviterte dei med inn i dansen på mange forskjellige måtar frå å føle på, gjere gestar til, og i slutten av «Æ e på vei» fikk dei lov til å også danse med. Her er altså sjøve ideen om samværsdans kjernen i framsyninga. Publikum sit midt oppi framsyninga, på same vis som ein dansefest der dei som sit på stolane fortsatt er nær dansen.



Dansane som vart øvde inn og brukte i denne fram- syninga, gav grunnlaget for det kunstnariske arbeidet med dansefilmen «Kalde mønster», der Sigurd Johan Heide var koreograf og Torill Steinjord dansefagleg ansvarleg, men der videofotografen Eirik Heim i CruxFilm og klipparen Marte Aasen var sentrale i det kunstnariske laget saman med musikarane. BD hadde ikkje prøvd ut film som medium for ei sluttframsyning. Musikken vart spelt inn på førehand, slik at ein kunne dansa til opptak når ein filma, og leggja på musikken i redigeringa. Vi gjorde eit val om å behalda dansane i størst mogleg grad slik dei var, og heller forandra rammene rundt:

- dansa ute i snøen
- bruka drone for å filma dansen ovanfrå
- bruka innspelt tale for å setta dei ulike scenene i filmen inn i ein kontekst (eldre sitat om dans, først og fremst frå Troms, som gav ulike stemningar)
- spela inn scener i halv fart eller dobbel fart.
- bruk musikken til Benjamin Mørk «Resignasjonar» for å ha ein kontrast til den rytmiske folkemusikken.

Det kunstnariske arbeidet vart heilt annleis enn i tidlegare prosessar. Her kunne ein filma ein dans eller ein dansesekvens frå mange ulike hald og vinklar, og så redigera bort i etterkant det ein ikkje ville ha med. Vi kunne også gje beskjedar undervegs samtidig som det vart dansa, sidan lyden ikkje vart teken opp. Ein kunne også leggja vekt på detaljar i det pedagogiske og kunstnariske arbeidet. Det vil seia at vi arbeidde mykje med detaljar i kvar enkelt dans og kunne gje stikkord både i forkant og undervegs i filminga. Dette gjorde at vi kunne leggja vekt på ulike vinklar og sjå dansen frå ulike sider som publikum. Spesielt dronefilminga med eit fugleperspektiv på langedans frå Tønsvika og ril frå Nordkjosbotn gav eit nyskapande resultat. [Sjekk gjerne ut filmdokumentasjonen av Heide der han fortel om dansefilmen Kalde mønster](#). Frå ei av dei mange filmvisningane kan vi lesa:

Kalde mønster» er en episodisk novellefilm der samspillet mellom ungdommene i filmen er sentral, både som medmennesker og dansere. Nærhet, rytmikk og kraften i dansen er de sentrale elementene. Handlingen er underbygget med sitat fra eldre kilder og intervju om dans i Troms og områdene rundt. I filmen får du oppleve folkedans som har lange røtter i verden, og som har fått sin unike form i Troms: blant annet fingerpolka, polsdans, reinlender og langedans.



*Publikum vart invitert med inn i dansen, her i ein fingerpolka frå Tamokdalen i Arktisk takt si midtframsyning «Æ e på vei», 2019. Foto: Einar Mæland Jensen*



Frå Arktisk takt sin sluttproduksjon *Kalde mønster*, 2020. To smakebitar frå filmen er lagt ut på nettsida YouTube.<sup>72</sup>

## 2.4 DANSEARBEIDET – SLUTTORD OMKRING BD SIN FAGPEDAGOGIKK

BD har ønskt å formidla samværsdansen som ei kroppslig tradert danseform, der det sentrale er å overføra lokalt forankra danseformer mellom kroppar, til levande musikk, der kvar eneklt dansar får setta sitt særpreg på dansen.

Me har no skrive om noko av det fagdidaktiske grunnlaget for danseformidlinga i BD. Me har sett korleis metoden «å dansa med» har forankring i ei vitenskapleg tilnærming og observasjon der «å dansa med» ikkje berre gjentek ein eldre måte å driva opplæring på, men sikrar ei framtidretta tradering mellom generasjonar som fremmer sentrale karakteristikkar i folkedanstradisjonen: sikker rytmisk dans og samordning av steg og sningar.

Den store variasjonsrikdommen i danseformene mellom ulike danse miljøer har blitt utdjupa og forsterka gjennom analyse av desse danseformene, der næranalyse gjev oss ein grammatikk, eit dansekonsept for leik og skaping av variasjon og personleg uttrykk i ein fellesskapstradisjon med klare mønster for form og rytme i samdans og samspel mellom rørsle og lyd.

Talentutviklinga i BD er basert på eit systematisk fagleg grunnarbeid, målstyrt med utvikling av enkeltdansarar i sentrum. Saman med talentutviklinga har utvikling av nyskapande dansekunst og danseproduksjonar vore sentralt i det faglege arbeidet.

Del 2 er skriven ut frå to fagpedagogar si rolle og sine synspunkt. I den neste, del 3, skal me sjå på deltakarperspektivet av prosjektet ut frå deltakarundersøkinga som vart gjennomført i januar 2021.

72 Smakebitar frå filmen kan de sjå på YouTube her: <https://www.youtube.com/watch?v=LiCgw4LGAbU> og <https://www.youtube.com/watch?v=9trlwq6EPyw>

## DEL 3 – RESULTAT AV DELTAKARUNDERSØKING FRÅ BYGDA DANSAR

I 20 år har ungdom frå 11 fylke hatt moglegheita til å delta i ulike folkedansaktivitetar gjennom treårige prosjekt, og det tolvte fylket, Hordaland, er no midt i gjennomføringa. Som presentert i innleiinga av denne rapporten ville Bygda dansar (BD) med grunnlag i samværsdansen utvikla dansarar i vidaregåande skulealder til eit høgt teknisk og kunstnarisk nivå slik at dei kunne utøva sceniske presentasjonar på den lokale tradisjonsdansen sine premisser. Bygda dansar vart finansiert for å nå målsettinga om ei ambulerande scene for opplæring av tradisjonsdansarar for nyskapande scenepresentasjon.

Norsk senter for folkemusikk og folkedans gjennomførte i januar 2021 ei deltakarundersøking for å evaluera Bygda dansar-prosjekta. Ungdommane i Hordaland har ikkje vore i målgruppa for denne undersøkinga, sidan prosjektet knapt kom i gang før korona-epidemien sette inn.

Kvart Bygda dansar-prosjekt har skrive sin eigen resultatrapport.<sup>73</sup> Fleire av prosjekta har hatt evalueringar undervegs og til slutt, men det har ikkje vore ei gjennomgåande systematisk evaluering med deltakarane der fylka kan samanliknast. Det er også vanskeleg å måla langsiktige resultat rett etter prosjektslutt.

Stine Tronddatter, prosjektkoordinator i BD ved Sff, Solveig Brekke Hauknes, kulturrådgjevar i NU og Sina Myhr, rådgjevar for kappleik og landsfestival, fagområdet dans og rekruttering i FolkOrg var med i ei referansegruppe for spørsmåla i undersøkinga. Amanuesis i folkemusikk, Sjur Viken og førsteamanuensis i folkedans, Siri Mæland, fagleg ansvarlege for folkemusikken og folkedansen i BD stod ansvarlege for undersøkinga. Analysane er gjennomførte som eit samarbeid mellom Celina Gallo, Ranveig Aas og Siri Mæland. Dei to førstnemnte har hatt ansvaret for statistikken og tabellane, medan sistnemnte har hatt ansvaret for det skriftlege produktet.

### Generell informasjon om deltakarundersøkinga

Deltakarundersøkinga vart gjennomført i perioden 6.–22. januar 2021. Målgruppa for undersøkinga var deltakarane og førebileta i prosjektet, både dansarar og musikarar. Me vil koma attende til desse delmålgruppene i neste kapittel.

For å få tak i tidlegare deltakarar i BD oppretta me ei facebookgruppe – Bygda dansar-jubileum 2021 – der me nytta oss av nettdugnad (crowdsourcing) for å få tak i tidlegare deltakarar og førebilete. Undersøkinga nådde 163 medlemmar i facebookgruppa – ei gruppe som også består av tidlegare prosjektmedarbeidarar, lokale instruktørar, musikarar og fagfolk frå scene- og teaterdansmiljøa. Me sende også ut e-post til dei deltakarane som me hadde e-postadresser til (230 av rundt 450 deltakarar i dei 11 prosjekta). Vidare kontakta me alle tidlegare prosjektmedarbeidarar for å purra på ungdommane dei hadde hatt ansvaret for, og be dei om å 1) delta i facebookgruppa, og 2) delta i undersøkinga. Me la ut minnevideoar kvar veke og laga ein liten konkurranse prosjekta imellom for å få flest mogleg til å delta.

Då me utvikla undersøkinga, ønskte me å leggja vekt på fire område:

- aktiviteten til deltakarane i miljøet etter BD
- om målsettinga om BD som talentutviklingsprosjekt var nådd
- om BD har betydd noko for rekrutteringa til folkedansmiljøet
- rekrutteringsstrategiane til BD

Dei to mest relevante av BD sine mål når det gjeld talentutvikling, er:

1. *Å rekruttera og læra opp ei gruppe unge dansarar innanfor ein lokal eller regional dansetradisjon til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå.*
2. *Å rekruttera, innanfor denne tradisjonen, nokre få toppdansarar som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si, anten som frilansdansarar eller pedagogar.*

## OPPSUMMERING AV DELTAKARUNDERSØKINGA

Bygda dansar har alltid samverka i folkedansmiljøet. Det er mange aktører som har vore viktige for ungdommane som har delteke – både før, i, og etter Bygda dansar-deltakinga.

139 deltakarar og/eller førebilete har svart på spørjeundersøkinga, og det er svært gledeleg at:

- 83 % svarer at dei i stor eller svært stor grad lærte å bli ein betre dansar og/eller musikar i BD
- 70 % svarer at dei dansar folkedans som samværsdans i dag
- 47 % svarer at dei har studert eller studerer folkemusikk og/eller folkedans
- 47 % svarer at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag, 49 % av desse dansar fleire gonger i månaden eller meir (før-koronatid), og heile 66 % av desse har studert eller studerer folkedans og/eller folkemusikk
- 44 % svarer at dei har hatt lønnsinntekt som folkedansinstruktør/lærer
- 37 % svarer at dei dansar folkedans på kappleiksscena
- 35 % svarer at dei har hatt lønnsinntekt som folkedansutøvar
- 30 % svarer at BD var viktig for at dei valde å fordjupa seg i folkemusikk/folkedans etter prosjektslutt
- 22 % svarer at dei dansar i framsyningar
- 20 % svarer at folkedans og/eller folkemusikk-aktivitet er eller har vore hovudlønnsinntekta deira
- 15 % svarer at dei dansar i dansekompani/profesjonelle samanhengar
- 14 % svarer at BD rekrutterte dei til miljøet, 32 % av desse er blitt profesjonelle dansarar og danselærarar, 5 % er musikarar, og minst 42 % har hatt lønnsinntekt knytt til dans og/eller spel
- 11 % svarer at dei i dag er under 20 år, 73 % av desse ungdommane/unge vaksne har allereie hatt lønnsinntekt for folkedans- og folkemusikkformidling: instruksjon og/eller scenisk formidling

Som ein ser, er rekruttering også eit nøkkelord og eit viktig delmål for BD og heile folkedansmiljøet – rekruttering til prosjektet og rekruttering til talentutvikling. Me har difor også lagt vekt på spørsmål om rekruttering og motivasjon for prosjektdeltaking i spørjeundersøkinga.

Undersøkinga består av 41 spørsmål. Dei 40 første hadde svaralternativ, og respondentane skulle kryssa av på det eller dei svara som høvde best for dei. På nokre få spørsmål kunne ein berre kryssa av for eitt svar, men for dei fleste var det mogleg å kryssa av på fleire. På dei fleste spørsmåla gav me også respondentane høve til å utdjupa og skriva med eigne ord det som høvde for dei. Dei kryssa då av på *Annet (vennligst spesifiser)*. I spørsmål 41 hadde me eit ope rom for å koma med tilbakemeldingar, om dei ønskte å spesifisera meir. 18 respondentar av 139 valde å koma med utfyllande kommentarar her.

I framstillinga nedanfor har me valt å fordjupa oss i følgjande tema:

- 3.1 Deltakarane og hovudaktivitetane i Bygda dansar
- 3.2 BD sitt fotavtrykk i dagens folkedanspraksis
- 3.3 Eit utvida folkedans- og folkemusikkmiljø, eitt fylke om gongen, innsikt i BD si (ny)rekruttering

Undersøkinga har to vedlegg:

- Vedlegg 1 er oversikt over spørsmåla og svara i spørjeundersøkinga. Vedlegg 1 finnes som et eget dokument.
- I vedlegg 2 gjev me ei kort samla oversikt over BD-prosjekta og deltakarar i dei ulike delaktivitetane, slik dei er rapporterte i dei respektive evalueringsrapportane.



Dansefest på Hugnadheim. Danseru har helgesamling på Torpo, 2009. Foto: Sff

### 3.1 DELTAKARANE OG HOVUD-AKTIVITETANE I BYGDA DANSAR

Me fekk inn 139 svar på spørjeundersøkinga. 124 var registrerte som deltakarar og 27 som førebilete. 12 av desse er med i begge grupperingane og registrerte som både deltakar og seinare førebilete (ulike prosjekt). 15 var registrerte berre som førebilete i prosjekta. På spørsmåla i undersøkinga bad me dei som hadde begge roller, om å svara frå deltakarperspektivet og frå det første prosjektet dei var deltakar i.

Folkedansen og folkemusikken er nær knytte saman. Dermed, sjølv om BD er eit danseprosjekt, har ei av målsettingane lokalt vore å styrka den lokale/regionale folkemusikken mellom anna ved å knyta han sterkare til dansen som han alltid har høyrte saman med. I heile prosjektgjennomføringa, frå skuleturnear og helgeøvingar til framsyningar, har det vore eit mål å nytta spelmenn som var fysiske til stades, og som brukte lokalt slåtterepertoar, for å framheva den tosidige relasjonen mellom musikk og dansen. Det har blitt jobba med handverket å spela til dans og forståinga av det rytmiske dansespelet. I tillegg til å samarbeida med spelmenn med god tradisjonskunne har dei ulike delprosjekta også ønskt å knyta til seg unge spelmenn/spelkvinner i aldersgruppa som deltakarar og førebilete. I dei ulike BD-prosjekta har me difor hatt deltakarar som har vore med som dansar, musikar eller begge delar.

63 % (17) av dei 27 førebileta deltok som dansarar, 22 % (6) både som dansarar og musikarar og 15 % (4) som musikarar. Me har funne at av dei 15 førebileta som aldri har vore deltakarar i eit prosjekt, var 11 danseførebilete, der 3 av dei også var musikarar. 4 var eksklusivt musikarar.

I prosjekta har me vore opptekne av å rekruttera jamt mellom gitar og jenter. Det er som oftast lettare å rekruttera jenter til danseaktivitet, noko me erfarte allereie i pilotprosjektet Fjordapuls. Me har difor medvite lagt vekt på å rekruttera gitar i alle ledd av prosjekta.<sup>74</sup> Dei kvinnelege dansarane utgjør 68 % av respondentane i undersøkinga. Sorterer me på prosjekt, ser me at dei mannlege respondentane som regel utgjør om lag 1/3 av respondentane. Trø te er unnataket med berre kvinnelege respondentar, og Egdedans har fleirtal av mannlege respondentar.

Sidan me også har lagt vekt på å rekruttera mannlege danseførebilete, er det overraskande at av dei 27 respondentane som kryssa av som førebilete, er 63 % (17) av dei kvinner, og 37 % (10) er menn. Spørjeundersøkinga speglar rett nok ikkje alle deltakarane.

Me har kikka på kjønnsbalansen, og blant dei dansande førebileta som har svart på undersøkinga finn me at 8 av dansarane er menn, medan 9 av dansarane er kvinner. 1 mann og 4 kvinner har vore både dansar og musikar. 1 mann og 3 kvinner har vore berre musikar.

120 av 139 respondentar kryssa av på spørsmål 6 at dei høyrde til miljøet før BD. Desse kryssa av på spørsmål 7 at dei høyrde til miljøet som del av:

- dansarlag/leikarring (60 %)
- spelemannslag (50 %)
- undervisning i folkemusikk eller folkedans i kulturskulen (28 %)
- familien (31 %)
- folkemusikklinje på vidaregåande skule (10 %)
- bygdeungdomslag (6 %)
- folkedans- og folkemusikkundervisning i skulen (5 %)


Av dei 8 som kryssa av i kommentarfeltet *anna*, skriv 4 at dei tilhørde miljøet i form av høgskuleutdanning, 2 dansa mest på festivalar, 1 hadde delteke på folkedanskurs på skulen og 1 i eit spesifikt dansarlag/leikarring. Røynslene frå prosjekta seier at sjølv om fleirtalet av ungdommane hadde delteke i miljøet før BD, hadde mange i fleire prosjekt minimal danserøynsle og var å rekne som nybyrjarar.

TABELL 3.1: Oversikt over deltakarar og førebilete i undersøkinga, fordelt på prosjekt (spørsmål 4)



Tabell 3.1 viser både kor mange svar me fekk inn for kvart prosjekt, og om dei kryssa av for deltakar eller førebilete. Respondentane kunne kryssa av for fleire prosjekt og fleire roller. Tala lengst til høgre viser til alle respondentar frå kvart delprosjekt, medan tala til venstre i det stripete feltet viser til kor mange av desse som hadde kryssa av for å ha rolla førebilete. Tek me Fjordapuls som døme, ser me at 19 aktørar frå Fjordapuls har svart på undersøkinga, og at 3 av desse hadde rolla som førebilete. Dei andre respondentane, det vil seia 16 personar, deltok i Fjordapuls som ordinære deltakarar.


TABELL 3.2: Oversikt over talet på respondentar som deltok som dansarar og/eller musikarar, fordelt på prosjekt



Tabell 3.2 viser respondentane si rollefordeling i dei ulike prosjekta; det var mogleg å svara anten dansarar, musikarar eller begge delar. Dei to frå Egdedans som har svart «anna», har spesifisert at dei var med som skodespelarar i sluttframsyninga



TABELL 3.3: Oversikt over kjønnsfordelinga i undersøkinga, fordelt på prosjekt



Tabell 3.3 viser respondentane si kjønnsfordeling i dei ulike prosjekta.

## Aktivitetane i Bygda dansar (BD)

Prosjektgjennomføringa som vart etablert i Fjordapul, har blitt gjennomført med lokale tilpassingar i alle prosjekta sidan. Kwart prosjekt har innehalde ein skuleturné, ei rekkje lokale øvingar, om lag tre helgesamlingar i halvåret, ei midtframsyning og ei sluttframsyning.

Etter ei tid med rekruttering i form av skuleturnear og dansekurs samla ein dei som ønskte å bli med på prosjektet, til helgesamlingar. *Helgesamlingane* er blitt gjennomførte om lag tre gonger i halvåret og har vore den samlande hovudaktiviteten i prosjektet for dei ungdommane som melde seg på. Eit mål har vore å leggja helgesamlingane til helger og stader der det lokale miljøet allereie hadde planlagt aktivitet som dansefestar, kappleik og lokale/regionale festivalar. Å få til samværsdans på kveldstid på helgesamlingane har alltid vore prioritert og eit mål. Det har også vore eit mål å få etablert lokale øvingar. For å auka dansefrekvensen og knyta dansinga til staden der lokaltradisjonen høyrer heime, vart det viktig å etablere *lokale øvingar* for ungdommane mellom helgesamlingane.


På dei få stadene der det allereie eksisterte lokale øvingar for ungdommar, vart desse nytta. Nokre få prosjektdeltakarar har berre delteke på lokale øvingar. Alle prosjekta har hatt *midt- og sluttframsyningar* som vart omtala nærare nedanfor. Det har også blitt gjennomført underprosjekt av denne hovudmodellen i BD, som til dømes deltaking på UKM, festivalar og seminar i utlandet.

Respondentane i undersøkinga svarer at dei fire hovudaktivitetane som dei var involverte i, var:

- helgesamlingar – 95 % (132)
- sluttframsyninga – 80 % (111)
- midtframsyninga – 68 % (94)
- lokale øvingar – 55 % (77)<sup>75</sup>

Dei respondentane som ikkje har kryssa av for helgesamling, var med på eit lite delprosjekt.

TABELL 3.4: Oversikt over kva aktivitetar respondentane deltok i



Tabell 3.4 viser kva aktivitetar respondentane deltok i. Her var det mogleg å kryssa av for fleire aktivitetar. Dei fire blå stolpane viser dei fire hovudaktivitetane i prosjekta.

<sup>75</sup> 7 har svart at dei også deltok i annan aktivitet, som folkemusikkseglass med Hurtigruten og rekrutteringsturné i skulane. 2 av dei 7 har svart aktivitet som fell inn under midtframsyninga.

## **Kvart prosjekt har innehalde ein skuleturné, ei rekkje lokale øvingar, om lag tre helgesamlingar i halvåret, ei midtframsyning og ei sluttframsyning.**

- **Skuleturné** har blitt brukt som rekrutteringsstrategi i dei fleste prosjekta. BD har tilbydd gratis danseundervisning til nokre ungdomsskular, men primært første klasse i dei vidaregåande skulane, mot å få reklamera for prosjektet. I fylka som har vore interesserte, har Den kulturelle skulesekken vore samarbeidspart.


- **Helgesamlingane** med intensiv danseundervisning er blitt gjennomførte om lag tre gonger i halvåret og har vore den samlande hovudaktiviteten i prosjektet for dei ungdommane som melde seg på. Eit mål har vore å leggja fleire av helgesamlingane til helger og stader der det lokale miljøet allereie hadde planlagt aktivitet som dansefestar, kappleik og lokale/regionale festivalar. Å få til samværsdans på kveldstid på helgesamlingane har alltid vore prioritert og eit mål.

- **Lokale øvingar** forsøkte ein å etablere mellom helgesamlingane for å auka dansefrekvensen og knyta dansinga til staden der lokaltradisjonen høyrer heime. «Forsøkte» viser til at det ikkje alltid lét seg gjera å ha øvingar i nærleiken av der ungdommane budde. På dei stadene der det allereie eksisterte lokale øvingar for ungdommar, vart desse nytta. Nokre få prosjektdeltakarar har berre delteke på lokale øvingar, medan fleire ikkje fekk ta del i ei lokal øving. Dei lokale øvingane har for det meste blitt drivne av lokale instruktørar i nærmiljøet til der ungdommane budde eller gjekk på skule. Dei fleste av dei lokale øvingane hadde også ein spelmann i tillegg til danseinstruktøren. Nokre stader høvde det best at det var eit av førebileta som heldt danseøvinga, medan det andre stader var dei mest erfarne danseutøvarane/instruktørane som heldt øvinga. Me har hatt gode røynsler med å knyta til oss godt vaksne som kunne vore besteforeldra til ungdommane.

- **Midtframsyninga** har hatt to hovudmål: 1) å motivere ungdommane til god kvalitet i dansinga 2) presentere musikk- og dansetradisjonane i fylket i ei scenisk ramme, gjerne med lokalt tilsnitt. Midtframsyninga vart etablert og har fungert for å tiltrekka oss ungdommar som me visste allereie var aktive danseutøvarar. Dei første helgesamlingane er ofte prega av nybyrjarundervisning. Midtframsyninga har difor som mål anten å få med seg eller motivere også dei ungdommane som allereie har sterk dansekunne, til vidare danseutvikling.

- **Sluttframsyninga** har hatt nyskapande dansekunst/scenepresentasjon på tradisjonsdansen sine premisar som mål. Her vart det sett som premiss både at det var dei lokale danse- og musikktradisjonane i fylket som ungdommane hadde jobba med, som skulle vera utgangspunktet, og at danserytmikken skulle liggja fast. Det vart derimot ofte eksperimentert med dansecoreografien. Ulike regissørar og koreografar har blitt hyra som kunstnariske leiarar for sluttframsyninga. Totalt har BD produsert 24 framsyningar som er viste heile 60 gonger, og éin film som vart lansert i 2020. Filmen har til no blitt vist åtte gonger sidan premieren.

TABELL 3.5: Oversikt over deltaking i sluttframsyninga fordelt på prosjekt (spørsmål 5)



Tabell 3.5 viser kor mange av respondentane som deltok i sluttframsyninga, og samanliknar dette med alle respondentar, fordelt på dei ulike prosjekta. Det skraverte feltet viser deltakarane i sluttframsyninga.

### For kvart prosjekt har det vore hyra inn prosjektmedarbeidarar og lokale førebilete:

- **Prosjektmedarbeidarane** i Bygda dansar som er tilsette ved Sff, har stått for prosjektleiing og hovudtyngda av danseinstruksjonen på helgesamlingane med god hjelp frå lokale instruktørar og dansarar. Dei har saman med dei fast fagtilsette ved senteret danna hovudtyngda av det høgt kvalifiserte undervisningspersonalet. Det har vore eit mål at ein av prosjektmedarbeidarane kom frå fylket og var kunnig i folkedans og/eller folkemusikktradisjonane der, og ein fagperson kom utanfrå for å tilføra prosjektet nye perspektiv og idear. I fleire fylke vart denne norma halden, medan ein i enkelte fylke av ulike grunnar hadde anten to personar frå fylket eller to personar som ikkje tilhørde/budde i fylket. Prosjektmedarbeidarane har vore ein del av fagpersonalet ved Sff.

- **Å vera danse- eller musikkførebilete** vil seia å dansa og/eller spela saman med ungdommane og assistera i danseundervisninga. Førebileta vart rekrutterte med bakgrunn i gode danse- eller musikkferdigheiter og evne til å skapa eit sosialt miljø for deltakarane. Det var eit mål å ha førebilete frå eige fylke, men i fleire fylke var tilgangen til spesielt mannlege førebilete få – og ein hyra inn førebilete frå andre fylke, mange tidlegare deltakarar. Det var til kvar tid minst ein, helst fleire førebilete per prosjekt. Desse skulle vera med på både helgesamlingane, midt- og sluttframsyningane.<sup>76</sup> Dei fleste førebileta var i 20-åra.

- **Kjernerdelaktarane** i prosjekta var ungdom i vidaregåande skulealder, 16–19 år, men med eit aldersspenn på +/- 2 år.<sup>77</sup> Alle dei me har rekna som deltakarar i denne undersøkinga, har delteke på aktivitetar i minst eit halvt år.



*Deltakarar og danseførebilete frå Rogalender dansar Åttapardansen frå Sandnes i midtforestillinga Dansehuset, 2018. Foto: Geir Olaf Gjerden*

<sup>76</sup> I dei første prosjekta vart dei kalla unge førebilete, for me ønskte å tiltrekka oss dei som var unge vaksne og nær i alder til deltakarane. Tanken var også å talentutvikla dei unge førebileta, og at dei var nærast i alder og nivå til å bli toppdansarar som ville satsa på dansen som yrke. Etter kvart hadde me også i enkelte prosjekt eldre førebilete, gode dansarar som dansa og var prima førebilete for ungdommane.

<sup>77</sup> Nokre få svært talentfulle ungdommar var med frå 12–13-årsalder, og me hadde deltakarar som ikkje hadde nokon bakgrunn i folkedans, og som var i 20-åra.

Ettersom det i hovudmåloppnåinga for Bygda dansar står at prosjektet skal vera ei ambulerande scene for opplæring av profesjonelle tradisjonsdansarar og for nyskapande scenepresentasjon, vart framsyningane, og spesielt sluttframsyninga, sentral som mål, prosess og produkt.

Dei to milepålane, midt- og sluttframsyninga, vart etablerte i pilotprosjektet Fjordapul, og har halde seg stabile i alle dei 20 åra. Også tankegodset bak desse framsyningane har halde seg stabilt.

I dei fleste prosjekta var hovudvekta av respondentane med på sluttframsyninga. Arktisk takt skil seg ut med at berre halvparten av respondentane deltok i sluttframsyninga.

Pilotprosjektet Fjordapul og den seinare opptrappinga til tre parallelle prosjekt fekk finansiering på grunn av at ein la vekt på å utvikla folkedansen som scenisk sjanger. Dermed vart sluttframsyninga hovudprioritert det siste året i prosjektperioden. Allereie i pilotprosjektet Fjordapul såg me utfordringar med ressursbruken mot sluttframsyninga, fordi han kunne gå ut over miljøskapande aktiviteter, vidare rekruttering og samarbeid med det lokale miljøet.<sup>78</sup>

Det er difor viktig for oss å identifisera kor relevante desse framsyningane har vore for deltakarane, og vurdera denne noko strenge og stramme vektlegginga av fagleg og kunstnarleg kvalitet og profesjonalitet. Å sjå kven i undersøkinga som var med på sluttframsyninga, er difor relevant når ein legg vekt på talentutviklinga, og også sett opp mot svara på dei andre spørsmåla i undersøkinga.

Me fann noko overraskande at berre 37 % (49) av dei 139 respondentane trekte fram dei sceniske framføringane som ein av fleire grunnar til at dei vart motiverte for å bli verande i prosjektet (spørsmål 15). På den andre sida trekte 60 % (83) fram moglegheita til å utvikla seg som dansar som motivasjon for å bli verande. Dette svaret var blant dei tre som flest kryssa av på. Me vil kikka nærare på desse svara, og kva respondentane tykte var mest motiverande for prosjektdeltaking og for vidare deltaking i miljøet, i neste kapittel 3.2. *BD sitt fotavtrykk i dagens folkedanspraksis.*

Me har funne at 87 % (94) av dei 111 respondentane som svarte at dei deltok i sluttframsyninga, hørte til miljøet frå før av. Det vil seia at minst 17 deltakarar deltok i sluttframsyninga som «ferske» dansarar og hadde maksimum tre år med opplæring.<sup>79</sup> Me vil følgja desse dansarane nærare i kapittel 3.3 *Eit utvida folkedans- og folkemusikk-miljø, eitt fylke om gongen, innsikt om BDs (ny)rekruttering.*



Plakaten til Dansehuset, midtframsyninga til Rogalender, 2018

78 Sjå diskusjonen s. 5–6 i sluttrapporten til Fjordapul: <https://www.bygdadansar.no/avslutta-prosjekt>

79 Spørjeundersøkinga skil dessverre ikkje mellom kven som berre hadde folkemusikk-kompetanse frå før av, men liten dansekompetanse. Av røynsle veit me at nokre av deltakarane som var med i sluttframsyninga, var ein del av miljøet, men hadde delteke lite i danseaktivitet før Bygda dansar.

### 3.2 BD SITT FOTAVTRYKK I DAGENS FOLKEDANSPRAKSIS

I dette delkapittelet har me valt å fordjupa oss i svara frå dei respondentane som framleis dansar folkedans i dag. Me har valt å samanlikna alle 139 respondentar med dei som har svart at BD i stor eller svært stor grad har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag. Me ønskjer å undersøka om denne samanlikninga kan seia noko om målsettinga om BD som talentutviklingsprosjekt, og også om rekrutteringa til miljøet.

Eitt av talentutviklingsspørsmåla i undersøkinga var spørsmål 16. Her svarer 83 % (115) av dei totalt 139 respondentane (både deltakarar og førebilete) at dei i stor eller svært stor grad lærte å bli ein betre dansar og/eller muskar i BD.<sup>80</sup> Dette viser svært god måloppnåing.

Andre talentutviklingsspørsmål var om BD hadde gjort ein forskjell på folkedansutøvinga deira. Me visste at mange av dei tidlegare deltakarane hadde andre opplæringsarenaer enn BD både før, under og etter at prosjektet var slutt. Å svara på kor relevant BD var, kan difor vera vanskeleg for desse å skilja ut. Me stilte likevel spørsmåla frå spørsmål 28 til spørsmål 35 for å undersøka korleis respondentane opplevde BD si rolle i det vidare folkedanslivet sitt.

47 % (65) av 139 respondentar svarer på spørsmål 29 at BD i stor grad eller svært stor grad var viktig for at dei dansar folkedans i dag, 35 respondentar svarer i stor grad og 30 i svært stor grad.<sup>81</sup>

Andelen som har svart i stor grad og svært stor grad, er oppsummert og vil i den følgjande teksten bli omtalt som «stor / svært stor grad». 21 % (29) av respondentane svarer i verken stor eller liten grad.

I verken stor eller liten grad vert i spørjeundersøkingar brukt som eit nøytralt midtpunkt. Me tolkar desse 29 som at dei ikkje veit eller er usikre på om BD hadde noko å seia, eller at dei lærte å bli ein betre dansar og/eller muskar desse tre åra i BD (spørsmål 16), men at det ikkje nødvendigvis var viktig for at dei dansar folkedans i dag.

Desse tolkingane vil me studera nærare i den følgjande teksten. Ein av respondentane som tok seg tid til å svara meir utfyllande, opplevde at spørjeundersøkinga ikkje var retta mot hen som allereie var ein del av miljøet før hen deltok i BD, og ein annan framhevar den lokale danseinstruktøren som viktigast, men at BD var med på å utvida horisonten.<sup>82</sup> På den andre sida ser me at av dei 15 som eksklusivt har hatt rolla førebilete i prosjekta, svarer 5 at BD har vore viktig, og 1 svært viktig for at dei dansar i dag. Dette var overraskande mange. Også i det følgjande vil me sjå på dei 14 % (20) av respondentane som svarer ikkje relevant på spørsmålet, og dei 18 % (25) som svarer i liten / svært liten grad.

På spørsmål 19, om dei tidlegare deltakarane framleis dansa og var ein del av miljøet, svarte 76 % (105) av 139 respondentar at dei i stor / svært stor grad har vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD, og 9 % (12) svarte verken i stor eller liten grad. 2,2 % (3) svarer at dei ikkje har vore involverte, og 14 % (19) svarer at dei i svært liten grad eller i liten grad har vore involverte (sjå vedlegg 1). Samanliknar ein svara på spørsmål 29 og tabell 3.6 ovanfor opp mot svara på spørsmål 19, kan ein seia at dei 14 % (20) respondentane som svarer ikkje relevant på spørsmål 29, ikkje har, eller i svært liten grad har vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD. Det at om lag 14 % (20) av respondentane ikkje har vore eller i svært liten grad har vore aktive i miljøet etter BD, kan det vera lurt å ha i bakhovudet når ein les resten av rapporten.

80 Av dei 12 som deltok først som deltakar og seinare som førebilete, svarer 5 av 12 (svært stor grad) og 7 av 12 (stor grad) at BD har lært dei å bli betre dansarar (spørsmål 16). Av dei 15 som var registrerte som eksklusive førebilete i prosjekta, svarer 9 av 15 at dei vart betre dansarar i BD i stor / svært stor grad, av desse 9 var 5 dansarar, 2 muskarar og dansarar og 2 muskarar. 4 av 15 svarte i verken liten eller stor grad, og 2 kryssa av for ikkje relevant.

81 Dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, består av 49 kvinner, 15 menn og 1 annan.

82 Ein av dei som ønskte å svara utdjupande på siste spørsmål 41, skriv: «Føler kanskje at spørreundersøkelsen ikke helt fanger opp meg. Jeg har hatt stor glede av BD, men det har ikke vært avgjørende for at jeg skal fortsette med folkedans-/musikken, siden jeg allerede var så involvert i det. Men jeg hadde fortsatt stor glede av det og det var helt klart viktig for mange.» Ein annan av respondentane skriv: «Eg var alt ein ganske erfaren dansar då eg og venene mine vart med (...). Eg vil hovudsakleg takke eldsjela Ingrid Søyland for at eg kan det eg kan i dag. [BD] var likevel med på å utvide horisonten ein god del.»


Me ønskte også å sjå på kva dei 83 % (115) som på spørsmål 16 svarte at dei i stor / svært stor grad lærte å bli ein betre dansar og/eller musikar i BD, svarte på spørsmål 29, om BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag. Me ser då at desse 83 % (115) fordeler seg på alle svaralternativa, og at samanhengen mellom opplevd læring og framgang ikkje nødvendigvis har samanheng med om BD har vore viktig for vidare aktivitet. Dette stadfestar tolkinga ovanfor: For mange av dei som allereie var ein del av miljøet, var BD ein av faktorane for at dei framleis er aktive, men langt frå einaste.

Me har også sett på korleis respondentane på spørsmål 29 fordeler seg på ulike prosjekt. Dette er for å studera nærare tolkinga av og hypotesen om

at svara på i kva grad BD er viktig for at dei dansar folkedans, i dag er påverka av i kor stor grad dei har vore involverte i miljøet før og under BD. I den følgjande tabellen ser ein korleis både dei 65 som i stor eller svært stor grad har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, og dei resterande 74 respondentane fordeler seg på dei ulike prosjekta.

Når me ser på svara fordelte på prosjekta, ser me at prosjekta der mange deltakarar svarer i liten grad / svært liten grad og i verken liten eller stor grad synest å korrespondera med prosjekta der BD rekrutterte frå større danselag/dansemiljø for ungdom som dansa i desse miljøa parallelt med aktiviteten i BD. Dette synes å gjelde spesielt for Fjordapuls, Danseru, Tiljetakt og Akersarv.


TABELL 3.6: I kva grad BD er viktig for at respondentane dansar folkedans i dag (spørsmål 29)



Tabell 3.6 viser i kva grad BD har vore viktig for vidare dansing. Dei blå felte viser at for 65 (30 + 35) respondentar har BD vore viktig, og det gule feltet viser respondentane som forhold seg nøytralt til spørsmålet. Dei grå felte viser dei som ikkje finn spørsmålet relevant, eller meiner at BD i svært liten / liten grad har hatt påverknad på at dei dansar folkedans i dag.



TABELL 3.7: I kor stor grad var BD viktig for at du dansar folkedans i dag (Spørsmål 29) – samanlikning av dei 115 som vart ein betre dansar/musikar i stor / svært stor grad (spørsmål 16) og alle respondentar



Tabell 3.7 viser i kor stor grad BD var viktig for at respondentane dansar i dag. Dei blå, gule og grå stolpane samsvarer med felta i tabell 3.6. Dei skraverete linjene viser korleis dei 115 som svarte at dei i stor / svært stor grad lærte å bli ein betre dansar og/eller musikar i BD (spørsmål 16), svarer på spørsmål 29.

### Oppsummering spørsmål 29, i kva grad BD har vore viktig for at respondentane dansar i dag


Prosjektleiinga har fått direkte tilbakemelding frå fleire oppover åra at BD har vore viktig for å skapa ungdomsmiljø der det ikkje var etablert noko danse miljø for ungdom. Det vil seia at fleire av dei som deltok i BD, har hatt opplæring i barnelag, men det har ikkje vore tilbod for ungdommar der dei budde. BD vart dermed viktig for den/dei som fortsette å dansa folkedans inn i ungdomsåra, og viktig for den/dei som hadde blitt opplærte i familien, men ikkje hadde danse miljø rundt seg i nærleiken. Det er sannsynleg at fleire av desse ungdommane har svart at BD i stor eller svært stor grad har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, saman med dei som var nyrekrutterte til prosjektet. Dei nyrekrutterte kjem me tilbake til i neste kapittel.

Dei 20 deltakarane som har svart ikkje relevant, og dei 25 som har svart i liten / svært liten grad på spørsmål 29, er truleg ei blanding av dei 20 som

ikkje dansar i dag, dei 15 førebileta (tabell 3.1), dei 11 musikarane og dei 2 skodespelarane (tabell 3.2). Me såg også ovanfor at det er sannsynleg at mange av dei ungdommane som var ein del av ungdomsdanse miljø før BD, anten har svart nøytralt på spørsmålet om BD sin påverknad på at dei dansar i dag (verken liten eller stor grad), eller i liten / svært liten grad.

Me har no gjort oss litt kjende med dei 139 respondentane i undersøkinga. Me veit at dei fleste var kjende med miljøet, eller involverte i miljøet før dei vart rekrutterte inn i BD. Me veit at for dei fleste deltakarane var BD viktig for læring. Me veit også at 65 (47 %) av dei 139 respondentane svarte at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (spørsmål 29). Desse 65 fangar opp kjernen av dei danse-rekrutterte deltakarane som dansar i dag. I det følgjande vil me sjå nærare på desse 65, og sjå desse opp mot alle 139 respondentar. Skil denne gruppa seg ut i nokre av dei andre spørsmåla, eller er inntrykket det same?

TABELL 3.8: Oversikt over kor viktig BD har vore for vidare dancing i dag, fordelt på prosjekt (spørsmål 29)



Tabell 3.8 viser korleis svara på spørsmål 29, kor viktig BD var for at du dansar folkedans i dag, fordeler seg på dei ulike prosjekta. Dei blå, gule og grå felta samsvarer med dei tilsvarende felta i tabell 3.6 og 3.7.

## Samanlikning mellom dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle 139 respondentar

Dei 65 respondentane som svarte at BD har i stor / svært stor grad vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, består av 49 kvinner, 15 menn og 1 andre. Som venta frå dei førre analysane har dei 65 hatt eit prosentvis høgare aktivitetsnivå i prosjektet samanlikna med alle respondentar. Dei fire hovudaktivitetane som deltakarane og førebileta var involverte i, var:

- Helgesamlingane: 97 % (63) av 65 mot 95 % (132) av 139
- Sluttframsyningane: 85 % (55) mot 80 % (111)
- Midtframsyningane: 85 % (55) mot 68 % (94) <sup>83</sup>
- Lokale øvingar: 69 % (45) mot 55 % (77)

## Grunnen til at respondentane vart verande i prosjektet

Det er tre viktige grunnar for å bli verande i prosjektet for både dei 65 deltakarane som svarte at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag, og alle respondentane. Svara frå begge gruppene er temmeleg einsarta:


- det sosiale miljøet og stemninga i deltakargruppa: 78 % (51) av 65 mot 69 % (96) av 139
- moglegheita til å utvikla seg som dansar: 74 % (48) av 65 mot 60 % (83) av 139
- instruktørane: 74 % (48) av 65 mot 58 % (81) av 139

4 respondentar har utdjupa under anna. Her stadfestar dei det sosiale som viktig, men legg også vekt på framsyningsarbeidet og kombinasjonen av det sosiale miljøet, danseformene og arbeidet med det sceniske.

Ein respons frå eit førebilete skil seg ut og understrekar verdien, dedikasjonen og grunnlaget for desse og dei lokale instruktørane: «For å følge prosjektet hele veien slik at ungdommene kunne følges opp vidare». 18 respondentar svarer jo også: «fordi jeg fikk muligheten til å formidle min dansekunnskap vidare». Då me studerte talgrunnlaget frå førebileta, fann me ulike grunnar til at dei vart verande i prosjektet. Dei fire grunnane som fekk flest kryss, og som 33 % (5) av dei 15 eksklusive førebileta kryssa av for, var:

- at dei fekk moglegheita til å formidla dansekunnskap vidare til dei som var litt yngre/ferskare dansarar
- at dei fekk moglegheita til å utvikla seg som dansar
- at dei fekk fordjupa seg i musikk- og danse-tradisjonane frå fylket
- på grunn av det sosiale miljøet og stemninga i deltakargruppa <sup>84</sup>


*Arktisk takt under innspelinga av Fingerpolka frå Tamokdalen til sluttframføringa, filmen Kalde mønster, 2020.*



<sup>83</sup> I tillegg kjem to av dei som svarte «anna – midtframsyning»

<sup>84</sup> Dei andre grunnane som dei eksklusive danseførebileta kryssa av på, var: instruktørane i prosjektet (4 av 15), likte å dansa dansane (3), utvikla meg som musikar (3), dei sceniske framføringane (2), dei uformelle dansefestane (2), å dansa pardans (2), ikkje relevant (4)

TABELL 3.9: Kva aktivitetar i prosjektet deltok du i (spørsmål 5) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar




Tabell 3.9 viser kva aktivitetar respondentane deltok i, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei fire aktivitetane med høgast svarprosent.

Svara viser at sjølv om kvart prosjekt har vore unikt med unike instruktørar, kan ein på generelt grunnlag seia at instruktørane i prosjekta har gjort inntrykk og gjort ein solid innsats med miljøskapande aktivitet og utvikling av danseferdigheiter. I del 2 om det dansefaglege arbeidet i BD utdjupa me dei dansepedagogiske prinsippa som har lege under dansearbeidet, og danseformidlinga i BD, eit felles sett med pedagogiske idear der det også har vore lagt vekt på individtilpassa aktivitet og øvingar for deltakarar og førebilete. I kvart fylke har den pedagogiske modellen blitt tilpassa geografi, lokalmiljø, deltakarar, danse- og musikkformer.

Me tolkar svara både mot at talentutvikling som fordjuping, vidareutvikling og læring i dans har vore viktig for at deltakarane ønskte å vera i prosjektet, men at det å vera ein del av eit sosialt miljø har vore naudsynt for dei andre aspekta. Likevel, dei ulike prosjekta er forskjellige, og i tabell 3.1b kan ein sjå korleis svara fordelte seg på dei unike prosjekta. At dei sceniske framføringane ikkje fekk høgare svarprosent, var derimot overraskande. Skaping av framsyningane var det kulturpolitiske hovudmålet med BD og grunngevinga for finansieringa. Som skrive ovanfor vart framsyningane i mange prosjekt brukte som motivasjon for å få ungdommane til å bli verande, men også for å få allereie etablerte utøvarar med i BD.

TABELL 3.10a: Grunnane til å bli verande i prosjektet (spørsmål 15) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar



Tabell 3.10a viser respondentane sine grunnar for å bli verande i prosjekta, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei tre grunnane med høgast svarprosent.

For prosjektleinga er det difor eit funn at berre 37 % (49) av alle respondentane svarer på spørsmål 15 at dei sceniske framføringane var ein av grunnane til at dei vart verande i prosjektet. Sjølv om desse var i mindretal, kan ein også snu på det og seia at for heile 49 respondentar var dei sceniske framføringane ein av hovudgrunnane for å delta i prosjektet.

Utvikling av danseferdigheiter vart også intensivt mot og motivert av dei sceniske prosjekta. To av respondentane vel å skriva i kommentarfeltet under *anna* at framsyningsarbeidet var viktig for dei. Éin presiserer at det var kombinasjonen av det sosiale miljøet, artige dansar og vektlegginga av dei sceniske framføringane som vart avgjerande.

Til høgre: Helgesamling på Helland skule med prosjektet Snu Nordvest, 2006.



TABELL 3.10b: Oversikt over grunnane til å bli verande i prosjektet (spørsmål 15) – alle respondentar fordelte på prosjekt

	Fjordapuls	Snu Nordvest	Lea de	Danseru'	Trø te'	Eggedans	Lek Østa!	Tiljetakt	Akersarv	Rogalender	Arktisk takt	Total
Det sosiale miljøet	15	19	21	11	7	3	6	16	9	4	7	96
Istrukturane i prosjektet	7	16	21	13	7	2	5	10	7	4	9	81
I sceniske framføringane	5	6	9	7	4	3	3	11	6	2	6	49
Uformelle dansefestane	6	12	9	8	4	1	3	8	6	3	7	52
Likte å dansa dansane	8	11	12	10	4	2	4	7	4	3	5	56
I lypa meg i tradisjonane	6	9	11	6	5	2	3	6	5	3	7	49
Dansa pardans	7	9	9	3	4	1	2	6	4	3	4	43
Dansa halling	4	5	8	2	1	1	1	5	3	2	2	28
Utvikla meg som dansar	12	17	17	11	7	4	7	14	9	4	8	83
Utvikla meg som musikar	0	1	6	2	1	2	0	0	0	1	4	15
Dansekunnskapen min	3	5	2	3	1	3	4	0	5	1	3	18
Ikkje relevant	1	0	2	1	3	2	1	1	2	1	4	18
Anna	0	0	1	0	2	0	0	1	1	0	0	4

Tabell 3.10b viser respondentane sine grunnar for å bli verande i prosjekta, fordelte på prosjekt. Dei oransje felta viser det svaret flest har kryssa av for, dei blå det nest flest, og dei lilla det tredje flest har kryssa av for per prosjekt. Det var mogleg å kryssa av for fleire grunnar.

Frå eit immaterielt og folkedansfagleg synspunkt er det fantastisk at samværsdansen, dei uformelle dansefestane og gleda med å dansa har trumfa det sceniske aspektet som motivasjonskjelde for dei fleste. BD synest dermed å ha lukkast med det dei kritiske røystene frykta at me ikkje skulle greia, nemleg å både utvikla dansarar til bruk i samværsdansen – den tradisjonelle funksjonen folkedansen har hatt i bygde- og bymiljøa, og spesialistar til scena. Dette poenget vert stadfesta i svara for kor respondentane dansar folkedans i dag.<sup>85</sup>

### Kor dansar respondentane folkedans i dag?

Samanliknar ein dei 65 respondentane som svarer at BD var viktig for at dei dansar i dag, med svara frå alle 139 respondentar, så er svara temmeleg einsarta på kor dei dansar i dag. Dei fleste svarer at dei dansar folkedans som samværsdans på dansegolvet på festival/kappleik – 82 % (53) av 65 mot 70 % (97) av 139, og dansefest i lokalmiljøet – 58 % (38) av 65 mot 50 % (70) av 139!

Fleire av dei 65 har tydeleg fått motivasjon til vidare satsing på dansinga i form av fram-syningar, kappleik og dansekompani. Dei 65 utgjør den største delen av dei som i dag dansar i dansekompani/profesjonelle samanhengar, med 14 respondentar av totalt 21.

<sup>85</sup> BD har alltid vektlagt at det ikkje er forskjell på korleis ungdommane dansar dei ulike dansetypane på scene og på dansegolvet anna enn der dette har eit scenisk poeng. BD har ønska å vera nyskapande, og har dermed variert med ulike former for rammeverk for scenepresentasjonane. Det har ført til at ikkje eitt prosjekt har vore likt i arbeidet mot fram-syningane. I mange prosjekt har dei kunstnarleg ansvarlege kome frå teaterfeltet og historieforteljinga har vore sentral, medan i andre prosjekt har folkedansen og folkemusikken vore det berande elementet.

### **Kor ofte dansar respondentane folkedans i dag?**

På spørsmål 20 om kor ofte dei dansar folkedans i dag (før-koronatid), kunne respondentane berre kryssa av på eitt svaralternativ. Svarprosenten viser at 68 % av alle respondentane (22 + 30 + 40 + 3<sup>86</sup>) dansar nokre gonger i halvåret eller meir.

49 % (32) av dei 65 dansar så mykje som fleire gonger i månaden: 18 % (12) dansar fleire gonger i veka og 26 % (17) fleire gonger i månaden. I tillegg har 3 av 4 som kryssa av på *anna*, svart at dei dansar svært regelmessig, frå kvar dag til éin gong i veka.<sup>87</sup> Berre 1 av dei 65 har ikkje dansa på fleire år.

Samanliknar ein dei 65 med dei totalt 139 respondentane, finn ein følgjande avkryssing:

- 37 % (24) av 65 mot 29 % (40) av 139 dansar nokre gonger i halvåret
- 26 % (17) av 65 mot 21 % (30) av 139 dansar mange gonger i månaden
- 18 % (12) av 65 mot 16 % (22) av 139 dansar mange gonger i veka

Dette vil seia at om lag halvparten av dei som i dag svarer at dei er involverte i miljøet i dag, meiner at BD i stor / svært stor grad har vore viktig for dette. I tabellen under ser ein også at berre 1 av dei 65 ikkje har dansa på mange år, medan dette gjeld for 22 av alle respondentar.

Alle førebileta har delteke i miljøet etter BD, både dei eksklusive 15, og dei 12 som har vore både deltakar og førebilete. 37 % (7 av 15 og 3 av 12) dansar nokre gonger i halvåret, 40 % (5 av 15 og 6 av 12) dansar fleire gonger i månaden, og 19 % (2 av 15 mot 3 av 12) fleire gonger i veka. Berre 1 av dei 15 rollemodellane har ikkje dansa på mange år.

### **I kva grad har respondentane vore aktive i miljøet etter BD?**

Som me såg ovanfor, fekk me på spørsmål 20 svaret at 49 % (32) av dei 65 dansar så mykje som fleire gonger i månaden eller meir (før-koronatid). Berre éin i denne gruppa har ikkje dansa på mange år. Heile 81 % (53) av dei same svarer på spørsmål 19 at dei i stor eller svært stor grad har vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD. Dette må bety at det er ein forskjell på kva aktivitetsnivå dei hadde på tidspunktet for spørjeundersøkinga (i spørjeundersøkinga spør me om aktivitetsnivået rett før koronaen sette stoppar for aktivitet) og deltaking generelt i miljøet etter BD. Spørsmål 19 legg nok opp til at involvering på ein eller annan måte gjev utteljing på avkryssinga i stor / svært stor grad.

### **I kva grad fann respondentane dansane og danseinnlæringa i BD relevant for vidare deltaking i miljøet?**


Av dei 65 respondentane i undersøkinga som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, er det fleire som er positive og nøgde når det gjeld relevansen for dansane og danseopplæringa i dagens utøving i folkedansmiljøet, enn blant alle dei 139 respondentane. På spørsmål 22 svarer 80 % (52) av 65 mot 50 % (70) av 139 at dansane dei lærte i BD i stor eller svært stor grad er relevante for folkedansaktivitetane dei deltek i.

Når me ser på svara på dette spørsmålet, bør ein ha i mente at spørsmålet var upresist og spurde om både dansane dei lærte i BD og/eller danseopplæringa var relevant. Det er forskjell på å læra seg danseformer og å læra å dansa. I den vidare diskusjonen tolkar me svara som svar på om danseformene var relevante; dette står først i spørsmålet. 115 respondentar har allereie i spørsmål 16 svart at dei vart ein betre dansar/musikar i BD, og dermed fann danseopplæringa relevant.

86 3 av 4 som kryssa av på *anna*, svarte at dei dansar svært regelmessig frå kvar dag til éin gong i veka.

87 1: «Kvar dag». 2: «På jobb (som oftast der eller i eit festleg lag)». 3: «Korona». 4: «Ein gong i veka».

TABELL 3.11: Kor dansar du folkedans i dag (spørsmål 21) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar




Tabell 3.11 viser kor respondentane dansar folkedans i dag, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei tre grunnane med høgast svarprosent. Den gule stolpen framhevar kor svara til dei 65 skil seg mest frå svara til alle respondentane.<sup>88</sup>

88 12 personar har kryssa av på *anna*: 6 av desse dansar i ulike opplæringsarenaer, 3 dansar i private samanhengar heime, åleine eller med venner, 1 er mest spelman, og 2 skriv at dei har hatt vanskar med å finna eit danselag/miljø å dansa i.




TABELL 3.12: Kor ofte dansar du folkedans (spørsmål 20) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar




Tabell 3.12 viser kor ofte respondentane dansar folkedans i dag, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert) med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei tre grunnane med høgast svarprosent. Den gule stolpen framhevar kor svara til dei 65 skil seg mest frå svara til alle respondentane.

TABELL 3.13: I kor stor grad har du dansa, spelt eller vore involvert i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD (spørsmål 19) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar



Tabell 3.13 viser i kor stor grad respondentane har vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Den blå stolpen viser dei som svarer i stor / svært stor grad, den gule stolpen dei som svarer i verken liten eller stor grad, og dei grå stolpane viser dei som svarer i liten / svært liten grad og ikkje relevant.

TABELL 3.14a: Oversikt over i kva grad dei 65 og alle 139 fann dansane dei lærte i BD, relevante for folkedansing etter BD (spørsmål 22)



Tabell 3.14a viser i kva grad respondentane fann dansane dei lærte i BD, relevante for folkedansing etter BD, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Den blå stolpen viser dei som svarer i stor / svært stor grad, den gule stolpen dei som svarer i verken liten eller stor grad, og dei grå stolpane viser dei som svarer i liten / svært liten grad og ikkje relevant.

Me ønskte å sjå relevansen av danseopplæringa opp mot dansearenane. Ser me på dei totalt 97 som dansar på dansegolvet på festival, så svarer 61 % (59) at dansane dei lærte, i stor / svært stor grad var relevante, og 59 % (41) av dei 70 som dansar på dansefest i lokalmiljøet, finn dansane relevante. Den gruppa på 65 som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, finn derimot danseopplæringa i BD meir relevant: 83 % (44) av dei 53 som dansar på dansegolvet på festival, og 84 % (32) av dei 38 som dansar på dansefest i lokalmiljøet. Sjå tabell 3.14b under for tala for alle arenaene.

Desse svara kan indikera kvifor dei 65 som kryssa av for at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, fann BD viktig. Dei har i stor / svært stor grad opplevd at danseopplæringa og danseformene dei lærte, var relevante for vidare utøving. Dette stadfestar også svara på spørsmål 35 om i kva grad respondentane dansar dansane dei lærte i BD. Sjå tabell 3.14c under.

Sidan totalen ikkje er fullt så nøgd, kan det vera relevant å diskutera repertoaret i BD opp mot det som vert dansa i folkedansmiljøet i dag. Me trekker fram nokre moment her som kan ha vore avgjerande for at ikkje alle svarer at dansane dei lærte / danseopplæringa i BD har vore relevant:

1. Kva definisjon har me og deltakarane i undersøkinga på ordet folkedans? Kor vidt eller snevert vert folkedansomgrepet tolka av dei som svarer? Kan all samværsdans på dansegolvet på festival og lokalmiljøet ha blitt rekna inn i svara deira? Av det me veit, kan swing/rock'n roll vera svært dominerande på dansegolva utanom på dei meir tradisjonelle folkemusikkfestivalane og festane. Sidan BD i svært liten grad har undervist i swing, tango og andre «moderne» pardansformer, kan dette vera ei av forklaringane på at ikkje alle finn dansane dei lærte i BD, så relevante.
2. I BD har bygdedansopplæringa, men også runddansopplæringa vore heilt sentral:


a. Runddansen/gammaldansen burde vera relevant fordi han ofte er svært sentral på festar i dansarlag, gammaldansforeiningar og folkemusikkfestivalar.

b. I BD har ein ofte lagt vekt på bygdedansane frå fylket, og variasjonsrikdommen i denne tradisjonen. I fleire fylke har BD gjort store revitaliseringsprosjekt på bygdedansen og dansa bygdedanseformer som mest er gått ut av bruk. Denne vektlegginga kan ha vore framandgjerande for ungdommane når dei kom ut i folkedansmiljøet, dersom miljøet dei møtte, ikkje var oppteke av desse dansane.

3. Me veit at ungdommar som drog på kurs og på danseøvingar der songdans og turdans var hovudvekta av repertoaret, opplevde at BD ikkje hadde førebudd dei på dette. Turdansane dei var lærte opp til i BD, var få og av lokalt repertoar, og ofte ikkje del av det nasjonale kjerneturdansrepertoaret som mange leikarringar og folkedanslag dansar.
4. BD har vore oppteke av det lokale og regionale. Ungdommane har difor ikkje blitt opplærte i populære bygdedansar som rørospols. Spesielt rørospolsen, men også andre spesifikke «større» bygdedanstradisjonar vert ofte spelte på større dansegolv på folkemusikkfestivalar og har mange tilhengarar som skaper fullt dansegolv, og som gjev energi, kraft og entusiasme inn i desse dansane. Dette kan også ha gjort at repertoaret i BD ikkje verka særleg relevant for fleire ungdommar.

Eit liknande spørsmål er spørsmål 35 om i kva grad respondentane dansar dansane dei lærte i BD, i dag. Det er interessant at for både dei 65 og alle 139 så går svarprosenten for stor / svært stor ned samanlikna med spørsmål 22. Grunngevinga for dette har nok, som diskutert ovanfor, samanheng med kor relevant repertoaret i BD er.


TABELL 3.14b: Kor dansar du folkedans (spørsmål 21) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle 139 respondentar, og kven av desse som svarte at dansane dei lærte i BD, var relevante (spørsmål 22)



Tabell 3.14b viser kor respondentane dansar folkedans i dag. Tabellen samanliknar svara frå dei som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (lys blå), med svara til alle respondentane (mørk blå). Tabellen syner også kor mange av desse 65 og alle 139 respondentane som svarte at dansane dei lærte i BD, var relevante i stor / svært stor grad (skravert, tal i grått over stolpane).


For eksempel finn ein at 53 av dei 65 som i stor / svært stor grad svarte at BD var viktig for at dei dansar i dag, dansar på «Dansegolvet på festival», og 44 av desse fann danseopplæringa relevant. 97 av alle respondentar svarer det same, og av desse fann 59 danseopplæringa relevant.

TABELL 3.14c: Oversikt over i kva grad dei 65 og dei 139 dansar dansane dei lærte i BD (spørsmål 35)



Tabell 3.14c viser i kva grad respondentane dansar dansane dei lærte i BD i dag, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Den blå stolpen viser dei som svarer i stor / svært stor grad, den gule stolpen dei som svarer i verken liten eller stor grad, og dei grå stolpane viser dei som svarer i liten / svært liten grad og ikkje relevant.

Tabell 3.15: Kor mange som tar eller har teke relevant utdanning (spørsmål 23) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar



Tabell 3.15 viser i kor stor grad respondentane tek eller har teke utdanning i dans eller musikk, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei som har teke utdanning i folkemusikk og folkedans. Av dei som svarer «anna», har ei svart at hen ville studert folkedans om det var mogleg, og ei anna studerer folkemusikk med folkedans som biinstrument.

### **Kor mange av respondentane studerer eller har studert folkedans og/eller folkemusikk?**

20 % (28) av dei 139 respondentane har studert eller studerer folkedans. Av dei 65 som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, svarer heile 32 % (21) dette. Dette må seiast å vera god måloppnåing, sett i relasjon til at målet er å rekruttera nokre få toppdansarar i kvart prosjekt som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. 27 % (37) av alle respondentar og 29 % (19) av dei 65 studerer eller har studert folkemusikk. Det er dermed rimeleg å dra slutninga at BD har hatt mykje å seia for å motivera dei til å ta ei folkedansutdanning, men også for at mange folkemusikkstudentar dansar folkedans.

Legg me saman tala, finn ein at 47 % (65) av alle respondentane og 66 % (43) av dei 65 har studert folkedans og/eller folkemusikk. 57 % av alle respondentane i undersøkinga har teke utdanning i dans eller musikk, sjølv om ikkje alle spesifikt har vigg seg til folkemusikken eller folkedansen.

For 22 av 65 personar er dette spørsmålet ikkje relevant. Det betyr at 34 % av respondentane som seier at BD motiverte dei i stor eller svært stor grad til å fortsetja å dansa, har funne arenaer å dansa på/i, men har ikkje gått vidare med utdanning. 7 av 65 har gjeve individuelle svar, 3 av desse 7 har også studert eller studerer folkemusikk og folkedans.<sup>89</sup>


### **Kor mange av respondentane har fått lønn for folkedans- og/eller folkemusikkaktiviteten sin?**

Spørsmålet om lønn er også knytt til måloppnåing om å rekruttera nokre få toppdansarar i kvart prosjekt som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. 44 % (61) har fått lønn for å vera folkedanslærer/instruktør, og 35 % (49) av alle respondentar har fått lønn for å vera folkedansutøvar. For dei 65 som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, er det 46 % (30) som har fått lønn som folkedanslærer/instruktør og 43 % (28) som har svart at dei har fått lønn som folkedansutøvar. Det er interessant at i kommentarfeltet *anna* har nokre respondentar svart at dei bruker folkedansen i jobben som barnehagelærer, omvisar på museum, personale ved sjukeheim, institusjonar og dagtilbod. 23 % (15) av dei 65 har ikkje hatt lønnsinntekt knytt til folkedans- eller folkemusikkaktivitet, mot 29 % (40) av alle 139 respondentar.

Me spurde også om i kva grad jobbane ovanfor utgjorde den samla lønnsinntekta deira. Her skilde me ikkje mellom folkedans- og folkemusikkaktivitet. Heile 27 % (38) av alle dei 139 respondentane svarer at desse jobbane utgjør den samla lønnsinntekta deira i stor eller svært stor grad. For dei 65 som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, er det 35 % (23) som svarer at dette utgjør den samla lønnsinntekta deira.


89 1: «Ville studert folkedans om det var ei moglegheit». 2: «Har studert dans». 3: «Studerer folkemusikk med dans som biinstrument». 4: «Den opphavlege planen var å ta eit årsstudium i folkemusikk, men dessverre vart planen endra». 5: «går på vanleg musikklinje» 6: «Nei». 7: «Nei».

TABELL 3.16: Kva type jobb har gjeve lønnsinntekt for folkemusikk- og folkedansaktivitet (spørsmål 24) – samanlikning av dei 65 respondentane som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar



Tabell 3.16 viser kva jobbar som har gjeve dei tidlegare deltakarane i BD lønnsinntekt, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Dei fire blå stolpane viser jobbane med lønnsinntekt for instruksjon og utøving i folkedans og folkemusikk.

TABELL 3.17: Kva type jobb har gjeve lønnsinntekt for folkemusikk- og folkedansaktivitet (spørsmål 24) – samanlikning av dei som svarer at folkedans- og folkemusikkaktivitetar utgjer dei samla lønnsinntektene deira (spørsmål 25), og kor mange av desse som også svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle respondentar



Tabell 3.17 viser, som tabell 3.16, kva jobbar som har gjeve dei tidlegare deltakarane i BD lønnsinntekt. Tabellen samanliknar svara frå alle 139 respondentar (mørk blå) med svara til dei 38 som på spørsmål 25 svarte at denne inntekta utgjer den samla inntekta deira (lys blå), og dei 23 som i tillegg svarte på spørsmål 29 at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert).

Som døme bruker me den øvste søyla, som er lønnsinntekt for å vera folkedansutøvar: Her viser talet til høgre at 49 respondentar har hatt lønnsinntekt for å vera folkedansutøvar, medan dette har utgjort den samla lønnsinntekta for 24 av desse. Av desse 24 igjen har 16 også svart at BD har vore viktig for at dei dansar i dag.

Respondentane kunne setta fleire kryss. Det er dermed ikkje nødvendigvis éin type folkedans- eller folkemusikkjobb (som folkedansutøving) som utgjer den samla lønnsinntekta, men summen av fleire ulike folkedans- og folkemusikkjobbar.




### ***I kva grad har BD vore viktig for at respondentane valde å fordjupa seg i folkemusikk/folkedans etter prosjektslutt?***

Svara på spørsmåla om utdanning og lønnsinntekt ovanfor har me teke til inntekt for målet til BD om å rekruttera nokre få toppdansarar i kvart prosjekt som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. Stemmer dette med det respondentane sjølve svarer på direkte spørsmål? BD var viktig for fordjuping i folkemusikk/folkedans for 51 % (33) av dei 65 som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, og 30 % (41) av totalt 139 respondentar. Dette har svart i stor / svært stor grad på spørsmålet.

BD sitt mål for kvart ambulerande prosjekt har vore å rekruttera nokre få toppdansarar, som vil satsa på dansen som yrkesverksemda si anten som frilansdansarar eller pedagogar. I tabell 3.18b ser ein at for kvart prosjekt har minst 2 og maksimum 14 respondentar for kvart prosjekt kryssa av for at BD har vore viktig for at dei valde å fordjupa seg i folkemusikk/folkedans etter prosjektslutt, ved å kryssa av for i stor / svært stor grad.

Mange av respondentane i spørjeundersøkinga dansar også innanfor andre dansesjangrar. Me finn at 38 % (25) av dei som svarer at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, i stor eller svært stor grad også dansar andre dansesjangrar.

TABELL 3.18a: Oversikt over i kva grad BD var viktig for fordjuping i folkemusikk/folkedans (spørsmål 34)




Tabell 3.18a viser i kva grad BD var viktig for fordjuping i folkemusikk og/eller folkedans etter prosjektslutt, og samanliknar svara frå dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar. Den blå stolpen viser dei som svarer i stor / svært stor grad, den gule stolpen dei som svarer i verken liten eller stor grad, og dei grå stolpane viser dei som svarer i liten / svært liten grad og ikkje relevant.

TABELL 3.18b Oversikt over i kva grad BD var viktig for vidare fordjuping i folkemusikk/folkedans, fordelte på prosjekt

	I liten / svært liten grad	I verken liten eller stor grad	I stor / svært stor grad	Ikkje relevant	Alle respondentar
Fjordapuls	2	4	5	8	19
Snu nordvest	1	1	6	13	21
Lea de	0	4	14	12	30
Danseru'	1	1	7	9	18
Trø te'	0	2	4	5	11
Egdedans	2	1	2	2	7
Lek Østa!	2	2	5	2	11
Tiljetakt	1	9	4	4	18
Akersarv	6	1	3	4	14
Rogalender	0	1	2	3	6
Arktisk takt	1	4	5	4	14
<b>Totalt</b>	<b>16</b>	<b>30</b>	<b>57</b>	<b>66</b>	<b>138</b>

Tabell 3.18b viser i kva grad BD var viktig for fordjuping i folkemusikk og/eller folkedans etter prosjektlutt, fordelte på prosjekta. Dei gule felta viser dei som svarte i stor / svært stor grad

TABELL 3.18c: Oversikt over i kor stor grad BD har vore viktig for folkedansinga for dei som også dansar innanfor andre sjanrar i andre dansemiljø (spørsmål 39)



Tabell 3.18c viser i kor stor grad BD har vore viktig for respondentane som også dansar innanfor andre sjanrar i andre dansemiljø, og samanliknar svara til dei 65 som svarte i stor / svært stor grad på spørsmål 29 om i kva grad BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag (skravert), med alle 139 respondentar.

### **Frivillig arbeid, opplæring, lokalt og nasjonalt engasjement og BD sin påverknad**

Sjølv om frivillig arbeid, lokalt og nasjonalt engasjement ikkje direkte ligg i målsettingane til BD, ligg dei der som ei forventning i folkedansmiljøet når ein rekrutterer til aktivitet. Me stilte fleire spørsmål for å identifisera engasjement blant tidlegare deltakarar. Me nemner nokre av resultatane samla i dette avsnittet, og viser til nærare fordjuping av svara i vedlegg 1.

På spørsmål 26 om verv og frivillige oppdrag finn me blant anna at heile 44 % av respondentane har hatt styreverv lokalt, og 42 % har vore frivillige på arrangement eller festivalar. På spørsmål 27 om dei har tradert vidare sin eigen folkedans- eller folkemusikkunnskap, har 35 % svart i stor eller svært stor grad, og 29 % i verken stor eller liten grad. 28 % svarer på spørsmål 36 at dei i stor eller svært stor grad dansar eller spelar i lokalmiljøet der BD-prosjektet deira vart gjennomført, medan

17 % verken er med i liten eller stor grad. I tillegg kjem dei 23 % som bur ein annan stad i dag, og som deltek i sitt lokalmiljø, der 11 % er med verken i liten eller stor grad (spørsmål 37). Heile 33 % svarer på spørsmål 38 at dei har hatt verv, arbeid, oppdrag på nasjonalt plan, eller vunne nasjonale konkurransar.

På spørsmål 28 om i kva grad BD har påverka til å gå på folkedans- eller folkemusikktilstellingar/-konsertar svarer overraskande 44 % i stor eller svært stor grad. 28 % svarer på spørsmål 30 at BD i stor eller svært stor grad har ført til at dei har blitt engasjerte som folkedansinstruktørar på kurs eller øvingar. 17 % svarer på spørsmål 31 at deira interesse for å spela til dans har blitt påverka av deltaking i BD, og 19 % svarer på spørsmål 32 at dei har blitt motiverte av BD til å melda seg som frivillig. På spørsmål 33 svarer 38 % at BD i stor eller svært stor grad var relevant for motivasjonen deira til å driva opplæring.



*Mitt distrikt, Charleston vert dansa i midframsyninga til Akersarv, 2016. Foto: Audun Stokke*

### 3.3 EIT UTVIDA FOLKEDANS- OG FOLKEMUSIKKMILJØ, EITT FYLKE OM GONGEN. INNSIKT I BD SI (NY)REKRUTTERING

I kapittelet ovanfor samanlikna me dei 65 respondentane som svarte på spørsmål 29 – at BD i stor / svært stor grad har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, med alle 139 respondentar. Ein annan måte å undersøka korleis rekrutteringa, talentutviklinga og BD-konseptet har blitt opplevd av deltakarane, er å sjå på svara frå dei som på spørsmål 6 kryssar av for at dei ikkje deltok i miljøet før BD. Kva var avgjerande for at dei vart rekrutterte og verande i prosjektet? Kva kan me læra av desse for framtidig rekruttering? Det er også spennande å sjå på kor mange av desse som har blitt verande i miljøet, i kva grad og korleis.

#### Rekruttering

Av dei 139 deltakarane i undersøkinga kryssar 19 av på spørsmål 6 for at dei ikkje var ein del av folkemusikk- eller folkedansmiljøet frå før. Alle 19 deltok som dansarar. Ein av desse deltok i tillegg som musikar. 12 av 19 er i dag i aldersgruppa 20–29, og 7 av 19 er eldre enn 30. 15 av dei 19 er kvinner.


I dei følgjande grafane viser me tendensane til desse 19 personane gjennom undersøkinga.

19 av 139 respondentar utgjer 14 % nyrekruttering. Det er frå dei tidlegaste prosjekta Lea de og Fjordapuls det er flest respondentar som er nyrekrutterte, høvesvis 6 og 5. I og med at svarprosenten for undersøkinga er låg, kan me ikkje seia om dette forholdet mellom prosjekta ville vera det same dersom talet på respondentar hadde vore dobla. Me vil diskutera om undersøkinga er representativ, i det siste kapittelet.



Frå Lek Østa! sin skuleturne på Alvdal ungdomsskole, 2012. Foto: Sff

TABELL 3.19 Oversikt over deltakarane i dei ulike prosjekta (spørsmål 4) – samanlikning av dei nyrekruterte og alle respondentar




Tabell 3.19 viser kva prosjekt respondentane deltok i, og samanliknar talet på nyrekruterte (skravert) med alle respondentar.

89 % (17) av dei 19 nyrekruterte har delteke i sluttframsyninga. Alle som deltok i sluttframsyninga, har vore på helgesamlingar. Helgesamlingane vart brukte som øvingar inn mot sluttframsyningane. 2 av dei 19 har ikkje delteke på dei store felles BD-aktivitetane.

Me har funne, ikkje overraskande, at 17 av dei 19 nyrekruterte er ein del av gruppa på 65 som svarte på spørsmål 29 at BD i stor / svært stor grad var viktig for at dei framleis dansar folkedans i dag. Det er derimot overraskande at berre 53 % (10) av desse svarer i *svært* stor grad. Kva då med dei resterande 37 % (7) som svarer i stor grad, og dei 11 % (2) som


svarer i liten grad? Noko av forklaringa kan ligge i at sjølv om dei kryssar av for at dei var nyrekruterte, kan 5 av dei ha hatt noko dansekunne frå før av, knytt til opplæring i familie eller skule. Me veit også at fleire ikkje berre vart rekruterte til BD, men at instruktørar og andre deltakarar også tok dei med til andre opplæringsarenaer. Me spurde i spørsmål 8 i kva grad dei som ikkje var ein del av miljøet frå før, hadde dansekunne. Overraskande svarte 31 respondentar på spørsmålet. Spørsmålet kan ha blitt misforstått og fått svar av fleire enn dei nyrekruterte. Me veit difor ikkje kva svaret seier oss.

TABELL 3.20 Oversikt over deltaking i sluttframsyninga (spørsmål 5)– samanlikning mellom dei nyrekrutterte og alle respondentar



Tabell 3.20 viser kor mange respondentar i dei ulike prosjekta som deltok i sluttframsyninga, og kor mange av desse som var nyrekrutterte (skravert).

TABELL 3.21 Kva var avgjerande for at dei blei med i BD (Spørsmål 10) – samanlikning mellom dei 19 nyrekrutterte og alle respondentar



Tabell 3.21 viser kva som var avgjerande for respondentane for å bli med i BD, og samanliknar svara frå dei 19 nyrekrutterte (skravert) med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei to svaralternativa som har fått flest svar av alle respondentane, den gule stolpen viser svaralternativet flest nyrekrutterte har gjeve.

## 16 RESPONDENTAR SINE TANKAR OM KVA SOM VAR AVGJERANDE FOR Å BLI MED I BYGDA DANSAR

- «Det sosiale nettverket med unge dansarar frå heile fylket var viktig. Kom frå eit lite folkedansmiljø og hadde behov for å sjå fleire på eigen alder.»
- «Strategisk motivert arbeid for å fremme kunnskap om lokale tradisjoner samt rekruttering.»
- «Var innhenta som ungt forbilde.»
- «Sjansen til å få danse mykje!»
- «Var obligatorisk fra vgs.»
- «Jeg visste om at BD kom til mitt område, og da måtte jeg jo bli med.»
- «Jeg ble hyret som spellmann.»
- «Tipset fra en trener.»
- «Noen i danselaget jeg var innom på det tidspunktet, foreslo at jeg burde bli med.»
- «Ble headhuntet.»
- «Jeg var medlem av et ganske stort spelmanslag, mens her fikk jeg og to til muligheten til å spille i mindre gruppe sammen med læreren vår fra spelmanslaget. Det var veldig nyttig for meg å få den muligheten og erfaringen gjennom å spille i et såpass lite ensemble, kun bestående av 4–5 musikere.»
- «Ble kontaktet og bedt om å hjelpe med en rolle.»
- «Ble spurt om å være med på sluttframsyninga.»
- «Leikarringen drog meg med.»
- «Ble spurt om å være med.»
- «Kontaktet før prosjektet.»

### **Kva vart avgjerande for å rekruttera og for å få ungdommane til å bli verande i miljøet?**

I spørsmål 10 spør me om kva som var avgjerande for å bli med i Bygda dansar. For 42 % (8) av dei 19 nyrekrutterte var skuleturneen avgjerande, medan 31 % (6) svarer at venner var avgjerande for å vera med i BD. Svara frå dei nyrekrutterte skil seg frå svara til alle 139, der berre 9 % (13) svarer at skuleturneen var avgjerande, og heile 44 % (61) svarer at venner var avgjerande.

Oppsummert kan ein seia at for dei nyrekrutterte var skuleturneen og venner dei absolutt viktigaste faktorane for å bli med i BD. For alle respondentane var venner heilt avgjerande, saman med det dei hadde sett og høyrte om prosjektet. 16 av 139 har ønskt å utdjupa kva som var avgjerande for dei for å bli med i BD, under anna (sjå faktaboksen). Sjølv om berre eitt av dei utdjupande svara kom frå ein nyrekruttert, synest dei relevante i samanhengen. På skuleturneane var det vanleg å ta direkte kontakt med dei ungdommane som verka ivrige i danseundervisninga, for å få dei til å skriva seg opp på listene. Venner har spurt andre venner om å bli med. Av dei som skriv under anna, er det fleire som peikar på at det at dei vart spurde eller føreslått til å delta, var avgjerande for at dei vart med. Det kan difor synast som at det gjennomgåande har vore viktig og kanskje avgjerande både for dei 19 og for alle respondentar å bli spurde eller føreslått personleg og direkte om å delta, anten dette forslaget kom frå instruktørar på skuleturné, frå venner eller frå miljøet. Dette fortel at i rekrutteringsfasen og i gjennomføringa av talentprosjekt som BD skal ein ikkje underslå kor viktig det er å bli «sett», og vera del i eit sosialt danse- og musikkfellesskap.

Aktiviteten i seg sjølv har også vore avgjerande for mange for at dei vart med i prosjektet. 21 % (4) av dei 19 nyrekrutterte og 29 % (40) av alle respondentane svarer at det dei hadde høyrte om prosjektet eller framsyningsarbeidet, var avgjerande for at dei vart med.


Det viktige ved å verta «sett» og det sosiale danse- og musikkfellesskapet vert også stadfesta av svara på spørsmål 15 om kvifor deltakarane vart verande i prosjektet. Her samsvarar svara frå dei 19 nyrekrutterte med svara frå alle respondentane, inkludert dei 65 som svarte at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag. På spørsmål 15 svarer 79 % (15) av dei 19 nyrekrutterte at det sosiale miljøet var viktigast for at dei fortsette i BD, tett følgt av at instruktørane i prosjektet var avgjerande, 69 % (14).

Merk at over halvparten også har kryssa av for at dei likte dansane det vart instruert i, 53 % (10), og at dei fekk moglegheita til å utvikla seg som dansar 58 % (11). Det er ei plausibel tolking av svara på spørsmål 15 at noko av grunnen til at både nyrekrutterte og dei som allereie var ein del av miljøet vart verande i BD, var at dei opplevde progresjon og meistring i eit sosialt miljø saman med venner. Sjå også tabell 3.10 over og diskursen knytt til spørsmål 15 for alle respondentane.<sup>90</sup>

90 Samanliknar me svara frå dei 19 nyrekrutterte med svara til alle dei 134 respondentane på spørsmål 15, ser me at 72 % (96) vart verande i prosjektet på grunn av det sosiale miljøet og stemninga i deltakargruppa, at 73 % (83 + 15) vart fordi dei fekk moglegheita til å utvikla seg som dansar og muskar, og 60 % (81) på grunn av instruktørane i prosjektet.



TABELL 3.22: Oversikt over grunnane til at dei 19 nyrekrutterte vart verande i prosjektet (spørsmål 15)



Tabell 3.22 viser grunnane til at dei 19 nyrekrutterte respondentane vart verande i prosjektet. Dei tre blå stolpane viser svaralternativa med flest responsar.


### Kan ein læra seg å bli ein god nok folkedansar i ein alder på rundt 16 år?

Fleire miljø ønskjer seg sterkare ungdomsrekruttering til miljøet sitt. Samtidig er det ein ambivalens i miljøet og samfunnet generelt med tanke på om det går an å rekruttera ungdom «så seint» til talentprosjekt og yrkeskarrierar. Kan spørjeundersøkinga gje oss svar på i kva grad BD har klart å talentutvikla dei heilt ferske dansarane i prosjektet? Dei 19 respondentane kan gje oss nokre indikasjonar på dette. Me såg av tabell 3.22 ovanfor at 11 av dei 19 svarte at grunnen til at dei valde å bli verande i prosjektet, var at dei fekk moglegheit til å utvikla seg som dansarar. Rundt halvparten har også kryssa av på at dei vart verande på grunn av at dei vart fengde av sjølve aktiviteten: danseformene, samværsdansen og dei sceniske framføringane.


På spørsmål 16 svarer 89 % (17) av dei nyrekrutterte at dei i stor grad (13) og i svært stor grad (4) lærte å bli ein betre dansar/musikar. Det er positivt at desse 17 opplevde at dei i løpet av dei maks tre åra dei deltok, i stor eller svært stor grad vart betre dansarar.

På spørsmål 17 om BD stilte for store krav og på spørsmål 18 om BD stilte for små krav når det gjeld utvikling av danseferdigheiter, svarer dei fleste i svært liten eller liten grad, høvesvis 79 % (15) og 63 % (12). Berre 11 % (2) av dei nyrekrutterte respondentane er klare på at BD stilte for store krav til dei. Samanliknar ein med alle respondentane, er det berre 4 % (6) av 138 som er klare på at BD stilte for store krav, og 5 % (7) av 137 som er klare på at BD stilte for små krav (sjå vedlegg 1). Det kan dermed synast som at BD i stor grad har lukkast med å stilla verken for store eller for små krav til deltakarane.

TABELL 3.23a: I kva grad stilte BD for store krav når det gjeld utvikling av danseferdigheiter (spørsmål 17) – samanlikning av dei 19 nyrekrutterte med alle respondentar




TABELL 3.23b: I kva grad stilte BD for små krav når det gjeld utvikling av danseferdigheiter (spørsmål 18) – samanlikning av dei 19 nyrekrutterte med alle respondentar



Tabell 3.23a og b viser i kor stor grad BD stilte for store og for små krav når det gjeld utvikling av danseferdigheiter, og samanliknar svara frå dei 19 nyrekrutterte respondentane (skravert) med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser dei to svaralternativa som har fått flest svar.

TABELL 3.24: Oversikt over kor mange av dei 19 nyrekrutterte som har dansa, spelt eller vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD (spørsmål 19)



Tabell 3.24 viser med det blå kakestykket kor mange av dei nyrekrutterte som har vore involverte i miljøet etter BD.

Spørsmåla 19, 20 og 21 spør om deltaking i folkedans- og folkemusikkaktivitet etter BD. Sjølv om 68 % av dei nyrekrutterte svarer på spørsmål 19 at dei i svært stor grad (10) eller i stor grad (3) har vore involverte i folkedans- eller folkemusikkaktivitet etter BD, er det berre 63 % (12) av dei nyrekrutterte som svarer på spørsmål 21 om kor dei dansar folkedans.<sup>91</sup> 5 er i dag svært aktive og svarer på spørsmål 20 at dei dansar fleire gonger i månaden.

36 % (5) av 19 svarer på spørsmål 20 at dei ikkje har dansa på fleire år. Ser ein i tillegg på spørsmål 19, der tala er klare på at 2 av dei ikkje har delteke i miljøet i det heile etter BD, og at 4 av 19 i svært liten grad har vore involverte miljøet etter BD, ser ein at heile 32 % (6) av dei nyrekrutterte ikkje lenger deltek i miljøet. Spørjeundersøkinga gjev ikkje noko klart svar på kvifor det er slik.<sup>92</sup>

På den andre sida vil me i det følgjande delkapittelet visa at 58 % (11) av dei nyrekrutterte ikkje berre deltek i miljøet, men fell inn under målsettinga til BD om å rekruttera nokre toppdansarar som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si.

91 7 av 19 kryssar av på ikkje relevant

92 Av svara kan det synast som at 2 av 19 tykte at BD kravde for mykje av dei, og at BD ikkje skapte nok interesse for å fortsetta med aktiviteten. Dei andre har me ikkje noko meir informasjon om.

## Talentutvikling

På spørsmål 21 om kor dei dansar folkedans, er det 63 % (12 av 19) av dei nyrekrutterte respondentane som svarer på spørsmålet. Av desse 12 svarer flest samværsdans (noko som me såg ovanfor også var tilfellet for alle respondentane og dei 65 som svarte at BD var viktig for at dei dansar i dag.

Det er interessant at 4 av dei 19 nyrekrutterte kryssar av for å dansa i dansekompani / i profesjonelle samanhengar. Desse vart rekrutterte frå Lea de (2), Fjordapuls (1) og Trø te (1).<sup>93</sup> Ser me nærare på dei 4, har 2 av dei i tillegg kryssa av for at dei dansar på kappleikssцена.

4 andre, til saman 6 av dei nyrekrutterte, dansar på kappleik og var med i prosjekta Lea de (4), Trø te (1) og Tiljetakt (1). 3 andre respondentar, til saman 5, kryssar av på at dei dansar i framsyningar.

På spørsmål 23 om utdanning svarer 58 % (11) av dei 19 nyrekrutterte at dei har studert eller studerer folkedans og/eller folkemusikk. 32 % (6) av

desse har valt å studera eller har studert folkedans, og 26 % (5) har valt å studera eller har studert folkemusikk. 16 % (3) andre av dei nyrekrutterte studerer eller har studert andre dansesjangrar, medan 11 % (2) har studert andre musikksjangrar. Det er verdt å merka seg at trass i at alle 19 svarte at dei ikkje var ein del av miljøet, og at dei var med i prosjektet som dansarar, vart folkemusikken ein studieveg for 26 % (5) av dei.


På spørsmål 24 om lønnsinntekt svarer 58 % (11) av dei 19 nyrekrutterte at dei har fått lønn som folkedansinstruktør (8) og/eller folkemusikkinstruktør (4). 37 % (7) får lønn som folkedansutøvar. 5 personar (26 %) av dei nyrekrutterte svarer på spørsmål 25 at folkedansutøvinga og -formidlinga har utgjort eller utgjør hovudinntektskjelda deira. Me har funne at 26 % (5) unike respondentar har hatt eller har arbeid med folkedans og 1 med folkemusikk som hovudinntektskjelda si. Desse 32 % (6) kjem frå Fjordapuls, Lea de, Trø te og Tiljetakt. Me har også funne at 3 av dei nyrekrutterte har hatt verv, arbeid og/eller oppdrag på nasjonalt nivå (spørsmål 38).



*Mellom rutene, sluttframsyninga til Trø te, 2013. Foto: Sff.*


93 10 av 19 svarer at dei finn dansane og danseopplæringa i BD relevant for dagens utøving av folkedans i stor eller svært stor grad (Q6-22).

TABELL 3.25: Kor dansar dei i dag (spørsmål 21)– samanlikning av dei 19 nyrekrutterte og alle respondentar




Tabell 3.25 viser kor respondentane dansar i dag (før korona), og samanliknar svara frå dei 19 nyrekrutterte respondentane (skravert) med alle 139 respondentar. Dei blå stolpane viser svaralternativa som har fått flest svar av dei nyrekrutterte. Den gule stolpen framhevar at 4 av dei nyrekrutterte dansar profesjonelt i dansekompani (i undersøkinga stod det: dansekompani/profesjonelle samanhengar).

TABELL 3.26: Oversikt over dei nyrekrutterte som har teke høgare utdanning (spørsmål 23)



Tabell 3.26 viser kor mange av dei nyrekrutterte respondentane som har teke fordjupande utdanning i dans og musikk etter BD. Dei to blå radene framhevar respondentane som har teke folkedans- og folkemusikkutdanning.

TABELL 3.27: Kva type jobb har gjeve lønnsinntekt for folkemusikk- og folkedansaktivitet (spørsmål 24) – samanlikning av dei 6 nyrekrutterte som har hatt folkemusikk eller folkedans som hovudinntekt (spørsmål 25) med alle 19 nyrekrutterte



Tabell 3.27 viser kor mange av dei nyrekrutterte som har fått lønn for folkedans- og/eller folkemusikkaktivitet, og for kor mange av desse denne inntekta i stor / svært stor grad utgjer den samla inntekta (skravert). Dei blå stolpane viser kva aktivitet flest får lønn for.

## Oppsummert

Oppsummert kan me seia at 58 % (11) av dei 19 nyrekrutterte fell inn under målsettinga til BD om å rekruttera nokre toppdansarar som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. Av dei 19 respondentane som i undersøkinga har svart at dei vart nyrekrutterte til BD, fordeler 32 % (6) seg i kvar sin ytterkant anten som svært lite involverte i folkedansmiljøet eller som fulltids yrkesutøvarar av folkemusikk- og/eller folkedans. Dei 7 siste deltek i miljøet på festar og øvingar, nokre som kappleiksdansarar, nokre har delteke i framsyningar, og mange har undervist og hatt lønnsinntekt. Det er interessant at såpass mange av dei nyrekrutterte i stor monn har fordjupa seg i folkedansen, og også i folkemusikken, sjølv om dei møtte denne og miljøet seint i ungdomsåra.

Kanskje det må vera slik i denne gruppa at det er litt anten-eller – ein har ikkje vakse opp i miljøet, og dermed tek ein eit meir aktivt val etter prosjektet om vidare fordjuping, eller skiftar til ein annan aktivitet. Ut frå svara dei gjev om kvifor dei vart verande i prosjektet, ser BD ut til å ha teke vare på denne gruppa og motivert og hatt verktøya og ressursane for rask danseprogresjon og talentutvikling.<sup>94</sup>

Desse nyrekrutterte fortel at for å nå dei som ikkje er i miljøet, så er skuleturneane og venner avgjerande for å bli kjend med eit slikt prosjekt. Når ein såg på rekrutteringa som heilskap, inkludert alle respondentane i undersøkinga, ser det ut som det å bli spurdt om å bli med har vore avgjerande for svært mange, og at parallelt med eit sosialt miljø har fordjupinga i sjølve danseaktiviteten i BD vore fengjande både for rekrutteringa og for vidare motivasjon til å bli i prosjektet. Gode instruktørar har lagt til rette for dette.



Frå Rogalender sin skuleturne, 2017. Foto: Sff

94 Det er fleire faktorar me ikkje spurde om i spørjeundersøkinga, men som me veit om fleire av dei nyrekrutterte i BD. Me veit at mange av dei me rekrutterte inn etter kvart, deltok parallelt med BD på øvingar og folkedansaktivitetar/talentutviklingsprosjekt. Me veit også at fleire av dei nyrekrutterte hadde annan danse, rørsle- eller musikkbakgrunn. All røynsle tilseier at annan rørsle- og musikkbakgrunn før BD, og aktivitetsnivået i dans og musikk parallelt med BD, har samverka til rask progresjon og talentutvikling.

## Dei under 20 – ei lovande framtid for folkedansen

Totalt 11 % (15) av respondentane som svarte på undersøkinga, er under 20 år i året 2021: 11 jenter og 4 gutar. Desse er framleis ungdommar, på veg inn i vaksenverda. Alle 15 var dansarar i prosjektet, men 3 var også musikarar. 6 av dei deltok i Tiljetakt, 4 deltok i Akersarv, 2 i Rogalender og 3 i Arktisk takt. Alle 15 deltok på helgesamlingar, og 13 av dei deltok på sluttframsyninga.

Me har i dette kapitlet hatt søkelys på dei som har vore nyrekrutterte til miljøet, men kapitlet heiter «Eit utvida folkedans- og folkemusikkmiljø, eitt fylke om gongen. Innsikt i BD si (ny)rekruttering». Dei som ikkje nødvendigvis er nye i miljøet, men som er på full fart inn som nye vaksne, er dei som er under 20 år i dag. Til slutt i denne framstillinga av undersøkinga vil me difor skriva noko om desse.

Alle 15 har kryssa av for at dei tilhørde folkedans-/folkemusikkmiljøet før dei vart med i BD. 10 kom frå danseundervisning, medan 5 kom frå spelmannsundervisning. På spørsmål 16 svarer 80 % (12) at dei i stor / svært stor grad vart betre dansarar i BD, og på spørsmål 22 finn 60 % (9) dansane dei lærte / danseundervisninga i BD relevante for dagens danseutøving. 40 % (6) av dei 15 utøver også andre dansesjangrar, medan 60 % (9) kryssar av for nei, dei dansar ikkje andre sjangrar enn folkedans i dag. 33 % (5) av dei 15 kryssar av for at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag, på spørsmål 29, 47 % (7) kryssar av for verken i liten eller stor grad. Det kanskje ikkje så rart at svara fordeler seg slik, sidan dei tilhørde miljøet frå før av.

Gruppa skil seg ikkje ut når det gjeld rekruttering til prosjektet eller grunnar for å bli verande i prosjektet, spørsmål 10 og 15. Dei fleste svarer at

venner var avgjerande (60 % (9)), og at dei vart verande på grunn av det sosiale miljøet (80 % (12)), moglegheita til å bli ein betre dansar (73 % (11)) og på grunn av dei uformelle dansefestane (60 % (9)). For berre nokre få i denne gruppa vart framsyningsarbeidet avgjerande (13 % (2)).

På spørsmål 19 svarer 73 % (11) av dei 15 at dei i stor / svært stor grad har delteke i danseaktivitetar etter BD. Så mykje som 40 % (6) av dei 15 dansar fleire gonger i veka. Det er bra i eit immaterielt kulturarvsperspektiv at 87 % (13) av dei 15 dansar sosial samværsdans på festival og kappleik, og det at 27 % (4) av dei under 20 år har dansa i dansekompani / profesjonelle samanhengar, er imponerande.

27 % (4) av dei 15 studerer folkemusikk/musikk, og 7 % (1) av 15 studerer folkedans. 53 % (8) av dei 15 har fått lønn for å vera folkedansutøvar, 53 % (8) av 15 har fått lønn for å vera folkedansinstruktør, 33 % (5) som folkemusikkutøvar, og 7 % (1) som folkemusikkinstruktør. Berre 27 % (4) av desse 15 har ikkje hatt lønnsinntekt for folkedans/musikkutøving/instruksjon.

Desse unge utøvarane under 20 år som har svart på undersøkinga, gjev eit lovande bilete av dedikerte dansarar og musikarar der sosial samværsdans dominerer, og der fleirtalet er i ferd med å bli morgondagens formidlarar både i form av undervisning og scenisk utøving. Sjølv om desse var involverte i miljøet frå før av, har dei funne BD interessant nok på vegen sin i fordjuping i dansetradisjonane våre. Me håpar at det er nok ressursar både på lokalt og nasjonalt plan til å vareta iveren og interessefelte deira. Ei utdanning i folkedans ville kunna styrka dansefordjupinga og danseformidlinga deira, men også sjansane for dei som ønskjer det, til å kunna leva av danseformidling i framtida.



### 3.4 DISKUSJON OG SAMANDRAG AV DELTAKARUNDERSØKINGA

I dette avsluttande delkapittelet vil me først gjera greie for representativiteten til deltakarundersøkinga, før me oppsummerer svara på spørsmåla og analysane av desse.

#### Er spørjeundersøkinga representativ? Og kva svarer deltakarundersøkinga på?

Spørjeundersøkinga hadde 139 respondentar. Fleire av respondentane kryssa av for at dei har delteke i fleire prosjekt. Dei 139 respondentane representerer 170 deltakarar i prosjekta (sjå tabell 3.28 under). Desse 170 deltakarane utgjer 26 %, eller litt over ein fjerdedel (av 644) av deltakarane som var innom dei 11 gjennomførte prosjekta (sjå vedlegg 2). Lea de, Snu Nordvest, Tiljetakt og Fjordapuls er prosjekta som har flest respondentar i deltakarundersøkinga. Dei 30 respondentane frå Lea de utgjer 30 % (30 av 100) av deltakarane som var innom prosjektet, Snu Nordvest sine 21 respondentar utgjer også 30 % (21 av 70), medan Tiljetakt sine 19 respondentar utgjer 40 % (19 av 48), og Fjordapuls sine 19 utgjer 24 % (19 av 80).<sup>95</sup>

Det kan sjå ut til at me har klart å nå med desse 37 % mange av dei som deltok jamleg i BD, i og med at 95 % (132) av respondentane deltok på helgesamlingar og 80 % (111) deltok på sluttframsyninga. Utvalet kan difor synast å representera dei som deltok i kjernen av prosjektet. Me har klart å nå mange av dei som var med på talentutviklinga, samtidig som me har fått inn eit mindretal av svar frå personar som også berre var innom prosjektet.

Me har i mykje mindre grad nådd dei som berre var innom, eller dei som slutta fordi BD av ulike grunnar ikkje var interessant nok å bruka tida si på.<sup>96</sup> Me veit difor til dømes ikkje om 14 % nyrekruttering (19 av 139) kan spegla heile prosjektet. Av røynsle veit me at det vart vanskeleg å halda på enkelte nyrekrutterte frå skuleturneane dersom dei ikkje hadde venner i prosjektet eller var ein del av miljøet frå før av. Difor er det også vanskeleg å måla kva effekt skuleturneen har hatt. Undersøkinga gjev såleis ikkje svar på manglande eller sviktande rekruttering i enkelte fylke, anna enn at barne- og ungdomsarbeidet i fylket før BD kan synast å ha vore viktig for talet på deltakarar for dei fleste fylka.

Undersøkinga gjev heller ikkje svar på kva aktivitet som har skjedd i fylka etter at den 3-årige perioden til Bygda dansar var over. Me veit at enkelte fylke eller miljø opplever å ha fått eit oppsving, medan andre opplever at ungdommane har forsvunne frå fylket for høgare utdanning. Det undersøkinga derimot gjev svar på, er aktivitetsnivået som respondentane sjølve rapporterer etter deltakinga i BD.

Trass i at berre 26% eller litt over ein fjerdedel av deltakarane som var innom dei 11 gjennomførte prosjekta, har svart på deltakarundersøkinga, kan me sjå nokre tydelege tendensar på enkelte område.

95 Deltakartalet pr. prosjekt er vanskeleg å talfesta og samanlikna. Nokre prosjekt oppgjev i sluttrapporten sin alle personane som har vore innom prosjektet og har delteke på ei eller fleire danseøvingar, medan andre oppgjev dei ungdommane som var med i lengre periodar på enkelte delprosjekt, eller tal for dei som vart med til sluttframsyninga.

96 Det må seiast at me ikkje gjorde nokon stor innsats for å nå desse. Det var lettast å nå deltakarane som hadde fullført prosjektet.

TABELL 3.28: Respondentar og deltakarar i prosjekta

	Deltakar innom prosjektet	Respondentar deltakar	Respondentar førebilete	Respondentar totalt
Fjordapuls	80	16	3	19
Snu nordvest	70	17	4	21
Lea de	100	25	5	30
Danseru'	100	17	1	18
Trø te'	33	7	4	11
Egdedans	21	4	3	7
Lek Østa!	55	7	4	11
Tiljetakt	48	18	1	19
Akersarv	30	12	2	14
Rogalender	31	4	2	6
Arktisk takt	76	10	4	14
<b>Totalt</b>	<b>644</b>			<b>170</b>

Tabell 3.28 samanliknar dei registrerte deltakarane med respondentane i deltakarundersøkinga, fordelte på fylke. Førebileta er mangelfullt registrerte i godt alle fylka. Desse tala er difor ikkje med i denne tabellen.

### Oppsummering av analysane i BD si deltakarundersøking

I innleiinga presiserte me at då me utvikla deltakarundersøkinga, ønskte me å leggja vekt på fire område som kunne seia noko om målsettingane i BD for rekruttering og talentutviklinga:

- *Å rekruttera og læra opp ei gruppe unge dansarar innanfor ein lokal eller regional dansetradisjon til eit godt teknisk og kunstnarleg nivå.*
- *Å rekruttera nokre få toppdansarar, innanfor denne tradisjonen, som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si, anten som frilansdansarar eller pedagogar.*

Dei fire områda knytte til desse måla er BDs rekruttering og rekrutteringsstrategiar, aktiviteten i miljøet etter BD og talentutviklinga.

### 1. Har BD betydd noko for rekrutteringa til folkedansmiljøet?

Dei fleste av dei 139 deltakarane var kjende med miljøet eller involverte i miljøet før dei vart rekrutterte inn i BD. Å ha kjennskap gjennom familie, skule eller barneaktivitet har difor vore viktig for dei fleste av deltakarane, sjølv om dei ikkje nødvendigvis var aktive i miljøet då BD kom til dei-ra fylke. 83 % svarer at dei i stor eller svært stor grad lærte å bli ein betre dansar og/eller musikar i BD.

47 % (65) av dei 139 respondentane svarte at BD var viktig for at dei dansar folkedans i dag, sjølv om berre 14 % (19) av dei 139 var nyrekrutterte til miljøet.

Me såg også at dei 20 deltakarane som har svart ikkje relevant, og dei 25 som har svart i liten / svært liten grad på spørsmålet, truleg er ei blanding av dei 20 respondentane som ikkje dansar i dag, dei 15 respondentane som svarer som førebilete (tabell 3.1), dei 11 respondentane som var musikarar i prosjektet, og dei 2 respondentane var skodespelarar (tabell 3.2). Me såg også at det er sannsynleg at mange av dei ungdommane som var ein del av ungdomsdansmiljø parallelt med BD, anten har svart nøytralt på spørsmålet om BD sin påverknad på at dei dansar i dag (verken liten eller stor grad), eller i liten / svært liten grad.

## 2. Kva rekrutteringsstrategiar har BD lukkast med?

BD har i mange prosjekt brukt mykje tid på undervisning i skulen, dette for å nå mange ungdommar, og for å la mange ungdommar i fylket bli kjende med folkedansen og folkemusikken i fylket gjennom å delta sjølve i aktiviteten saman med dyktige danseinstruktørar. Av responsen frå alle respondentar ser me at få har blitt rekrutterte inn via skuleturneen. Men for dei 19 nyrekrutterte respondentane var skuleturneen den flest kryssa av på som rekrutterande, tett følgd av oppmoding frå venner. For alle respondentane var venner heilt avgjerande, saman med det dei hadde sett og høyrte om prosjektet. Frå BD si side har me sett at skuleturneen ikkje har vore så rekrutterande i dei seinare åra som han syntest å vera i byrjinga. Vår erfaringsrøynsle er at i mange av prosjekta der det har vore lite barne- og ungdomsaktivitet i fylket, var skuleturneen mindre rekrutterande enn i prosjekta der dei unge har hatt erfaringar frå samtidig eller tidlegare folkedansaktivitet, og det vart lettare for vennene til desse å «kasta» seg med. Ei anna røynsle var at viss ein fekk koma tilbake til dei same skulane fleire gonger, så vart rekrutteringa også lettare. Ungdommane kunne gjennom å møta folkedansen fleire gonger få ei oppleving av å læra ei ferdigheit, ikkje berre ei dansande eingongsoppleving, og dermed tørre å bli med på ein ny aktivitet.

Danseaktiviteten i seg sjølv og det dei hadde høyrte om prosjektet, har vore fengande nok for mange av respondentane til å melda seg på prosjektet. Dette var respondentar kor dei fleste hadde røynsle med folkedansen frå før av. Mange av ungdommane har i kommentarfeltet skrive at dei vart oppmoda om å bli med i prosjektet. Denne oppmodinga har kome både frå instruktørane i prosjektet, frå lærarane på skulen eller frå aktørar i miljøet.

Å rekruttera til prosjektet er ein ting, ein annan er å få til ei varig gruppe av ungdommar som over tid er villige til å bruka og investera mykje tid på folkedansaktivitet. At det er viktig å verta «sett», og at det sosiale danse- og musikkfellesskapet er viktig, vert stadfesta av svarresponsen i undersøkinga. Alle respondentane og alle undergruppene me undersøkte, stadfesta at det sosiale miljøet og stemninga i deltakargruppa var viktigast, tett følgt av at dei fekk moglegheit til å utvikla seg som dansarar, og at instruktørane i prosjektet var viktige. Grunnen til at både dei nyrekrutterte og dei som allereie var ein del av miljøet, vart verande i BD, var at dei opplevde progresjon og meistring i eit

sosialt miljø saman med venner som samla seg om ein aktivitet alle likte å utføra – folkedans og folkemusikk. Me ser her at BD har lukkast med dei dansemetodiske prinsippa som har lege til grunn for danseaktiviteten og danseundervisninga i prosjektet, som presentert i del 2: Aktivitetane ungdommane vart del av i BD, var ei blanding av dansekurs på lokale øvingar og helgesamlingar, samværsdans på kveldstid blant ungdommane sjølve og/eller som del av fellesaktivitet i folkedansmiljøet lokalt i fylket og scenisk arbeid mot midt- og sluttframsyning.

Sjølv om me ikkje spurde direkte i deltakarundersøkinga om kva samverknaden mellom ulike delar av miljøet hadde å seia, har me sett av fleire spørsmål i løpet av drøftinga at samverknad mellom ulike folkedans- og musikkaktivitetar, opplæringsarenaer og tilbod til ungdommane truleg har påverka utbyttet dei fekk av BD. Truleg har det også vore avgjerande for at enkelte vart verande i prosjektet, og at dei har delteke i miljøet etter prosjektslutt.

## 3. Aktiviteten til deltakarane i miljøet etter BD

Svarprosenten viser at 68 % av alle respondentane dansar frå nokre gonger i halvåret eller meir. Om lag halvparten av desse meiner at BD i stor / svært stor grad har vore viktig for dette. For dei aller fleste er folkedansen ein samværsdansaktivitet: på dansegolvet på kappleik, festivalar og festar i lokalmiljøet. Mange deltek også på danseøvingar, kappleik og helgekurs.

Fleire av respondentane har blitt verande og er aktive i sine lokalmiljø i det fylket dei deltok i, 28 % deltek i stor / svært stor grad, medan 23 % har flytta og deltek no i stor / svært stor grad der dei bur. Deltakinga er ikkje berre ein eigen danse- eller musikkaktivitet, men fleire går også på folkemusikk-konsertar og framsyningar, og heile 44 % av respondentane har hatt styreverv lokalt.

BD har i alle fylke hatt størst vekt på lokale bygdedansformer og runddansvariantar i fylket. Halling har vore undervist i alle prosjekt. Av dei 65 som kryssa av for at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, har dei fleste i stor / svært stor grad opplevd at danseopplæringa og danseformene dei lærte, var relevante for vidare utøving, medan dette gjeld for 50 % av alle respondentar. 62 % (40) av dei 65 dansar dansane dei lærte i BD i stor / svært stor grad, medan dette gjeld for 38 % (53) av alle respondentane.

#### 4. BD som talentutviklingsprosjekt

BD sitt mål for kvart ambulerande prosjekt har vore å rekruttera nokre få toppdansarar som vil satsa på dansen som yrkesverksemda si anten som frilansdansarar eller pedagogar. På direkte spørsmål om BD i stor / svært stor grad var viktig for fordjuping i folkemusikk/folkedans etter prosjektslutt, svarte 30 % (41) av totalt 139 respondentar og 51 % (33) av dei 65 som svarte at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag. I kvart prosjekt har minst 2 og maksimum 14 respondentar kryssa av for at BD har vore viktig for at dei valde å fordjupa seg i folkemusikk/folkedans etter prosjektslutt, ved å kryssa av for i stor / svært stor grad.

20 % (28) av dei 139 respondentane har studert eller studerer folkedans. 57 % av alle respondentane i undersøkinga har teke utdanning i dans eller musikk, sjølv om ikkje alle spesifikt har vidd seg til folkemusikken eller folkedansen.



gjennom generasjon etter generasjon har revet seg løs fra hverdagens harde slit for å la seg bli del av de samme melodiene og de samme rytmene, mange på akkurat de samme dansegulvene. For hvis vi ikke tenker over det og bringer det videre, forsvinner en stor del av vår erfaring: Den kroppslige, den nonverbale, kanskje erotiske, kanskje drømmende delen av menneskelivet her nord. Heides film er sånn sett både en vakker, meditativ kunstoplevelse og en viktig historieleksjon.

nokre få toppdansarar i kvart prosjekt som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. 44 % (61) har fått lønn for å vera folkedanslærer/instruktør, og 35 % (49) av alle respondentar har fått lønn for å vera folkedansutøvar. For dei 65 som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, er det 46 % (30) som har fått lønn som folkedanslærer/instruktør, og 43 % (28) som har svart at dei har fått lønn som folkedansutøvar. Heile 27 % (38) av alle dei 139 respondentane svarer at desse jobbane utgjer den samla lønnsinntekta deira i stor eller svært stor grad. For dei 65 som har svart at BD har vore viktig for at dei dansar folkedans i dag, er det 35 % (23) som svarer at dette utgjer den samla lønnsinntekta deira.

Dei nyrekrutterte har også blitt talentutvikla i prosjektet. 58 % (11) av dei 19 nyrekrutterte kryssar av for at dei har studert eller studerer folkedans og/eller folkemusikk, og 58 % (11) av dei 19 nyrekrutterte har fått lønn som folkedansinstruktør (8) og/eller folkemusikkinstruktørar (4). Desse fell inn under målsettinga til BD om å rekruttera nokre toppdansarar som vil satsa på dansen som del av yrkesverksemda si. Av dei 19 respondentane som i undersøkinga har svart at dei vart nyrekrutterte til BD, er heile 32 % (6) fulltids yrkesutøvarar av folkemusikk- og/eller folkedans.

Dei 15 unge utøvarane i deltakarundersøkinga som er under 20 år i 2021, gjev eit lovande bilete av dedikerte dansarar og musikarar der sosial samværsdans dominerer, og der fleirtalet er i ferd med å bli morgondagens formidlarar både i form av undervisning og scenisk utøving.

*Arktisk takt under innspelinga av polsdans frå Stangnes til sluttframføringa, filmen Kalde mønster, 2020. Kalde mønster er noko så skjeldan som ein dansefilm. Foto: Sff*

*I Nordlys meldte journalist Anki Gerhardsen filmen: Dette er altså ikke en brukermanual, en forklarende slik-gjør-du-det-film. Det handler mer om å skape et stort rom for å tenke over alle jentene og guttene, kvinnene og mennene som*

## Refleksjon frå Bygda dansar

Bygda dansar kjenner seg att i kommentaren frå barnelaget i Oslo som avslutta del 1 når det gjeld organisasjonsmangfaldet på lokalt plan med ulike kryssande føremål. I mange prosjekt har samling av miljøet vore naudsynt og kravd mykje krefter og arbeidstid. Derimot har me positive røynsler med lag og område som har jobba godt med barne- og ungdomsarbeid over lang tid. Desse har vore svært nyttige samarbeidspartnarar for Bygda dansar.<sup>97</sup> Me ser at i fylke som har hatt nøkkelpersonar som driv eller dreiv med slikt arbeid, har dette synt igjen i talet på ungdommar som vert dedikerte til prosjektet, og som ønskjer å bli talentutvikla. I desse fylka har det vore lettare å rekruttera nye ungdommar til eit allereie eksisterande miljø. I dei eksisterande miljøa har ungdommane hatt grunnleggjande ferdigheiter i dans og har dermed hatt ferdigheiter å byggja på i talentsatsinga. Bygda dansar har stor måloppnåing i slike fylke. Me ser også at dei same områda/nøkkelpersonane ofte har fått eit fornya engasjement etter at den 3-årige prosjektperioden er over. Desse nøkkelpersonane vore viktige for at ungdomsmiljø blomstra opp også etter at Bygda dansar var ferdig med sin prosjektperiode. I fylke med lite barne- og ungdomsaktivitet har Bygda dansar gjeve eit utgangspunkt for vidare satsing.

BD har i alle fylke ønskt at ungdommane skulle delta i folkedansmiljøet. BD har difor lagt samlingar til og samordna helgesamlingane med arrangement i fylket. BD har også hatt samarbeid med og initiert aktivitet mot til dømes Strunkeveko, Storhelg i Hallingdal, kappleikar og festivalar som Førdefestivalen, Jørn-Hilme-stemnet, Hilmarfestivalen og Kalottspel. Riksscenen har også vore ein samarbeidspartnar for dei fleste BD-prosjekta etter si etablering i 2007. Mange fleire samarbeidspartnarar lokalt burde vore nemnde.<sup>98</sup>

Samarbeidet med dei vidaregåande skulane har vore fantastisk. Me har stort sett møtt velvilje overalt. Den kulturelle skulesekken, DKS, har i fleire prosjekt vore avgjerande for legging av skuleturneane, men BD merkar seg at DKS er svært ulikt organisert i dei ulike fylka.

97 Sjå oversikta over samarbeidspartane i dei ulike prosjektrapportane her: <https://www.folkemusikkogfolkedans.no/bygda-dansar-prosjektrapporter>

98 Sjå oversikta over samarbeidspartane i dei ulike prosjektrapportane her: <https://www.folkemusikkogfolkedans.no/bygda-dansar-prosjektrapporter>

99 BD hadde tidleg røynsler med at skulle ein gje elevane kjensla av å oppleve å ha lært/meistra å dansa ei danseform, og dermed rekruttera til BD og folkedansmiljøet frå skuleturné var det eit føremon å få komma attende til dei same skulane og klasane minimum to gonger. Dette aspektet var vanskeleg dei fleste stadene DKS la skuleturneane for oss.

Enkelte fylke har vore meir velvillige enn andre når det gjeld å vera fleksible overfor BD og folkedansmiljøet.<sup>99</sup>

BD har merka profesjonaliseringa som har skjedd innanfor folkedansen sidan 2001–2021, men også at ho er ulikt komen i dei ulike delane av landet. Me har merka oss at dei profesjonelle regionale ledda har andre forventningar til BD enn dei regionale ledda i dei frivillige organisasjonane. Dette har hatt både positive, men også meir utfordrande sider både for BD, dei frivillige organisasjonane og dei profesjonelle i regionane. Ingen av fylka er derimot like, og det har vore naudsynt å tilpassa seg kvart fylke, deira organisering og deira kultur.

BD har heller ikkje vore lik i møtet med fylka. Sjølv om det i BD-systemet har vore stabiliserande faktorar både i form av prosjektorganisering og personale, har ulike samansetningar av (nye) prosjektmedarbeidarar og prosjektleiarar gjort kvar BD-leiing unik.

Noko synest likevel felles. For det første kjenner me ved Sff oss att i det kulturdepartementet skriv i museumsmeldinga 2021 om det å vera ein kunnskapsinstitusjon innafor kulturarvfeltet. Dei hevdar at det er avgjerande at det finst god kjennskap til det særeigne i dei ulike tradisjonane og regionane lokalt, men at det òg er viktig at denne kunnskapen vert sett inn i ein større samanheng, historisk og kulturelt, og kan utfordra sjølvforståing og skapa nye blikk – å vera berarar av kunnskap om eigen region og lokalsamfunn og utfordrarar av den same kunnskapen og forståinga. Dette er ein balansegang mellom ulike interesser og omsyn som høyrer til det faglege arbeidet (Meld. St. 23, 2020-2021: 54). For det andre, felles for alle medarbeidarane, anten dei hadde lokalt tilhøyr i fylket eller ikkje: Me har alle hatt ein ekte dedikasjon for ungdommane og for formidlinga av danserepertoaret i fylket, som for kvart fylke synest å vera «verdas kulaste danse- og slåttemateriale».

## Referansar

Referansar til informasjon på nettsider er referert til i fotnoter. Nettsider som ikkje er publiserte rapportar og meldingar er ikkje tekne med i oversikta nedanfor.

Aksdal, Bjørn. 2008. Folkemusikk og folkedans i kulturskolen. En undersøkelse av dagens situasjon. Rådet for folkemusikk og folkedans.

Arnestad, Georg. 2001. Men vi skal koma i hug at tradisjonen alltid vert oppløyst og omskapt. Kulturrådet. <https://www.kulturradet.no/vis-publikasjon/-/publikasjon-men-vi-skal-koma-i-hug-arnestad>

Bakka, Egil. 1970 [1994]. Danse, danse, lett utpå foten. Folkedansar og folkesongar. Oslo: Noregs Boklag

Bakka, Egil. 1978a [1989]. Springar, gangar, rull og pols. Hovudliner i eldre norsk folkedanstradisjon. Trondheim: Rådet for folkemusikk og folkedans.

Bakka, Egil. 1978b. Norske dansetradisjonar. Oslo: Samlaget.

Bakka, Egil. 1997. «Kapittel 12: Folkedans». I Breder, Lingjærde, Nordseth og Bakka (red) Dansens teori, 255-283. Oslo: Gyldendal.

Bakka, Egil. 2003. Danseressursar i Sogn og Fjordane. Sff. Upublisert.

Bakka, Egil. 2008. «Til søkjarar om Bygda dansar. Kartleggingsbrev og informasjon om prosjektet.» Sff. Upublisert

Bakka, Egil & Gediminas Karoblis. 2010. «Writing ‘a dance’: Epistemology for dance research». Yearbook for Traditional Music 42: 167-193.

Bjerkem, Johan-Einar. 2013. Dansearven. Utgreiing om folkedans i Noreg på 2000-talet. Rådet for folkemusikk og folkedans, FolkOrg og Noregs ungdomslag. <https://static1.squarespace.com/static/5ab37701aa49a1d3646b7f02/t/5ad5a69b562fa780703a2840/1523951267444/DansearvenWEB.pdf>

Bjørkvold, Jon-Roar. 1989. Det musiske mennesket. Oslo: Freidig forlag

Hjemdal, Anne-Sofie. 2021. Pardans og halling. Evaluering av Bygda dansar. Telemarksforskning: TF-rapport nr. 662.

Karoblis, Bakka, Heide, Stranden, Mæland. 2015. Performer - audience interaction. A potential for dance art? Research Catalogue. An international database for artistic research. <https://www.researchcatalogue.net/view/60494/60495>

Klausen, Aslaug Olette. 2020. Epikrise for folkedansen. Magasinet Folkemusikk: 4/79.

Kløvstad, Jan. 2021. Levande lokalkultur. Noregs Ungdomslag 1996-2021. Under publisering

Kulturdepartementet. 2013. Dans i hele landet – Status, utfordringer og strategier for videre utvikling av profesjonell dans i Norge. [www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kunstavdelingen/rapporter\\_utredninger/strategi\\_dans-i-hele-landet-2013.pdf](http://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kud/kunstavdelingen/rapporter_utredninger/strategi_dans-i-hele-landet-2013.pdf)

Kvarv, Ståle. 2014. Norsk kulturpolitikk i det 20. århundret: Mellom ideologi og pragmatisme. Oslo: Novus Forlag

Meld. St. 8. 2018–2019. Kulturens kraft – Kulturpolitikk for framtida. Regjeringen.no  
<https://www.regjeringen.no/contentassets/9778c28ab1014b789bbb3de0e25e0d85/nn-no/pdfs/st-m201820190008000dddpdfs.pdf>

Meld. St. 18. 2020–2021. Oppleve, skape, dele. Kunst og kultur for, med og av barn og unge. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-18-20202021/id2839455/>

Meld. St. 23. 2020–2021. Musea i samfunnet — Tillit, ting og tid. Det kongelige kulturdepartementet. Sjå: <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/meld.-st.-23-20202021/id2840027/>

Mæland, Siri. 2014. «“Tradisjonsdans som universitetsstudium? Prøveordning med utøvarstudium i tradisjonsdans (2009-2012).»” I Fiskvik og Stranden (red) (Re)Searching the field: Festschrift in honour of Egil Bakka, 91-106. Bergen: Fagbokforlaget

Nielsen, Brede. 1994. Almen Musik-didaktik. København: Christian Ejlers’ Forlag

Nordaker, Dag Jostein. 2009. «“Dans i skolen? En didaktologisk studie av dansens legitimering og innhold i relasjon til den norske grunnskole sett i lys av nasjonale læreplaner, aktuelle fagtidsskrift og kultur-og utdanningspolitiske dokument»”. Ph.D. avhandling, Universitetet i Aarhus.

St.prp. nr. 73. 2005-2006. Om samtykke til ratifikasjon av UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Det kongelige utenriksdepartement. <https://unesco.no/wp-content/uploads/2012/12/UNESCOs-konvensjon-av-2003-om-vern-av-den-immaterielle-kulturarven.pdf>

Strøm, Beate. 2010. Immateriell kulturarv i Norge. En utredning om UNESCOs konvensjon av 17. oktober 2003 om vern av den immaterielle kulturarven. Kulturrådet  
<https://www.kulturradet.no/documents/10157/a12b2499-0e89-4548-96f5-a63bacf843eb>

Sølvberg, Arne. 2014. «Bygda dansar – frå idè til røyndom». I Fiskvik og Stranden (red) (Re)Searching the field: Festschrift in honour of Egil Bakka, 91-106. Bergen: Fagbokforlaget

Sff/Rff-sentret. 2000. «Søknad til Norsk kulturråd om støtte til prosjektet Bygda dansar». Sff. Upublisert

Urup, Sjöberg, Bakka, & Christensen. 1988. Gammaldans i Norden. Nordisk forening for folkedansforskning.

Øverland, Mathilde. 2017. Notat om prosess: Sluttframsyning Bygda dansar Akershus. Sff. Upublisert.

# Vedlegg 2

Generell info			Skuleturneane		Deltakarar og samarbeid			Aktivitatar				
Nr.	Prosjekt	Periode	Tal skular	Tal elevar	Deltakarar innom prosjektet	Samarbeidande nøkkelskular kor elevar deltok	Pedagogar/ instruktørar/ musikere/ koreografar/ unge danseførebile	Tal helgesamlingar	Tal deltakarar helgesamlingar	Tal lokale øvingar	Tal øvingsstader	Danseframvisningar
1	Fjordapuls	2001-2004	8	733	80		21	16	30	181	5	Sogn og Fjordane i tre steg (2002/2003) Meistermøy (2004)
2	Snu nordvest	2004-2007	19	2600	70		10	13	30	200	7	Lykkejegeren (2006) Tru og Utru (2007)
3	Lea de	2007-2010	9	700	100		56	13	30	200	7	Tverrsnitt (2009) Flate steinar er til å sitje på (2010 eksamenførestilling) Flate steinar er til å sitje på (2010)
4	Danseru'	2009-2012	11	1000	100		40	13	30	I etablerte miljø	4	Trøyst (2011) Liti Kjersti (2012)
5	Trø te'	2010-2013	9	1000	33	Inderøy vgs	20	16	Ingen info	Øvinger på Inderøy vgs		Konungs Tafla (2012) Mellom rutene – det første trekket avgjør ofte det siste
6	Egdedans	2011-2014	16	2000	21	Vågsbygd vgs	30	6	Ingen info	Øvinger på Vågsbygd vgs		Halling på Kant (2012) Svartefela (2014)
7	Lek Østa!	2012-2015		1700	55		60	17	frå 10 - 20	23	8	Nå har det hendt! (2014) Skog - et dansedikt (2015)
8	Tiljetakt	2013-2016	6	1200	48		25	12	frå 16 - 29	15	Ingen info	Telesegn med Tiljetakt (2015) Mørkt her endå er i dalen (2016)
9	Akersarv	2014-2017	7	1000	30		27	20	frå 2-21	3	1	Mitt distrikt (2016) Konglomerat (2017)
10	Rogalender	2016-2019	40	5000	31		29	14	frå 3 - 21	15	2	Dansehuset (2018) Sviver i det (2019)
11	Arktisk takt	2017-2020	21	720	76	Harstad Folkehøgskole	12	16	frå 3 til 15	20	3	UKM Arctic og samarbeid mot Russland (2018) KulTur på Målselva Æ e på vei (2019) Kalde mønster (2020)
<b>Sum</b>			<b>146</b>	<b>17653</b>	<b>644</b>		<b>330</b>	<b>156</b>		<b>657</b>	<b>37</b>	



Om framsyningane og koreograf/regissør	Tal framsyningar	Stad/arrangement	Dansar og element frå dansar brukt i framsyningane	Deltakarar og førebilete i framsyningane	Tal publikum
	2	Aulaen på Firda vidaregåande skule, Fylkeskapelleiken i Stryn	Langedans, springar for tre frå Brekke i Sogn, Halling, springar frå Jølster, springar frå Nordfjord, springar frå midtre Sogn, vals, reinlender, polkamasurka, hamborgar, gamalt/gamlespringaren i Nordfjord, Firkantdans frå Hyen, Trekrossedans frå Brekke i Sogn, halling frå Dalsfjorden	34	450
Rytmsk tekstlig teater kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Regissør Leif Stinnerbom	3	Kunsthøgskolen i Oslo, Førde Internasjonale Folkemusikkfestival, Jørn Hilme-stemnet	Ulike hallingformer som sjumannshalling, laus halling og halling frå Dalsfjorden, pariser, masurka, hamborgar, reinlender, springar frå Sogn, Sunnfjordspingar, springar frå Nordfjord, trekrossedans og nikrossedans frå Brekke i Sogn	35	900
	3	Folkkultur festivalen i Trondheim, Innflytterdagen i Molde, Tingvoll	Polsdans fra Todalen, Springar frå Søre Sunnmøre, Springar frå Nordre Sunnmøre, Skorsk, Vals, Romsdalspringar	22	250
Rytmsk tekstlig teater kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Regissør Leif Stinnerbom	2	Molde Internasjonale jazzfestival, Jørn Hilme-stemnet	Polsdans fra Todalen, Springar frå Søre Sunnmøre, Springar frå Nordre Sunnmøre, Skorsk, Vals, Romsdalspringar, Sjumannshalling	35	700
	3	Rudi Gard på Sør-Fron, Folkemusikkveka på Ål, Jørn Hilme-stemnet	Halling, Springar fra Valdres, Springleik fra Lom og Skjåk, Masurka, Langedans, reinlender, vals	39	
	5	Dansens hus i Oslo	Halling, Springar fra Valdres, Springleik fra Lom og Skjåk, Masurka, Langedans, reinlender, vals	13	
Samtidsdans – og musikk kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Koreograf Sigurd Johan Heide	2	Folkedansfestivalen i Bergen, Jørn Hilme-stemnet på Fagernes	Halling, springar fra Valdres, Springleik fra Lom og Skjåk, Masurka, Langedans, reinlender, vals	26	1600
	1	Folkemusikkveka på Ål	Springdans frå Lier, reinlender frå Nore og Uvdal, polka med ulike lokale variantar frå heile fylket, halling, springar frå Numedal, gangar frå Numedal, springar frå Hallingdal med ulike lokale variantar frå heile dalen, springar frå Sigdal, ein variant av reinlender frå Svene, stegaren frå Svene, vals, masurka frå Sigdal	21	140
Syngespill – og musikal kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Regissør Leif Stinnerbom	4	Riksscenen i Oslo, Folkemusikkveka på Ål i Ål kulturhus, Landekapelleiken på Otta i kulturhuset, Jørn Hilme-stemnet i Fagernes kulturhus		26	1041
	2	NORLEK på Steinkjer, Hilmarfestivalen		11	80
Samtidskoreografi basert på sjakk kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Koreograf Sigurd Johan Heide	3	Inderøy Kulturhus, Dampsaga Kulturhus i Steinkjer, Riksscenen i Oslo	Innherredspols, meråkerpols, flaks fra Verdal, Stakkars Per, fiksevals, reinlender, polka, vals, Seierstad-hopsa, fandango og hopser fra Ogndales, halling, sving som som har vært mye brukt i Leierne, "Ein liten fuggel"	30	253
	1	Kilden kulturhus i Kristiansand	Ulike hallingformer som halling fra Vest-Agder og Sirdal og laus halling, lettisk polka, springpolka, reinlender, sju vakre jenter, slinkkompass	12	
Koreografi og tekst kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Regissør Jimmy Meurling og koreograf Torill Steinjord	2	Kilden teater- og konserthus i Kristiansand, Riksscenen i Oslo	Ulike hallingformer som halling fra Vest-Agder og Sirdal og laus halling, vals, marsj, slinkkompass, tretur, sangleiken "Bytta kjerring", springedans frå Fjotland, reinlender frå Hidra	10	200
	3	Løten Kino, Tynset Kulturhus, Prøysenhuset	Wienerkyrssi fra Follidal, rundom, halling, oksdans, ulike masurkaformer fra Hedmark, ulike reinlenderformer fra Hedmark, ulike polkaformer fra Hedmark, pols fra Østerdalen, vals	13	180
Koreografi inspirert av tekst og bilete basert på lokal folkedans og folkemusikk. Indra Lorentzen, koreograf og regissør	2	Riksscenen i Oslo, Volumfestivalen i Elverum	Polsdans fra Finnskogen, runnom, ulike polkaformer fra Hedmark, halling, ulike masurka-varianter fra Hedmark, reinlender, ulike valsevarianter fra Hedmark	11	161
	3	Telemarkfestivalen på Gullbring i Bø, Vinjehuset i Åmot	Springar frå Vest Telemark, halling, gangar frå Tinn, tremannsdans (springar), skotsking	24	323
Koreografi med sang og tekst basert på lokal folkedans og folkemusikk. Hæge Manheim og Stian Roland, koreograf og regissør for framsyninga,	2	Riksscenen i Oslo, Telemarkfestivalen på Gullbring i Bø	Telespringar, telegangar, springar frå Vest-Telemark, gangar frå Tinn, springar frå Tinn, skotsking, springar frå Drangedal og Nissedal, reinlender, vals, halling frå Edland, halling (laus)	27	367
	2	Kråkstad samfunnshus i Kråkstad i Ski	Reinlender, halling, springdans, charleston, tango, ril	14	175
Samtidskoreografi basert på lokal folkedans og folkemusikk. kunstnerisk ansvar: Trine Sjølyst og Mathilde Øverland kunstnerisk veiledning: Rom for dans: Caroline Nesse og Marius Kjos	3	Bærum Kulturhus i Sandvika	Springdans fra Aurskog-Høland, firetur fra Romerike, åttetur fra Asker, halling fra Bygdøy, Sjess fra Ski, reinlender fra Aurskog-Høland	17	140
	4	BUL Stavanger - Siddis-stova	Halling, springar frå Suldal, trimasurka, hoppsar, pariser frå Sauda, vals, Åttapardansen	10	72
Samtidskoreografi med videografiske element basert på lokal folkedans og folkemusikk. Koreograf Ingeleiv Berstad	3	RAS - Sandnes Kulturhus, Kulturhuset i Suldal, Riksscenen i Oslo	Masurka, halling, reinlender, springar fra Suldal, vals, Åttapardansen, parhalling fra Suldal	9	335
	2	Kalottspel, Pinega og Leshokonsk i Arkhangelsk	Russiske og norske folkedansar, reinlender, polsdans frå Stangnes, ril frå Nordkjosbotn	4	700
	2	Kalottspel - KulTur på Målselva	Halling, polsdans, senjapols	8	180
	1	Kalottspel - Gymsalen på Mellemygd kultur	Kjerringa med staven, langedans, hallingelement, fingerpolka frå Tamokdalen, polsdans frå Stangnes på Senja, ril frå Nordkjosbotn, Sjutrørar, senjapols, vals	10	130
Dansefilm, folkedanskoreografi og samtidsmusikk kombinert med lokal folkedans og folkemusikk. Koreograf Sigurd Johan Heide	8	Harstad Kino, Istindportalen i Målselv, Nordland akademi for kunst og vitenskap, Dansefest Barents, Osafestivalen, Amiff Filmfestival i Harstad, Harstad kino (ønskereprise etter Amiff), Riksscenen i Oslo	Senjapols, polsdans frå Stangnes, ril frå Nordkjosbotn, parisar, Sjutrørar, Kjerringa med staven, langedans, fingerpolka frå Tamokdalen	+ (18 gjestedansa	300
	<b>57</b>			<b>443</b>	<b>8067</b>

## Vedlegg 3

### SMÅTT er godt

#### Tankar om Fjordapuls

Folkedansen er i krise, vi må tenkja nytt! Fjordapuls er eit pilotprosjekt - eit prøveprosjekt. Vi skal læra av å eksperimentera med arbeidsmåtar, strukturar og idear på alle plan for å kunna gjera nyvinningar.

Mykje av det vi prøver kan visa seg å vera mislukka, men får vi fram eitt eller anna som verkeleg er nytt og vellukka, kan eit forsøksprosjektet med overvekt av mislukka forsøk likevel som heilskap reknast som vellukka.

Vi ser folkedans som ei disiplinert gruppe på minst 8-10 par, og vi forhold oss til gruppa som ei blokk. Vi er opplærde til ikkje å sjå individa i gruppa i særleg stor grad. Det er korleis gruppa ser ut som heilskap som tel mest, dei individuelle prestasjonane blir liksom mindre viktige.

*Kanskje er det viktigaste vi no kan gjera å ganske konsekvent venda blikket vårt frå gruppa til individet.*

Vi skal læra Anne på 16 år å dansa, - og så Per, - og så Lise, - og så Astrid. Vi må interessera oss for kvar einskild av dei, læra dei å kjenna. Anne kan godt læra ein masse dans på ein kveld der ho er åleine med instruktøren, eller der det møter berre 2-3 i alt. Sannsynlegvis kan ho læra meir ein slik kveld enn ein kveld der det er 20-30 som møter.

*Kvifor skal vi det?*

- Læring på gamlemåten er eit honnøruttrykk i dag. Det står nett for læreprosessar der individet var i sentrum, lærde litt av vener, såg god dans, prøvde med gode dansarar, fekk litt uformell rettleiing og hjelp kanskje.
- Vi har meir enn nok av røynsle med læring i store grupper innafor folkedansarbeidet. Skal vi prøva nye tilnærmingar er individuell undervisning, samarbeidslæring og elevar som tek ansvar for eiga læring nett slikt som ikkje er prøvd.
- Vi ser heilt tydeleg at vi i alle fall ikkje førebels vil få til lokale øvingar der eit stort tal deltakarar møter opp fast til kvar øving. Hvis vi ser på dette som eit nederlag, kan vi leggja ned Fjordapuls straks. Utfordringa vår blir å ta som gitt og uproblematisk at vi skal arbeida med små grupper lokalt, at vi skal arbeida med individuelle læringsprosessar der ikkje kvar deltakar går like fort fram. Slik kan den trugne slitaren som ikkje lærer så raskt kanhende halda tritt med den som tek allting lett fordi den eine øver sjeldan og den andre ofte.
- Med eit læringsopplegg der individet står i sentrum kan det individuelle særpreget oppmuntrast og utviklast. Læreprossessen kan blir meir effektiv for den einskilde, jamvel om vi ikkje får lært opp så mange på same tid.

Så blir spørsmålet: Kan vi finna arbeidsmåtar, ein sosial tone og ei form som gjer ei øving med ned til 2-3 elevar like morosam og spennande som øving i store grupper?

Kanskje er viktigaste svaret at om den enkelte deltakaren kjenner seg sett og omfatta med interesse, så blir slike øvingar kanskje like spennande, om enn på ein annan måte.

# Vedlegg 4

## BDs dansestrategiske mål (generelt):



### Tips:

- Ha ein langsiktig plan og strategi for danse- og musikkarbeidet
- Den lokale danse- og musikktradisjonen i fylket i si tradisjonelle from med god folkeleg teknikk og stil er utgangspunktet for ALL undervisning, og ALT scenisk arbeid!
- INDIVIDET i sentrum = PERSONLEG kontakt

## Grovt skissert plan for danse- og musikkfagarbeidet i BD:

### 1. året: Rekruttering og etablering

- Rekruttering: Kva for dansar? Lokale spelmenn? Kva for slåttar? Kor? Kven?
- Helgesamlingar: Kva for dansar? Lokale spelmenn? Kva for slåttar? Kor? Kven?
- Etablering av lokale øvingar: Kva for dansar? Lokale spelmenn? Kva for slåttar? Kor? Kven? (BD Akershus dansefaglege mål 1. året: Å finna fram til dansen. Sjå heile rommet.)

### 2. året: Tradisjon (og midtframsyning)

- Arbeid med tradisjonsmaterialet: Danse- og musikkanalysar i samarbeid med Sff og lokalmiljøet. Kva materiale vel ein ut? På kva for grunnlag?
- Midtframsyning (tradisjonen i sentrum): Kva ungdommar har ein med? Kva tradisjonsmateriale (musikk/dans) eignar seg? Kva ressursar treng ein utanfrå?

### 3. året: Sluttframsyning.

- Sluttframsyning (tradisjonsdansen som dansekunst i sentrum)

## Kva dansar vert prioriterte når?

Rekrutteringsturne:	Helgesamlingar:	Analyseprioritet	Midtframsyning	Sluttframsyning

Korleis undervisa i desse dansane for nybyrjarar, for å få ein godt etablert dans, og for å oppnå kunstnarisk kvalitet i dansinga si? Laga plan for dette.

## Dansefaglege mål for ungdommane frå nybyrjarstadiet til midtframsyninga, til sluttframsyninga

Mål etc.:	1. året	2. året	3. året
Sosialt/ensemble:			
Koordinasjon/teknikk:			
Dansikalske mål:			
Sceniske/ kunstnariske mål:			

(BD Akershus dansefaglege mål for ungdommane:

1. året: Å finna fram til dansen. Vera i rommet 2. året: soloar i dans. 3. året: Å vera eit ensemble.)

### **Kva ressursar ligg hos BDs prosjektleiing og ved senteret for å nå måla?**

### **Kven andre hjelper oss med å nå måla, på kva måte?**

Kva er dei lokale instruktørane si hovudoppgåve? Kven bør dei vera?

Treng vi nasjonale folkedansinstruktørar med oss?

Treng vi unge førebilete?

Kva for scenepersonale osv.?

© Siri Mæland



FJORDAPULS ER EIT DANSEPROSJEKT FOR UNGDOM I SOGN OG FJORDANE.  
DET SKAL ARBEIDA MED TRADISJONSDANS/FOLKEDANS, MEN SVEIPER INNOM ANNAN DANS.  
DET STARTAR NO, HAUSTEN 2001 OG ARBEIDER I OMLAG 3 ÅR FRAMOVER.  
DET SKAL REKRUTTERA 100 UNGDOMAR I ALDERSGRUPPA SOM SVARAR OMLAG TIL VIDAREGÅANDE SKULE.  
ALLE FÅR AVANSERT DANSEUNDERVISNING OG FAR DELTA I SPENNANDE SAMLINGAR OG PROSJEKT.  
DEI SOM SATSAR MEST FÅR PLESS I EIT ENSEMBLE PÅ KRING 30 SOM UTVIKLAR SCENEPGRAM.

med  
fjordapuls

Meir informasjon hos  
Siri Mæland tlf. 73 59 65 72 / Arne Sølvberg tlf. 57 87 56 15  
Heimeside: <http://www.hf.ntnu.no/rff/fjordapuls.html>

dans!

